



# Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Randaberg, den grønne landsbyen

Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Randaberg

Studiepoeng 60

Ingrid Anne Christine Doublet

05/2015.

## Abstract

This sociolinguistic research deals with variation and change in speech in Randaberg, Rogaland, and is based on the material I collected in 2013/14.

There is a probability that Stavanger, Randaberg's neighboring city, has acquired the position as regional center in South-Rogaland. Due to this, I have attempted to find out whether new linguistic features in the Randaberg dialect correlate with linguistic features which are already established, or advancing, in Stavanger. To establish whether a regionalization has taken place, I have interviewed 24 random informants and identified their usage of older and newer language traits, comparing these to the findings by Gabrielsen (1984) and Aasen (2011) in the Stavanger dialect. In order to study variation and change, I have divided the informants into three age groups; old, middle-aged and young (10<sup>th</sup> graders), equally divided between the sexes. In my research I have examined ten linguistic variables and systematized the informants' usage of the different variables according to sex, age and education. I have commented on the results of the single variables before I tested them collectively against my six hypotheses.

My research shows that the linguistic features of speech which are already established or which are advancing in Stavanger are also advancing in Randaberg. Furthermore, young people used the traditional forms only to a small degree. By this one may conclude that the local linguistic speech features are disappearing in favor of linguistic speech features from the larger town, and regional center, Stavanger. Even though the old language features may disappear, my research shows a variety in speech because the old forms are still used by the eldest and by some of the middle-aged.

Some of the changes that I found could be explained as grammatical/structural simplifications. The fact that my young informants did not use *d/* for *ll* is such a simplification, as well as the change in the conjugation of plural nouns (both masculine and feminine). However, the dominant force behind this change process is probably the contact with the regional center Stavanger. This societal force of linguistic change is also discussed in this thesis.

## Føreord

Eg må først og fremst takka Helge Sandøy for inspirerende og grundig rettleiing. I tillegg til det faglege har han lært meg nyttige verktøy på data som har vore til god hjelp i oppgåveskrivinga Takk! Ei anna som har vore svært viktig for meg i arbeidet og som fortener ein stor takk, er Bente Selback. Ho har med stor tålmod vist meg korleis me transkriberer og brukar *Talebanken*. Eg må òg takka Kjartan og John Magne for å ha lese korrektur og Randi for hjelpa til å skriva samandraget på engelsk.

Elles må eg takka dei to jentene mine som har vore engasjert og klare til innsats dei gongene eg sat fast med dataproblem. Ein takk til Kari og mora mi for oppmuntringa undervegs.

Til slutt ein takk til ein som ikkje er her lenger.

## Innhold

Føreord.....	3
1 Innleiing.....	9
1.1 Problemstilling.....	9
2 Kort om Randaberg.....	10
2.1 Kort historikk.....	11
2.2 Skule og utdanning.....	12
2.3 Folketal og busetnad.....	12
2.4 Sysselsetting.....	14
2.4.1 Tilsette i jordbruket.....	14
2.4.2 Sysselsette og pendling.....	15
2.5 Kulturliv i Randaberg.....	16
2.6 Målform i Randaberg.....	17
2.7. Kommunesamanslåinga. Kva skjer med bygda?.....	17
2.8 Randabergdialekten.....	18
2.8.1 Talemålet i Randaberg.....	18
2.8.2 Grammatikkskisse.....	18
2.8.3 Foneminventar.....	19
2.8.3.1 Vokalfonema.....	19
2.8.3.2 Konsonantfonema.....	20
2.8.4 Fonologiske reglar.....	20
2.8.5 Morfologi.....	21

2.8.5.1 Substantiv .....	21
2.8.5.2. Verb.....	24
2.8.6 Personlege pronomer .....	25
2.8.7 Variablane: .....	25
Variabel 1: Blaute og harde konsonantar (leksikalsk variabel) .....	25
Variabel 2: Infinitivsmorfemet (morfologisk variabel) .....	26
Variabel 3: Sementering II > dl (leksikalsk variabel) .....	26
Variabel 4: Sj-lyden og kj-lyden (fonologisk variabel) .....	26
Variabel 5: Hokjønn bunden form eintal (morfologisk variabel) .....	27
Variabel 6: Hokjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle er-klassen (morfologisk variabel) .....	27
Variabel 7: Hokjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (morfologisk variabel) .....	27
Variabel 8: Hankjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (morfologisk variabel) .....	27
Variabel 9: Hankjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle er-klassen (morfologisk variabel) .....	27
Variabel 10: Hankjønn bunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (morfologisk variabel) .....	28
3 Teori .....	29
3.1 Innleiing .....	29
3.2 Sosiolingvistik .....	29
3.3 Språk.....	30
3.3.1 Dialekt (geolekt), sosiolekt, idiolekt, regiolekt /regionale talemål.....	31
3.4 Språk, identitet og tilpassing .....	31
3.5 Språksamfunn.....	33

3.6 Språkhaldningar.....	35
3.7 Spreiing og endring .....	36
3.8 Språkleg variasjon .....	39
3.9.1 Kjønn.....	39
3.9.2 Alder.....	40
3.10. Ulike faktorar som kan føra til språkendring .....	40
3.10.1 Indre faktorar.....	40
3.10.2 Ytre faktorar .....	42
3.11 Hypotesar .....	43
3.11.1: Hypotese 1.....	43
3.11.2 Hypotese 2:.....	44
3.11.3 Hypotese 3.....	44
3.11.4 Hypotese 4.....	44
3.11.5 Hypotese 5.....	45
3.11.6 Hypotese 6.....	45
4 Metode .....	46
4.1 Kvantitativ metode.....	46
4.2 Kvalitativ metode .....	47
4.3 Komparative metode.....	48
4.4. Tilsynelatande og verkeleg tid. Språkleg endring eller språkleg variasjon?.....	48
4.5 Val av metode? .....	49
4.5.1 Dei sosiale variablane.....	50

4.5.3 Kjønn.....	50
4.5.4 Utdanning.....	50
4.6 Informantar .....	51
4.6.2.1 Dei yngste informantane.....	52
4.6.2.2 Dei vaksne informantane .....	53
4.6.2.2.1 Dei eldste informantane.....	53
4.6.2.2.2 Dei middelaldrande .....	54
4.6.2.3 Spegjar informantane bygda Randaberg?.....	54
4.7. Korleis skal eg henta inn data?.....	54
4.7.1 Intervjua .....	56
4.7.3 Normalisering, knot, overdriven dialektbruk eller naturleg tale?.....	57
4.8 Behandlinga av materialet .....	58
5 Presentasjon av resultatata .....	59
5.1 Signifikans.....	59
5.2 Tabellane med kommentarar.....	60
Variabel 1: Stemte og ustemte plosivar .....	60
Variabel 2: Infinitivmorfemet.....	65
Variabel 3: Segmentering ll>dl .....	70
Variabel 4: Kj-lyden .....	73
Variabel 5: Hokjønn bunden form eintal.....	77
Variabel 6: Hokjønn ubunden for m fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen .....	82
Variabel 7: Hokjønn ubunden form fleirtal av er-klassen .....	83
Variabel 8: Hankjønn ubunden form fleirtal av ar-klassen .....	88
Variabel 9: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse .....	92

Variabel 10: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klassen .....	95
6. Drøfting av hypotesane .....	101
Hypotese 1 .....	101
Hypotese 2 .....	105
Hypotese 3 .....	108
Hypotese 4 .....	111
Hypotese 5 .....	113
Hypotese 6 .....	116
7 Konklusjon .....	118
7.1 Vidare forskning .....	119
Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring .....	125
Vedlegg 2: Samtalegaid for Randaberg og bakgrunnsopplysningar .....	127
Vedlegg 3: Alle resultata på individnivå .....	135



# 1 Innleiing

Målet med denne oppgåva er å foreta ei sociolingvistisk undersøking av talemålet i Randaberg kommune. Etter å ha jobba i kommunen i mange år og vore busett i Stavanger, nabobyen, merka eg at nokre av dei gamle uttrykka og formene blei mindre bruka. Eg bestemte meg for å studera språkleg variasjon og endring i randabergdialekten og sjå om dei endringane ein har funne i talemålet i Stavanger, har spreidd seg til Randaberg.

## 1.1 Problemstilling

Som nabokommune til det regionale senteret i Sør-Rogaland, er det ikkje unaturleg om talemålet blir farga av talemålet i storbyen (jf. 3.7). Eg vil derfor ha som ei hovudproblemstilling:

- 1 *Er dialektendringane i Randaberg del av eit regionalt mønster der Stavanger er hovudpåverknadskjelda?*

Ved å samanlikna dei nye formene og endringane i randabergdialekten med etablerte og nyare former som Berntsen og Larsen(1925), Gabrielsen(1984) og Aasen (2011) fann i stavangerdialekten, skal eg finna svar på problemstillinga.

Vidare er eg interessert i å finna ut kor langt regionaliseringa har gått. Er randabergdialekten nivellert bort? Som ei underordna problemstilling har eg følgjande problemstilling:

- 2 *Er randabergdialekten ein eigen dialekt, eller snakkar innbyggjarane stavangersk?*

For å finna svar på denne problemstillinga vil eg sjå om dei gamle formene framleis er i bruk blant randabergbuane. Det vil då vera interessant å sjå om det berre er dei eldre som brukar dei gamle formene, eller om desse formene framleis er levande blant dei yngre informantane.

## 2 Kort om Randaberg

Figur 1: Omrisskart over Randaberg



Dei nordlegaste åtte kilometrane av Jæren er Randaberg kommune. Han stikk som ein spiss ut i Boknafjorden og grensar i hovudsak mot sjøen. Der grensar kommunen mot Rennesøy i nordaust, Kvitsøy kommune i nordvest, mot Sola kommune i søraust og mot Stavanger i sør. Det er berre mot Stavanger Randaberg har landgrense på fastlandet. Kommunen er på berre 24 kvadratkilometer (Lindanger,1996) og er dermed den minste landkommunen i Noreg. Sirka 65 % av arealet i kommunen er dyrka landbruksjord.<sup>1</sup>

Per 01.01.2014 budde det 10 416 personar i Randaberg.<sup>2</sup> Bygda, som ligg i Rogaland, er delt inn i ”grender”. Lengst nord ligg Tunge og Sande, og litt lenger sør ligg Randaberg. Vidare har ein Todnem, Grødem, Dusavik og Harestad som ligg lenger aust i bygda. Mot havet i vest ligg Viste, Vistnes, Vistvik og Bø. Elles har ein grendene Rygg, Sentrum og Goa, Håland og Leikvold.

---

<sup>1</sup> (<http://www.randaberg.kommune.no/Randaberg-sin-historie/Miljoside/>)

<sup>2</sup> (<http://www.randaberg.kommune.no/en/Randaberg-sin-historie/>).

Figur 2: Kart over Randaberg og "grendene" i bygda<sup>3</sup>



## 2.1 Kort historikk

Ein kan finna spor etter busetnad i Randaberg frå 6000 f.Kr. Den mest kjente er Svarthola eller Vistehola, som ho blir kalla (Lindanger 1988. s.12). Ut frå historiske funn trur ein at det budde sirka 500 menneske i bygda kring 500 e. Kr. I middelalderen blei bygda nærast avfolka blant anna på grunn av pestar. I 1520 budde sirka 100 menneske i Randaberg mot det firdoble i 1349 (Lindanger, 1988, s.64). Sidan steig folketalet jamn og trutt til det igjen nådde 500 i 1825 (Lindanger, 1988, s. 27). Sirka hundre år etter er talet oppe i 1252 innbyggjarar, medan det i dag altså er over 10 000 som bur i bygda.

Då grunnlova blei utforma i 1814, var det ingen rammer for lokalstyre, men ein fekk med tida ein lovkomité som arbeidde ut formannskapslovene av 1837. Dermed fekk ein eit visst lokalstyre. Inndelinga av kommunane tok utgangspunkt i prestegjeldsgrensene. Dette førte til at Randaberg etter 1837 blei ein del av Hetland kommune. Denne sameksistensen varte fram til 1922 då Randaberg blei ein eigen kommune (Erslund, 2008, s 144-145). I heile denne perioden hadde Randaberg eige soknestyre, og dessutan hadde dei to av formannsplassane og seks representantar i Hetland kommunestyre (Lindanger, 1988, s. 550).

---

<sup>3</sup> <http://geoinnsyn.nois.no/SMART/?project=Randaberg>

Randaberg er ein jordbrukskommune, og opp gjennom tidene har randabergbuen livnært seg på gardsbruk og fiske. Tidlegpotetar har vore eit varemerke for bygda, og i mellomkrigsåra tok dyrking av grønsaker seg kraftig opp, medan det tidlegare helst var korn som blei produsert. Eggproduksjon har også vore ei viktig inntektskjelde for randabergbuane (Erslund, 2008, s.150-151).

Stavanger var ein viktig marknadsplass for jordbruksprodukt frå Randaberg, og anten om dei reiste sjøvegen eller langs landevegen, reiste randabergbuen mot Stavanger kvar laurdag (Lindanger 1988, s. 277). På 1800-talet bygde ein ein veg til Stavanger og for å gjera det lettare for dei som budde lengst frå byen, blei det bygd fleire bygdevegar som enda i Sentrum. I Sentrum stod kyrkja ferdig i 1845, og innan 1900 hadde dei også bygd fast skule, klokkargard og forsamlingshus <sup>4</sup>

## 2.2 Skule og utdanning

Der er tre kombinerte barne- og ungdomsskular i Randaberg. Det er Grødem, Harestad og Goa. I 1984 fekk bygda ein kombinert vidaregåande skule, Randaberg vidaregåande skule. Han ligg i Dusavika rett ved grensa til Stavanger. I *Kultursoga frå 1945 til 1996* skriv Lindanger at i skuleåret 1972/1973 pendla sirka 200 skuleungdommar til skular i byen (Lindanger, 1996, s. 280). Då Randaberg vidaregåande skule stod ferdig, viste det seg at skulen fekk problem med å vinna prestisje blant bygdeungdommen, og mange randabergungdommar søkte seg heller til dei meir kjente skulane i Stavanger (Lindanger, 1996, s.281). Framleis reiser mange ungdommar frå Randaberg til byen for å gå på vidaregåande skule.

## 2.3 Folketal og busetnad

Rett etter den andre verdskrigen var det få tettstader i Randaberg kommune. Det var stort sett berre Sentrum og Dusavika. Oppgjennom 50- åra blei det sett opp ei rekkje hus i Randaberg, men den stor utbygginga starta for fullt i 1960- åra. I midten av 60 –åra blei eit stort område

---

<sup>4</sup> <http://www.randaberg.kommune.no/no/Randaberg-sin-historie/Historien/>.


på Varhei på Goa selt til to byggmeistrar. Dei tilbød seg å kjøpa det av kommunen, men det ville ikkje politikarane fordi dei frykta høge kostnader og problem med å få tomtene selde fordi dei låg avsides. Dei private aktørane marknadsførte prosjektet som "Viste Hageby" i staden for Varhei. Salet gjekk godt, og i 1970 budde 11 % av alle i bygda på feltet. Dei fleste som budde i Viste Hageby, var frå byen og pendla til Stavanger (Lindanger, 1996).

Då kommunane Madla og Hetland i 1965 gjekk inn i Stavanger, kom Randaberg nærare Stavanger ved at kommunen fekk ei grense direkte til byen. Samtidig gjorde oljealderen inntoget sitt i Randaberg då ein base blei etablert i Dusavika i 1965. I perioden frå 1965 til 1970 kan ein sjå ein stor auke i folketalet i Randaberg med 3294 i 1965 til 4533 i 1970 (Ersland, 2008). Auken i folketalet bekymra politikarane i Randaberg, og ei av dei viktigaste årsakene var omsynet til jordvernet. Derfor blei det bestemt at ein skulle leggja fram tre kommunale byggjefelt konsentrert i områda Sentrum, Goa og Grødem. Politikarane bestemte også at dei som var knytt til bygda, skulle få busetja seg i dei kommunale felta. Krava for å koma på søkjarlista var at ein hadde budd eller arbeid i kommunen i minst fem år, men dei som hadde vakse opp eller budd meir enn ti år i kommunen, blei prioritert. Dette førte til at dei fleste som flytta inn i dei nye bustadene, hadde slekt i bygda (Lindanger, 1996).

Då dei i 1968 lyste ut 32 ledige tomter i Sentrum, var det 40 % utanfrå bygda som søkte. Berre seks utan røter i bygda fekk tomt. I Dusavika og Grødem derimot kom nybyggjarane i hovudsak frå Stavanger. Dei fleste som budde der, hadde arbeid i byen og var ikkje knytt til jordbruk i det heile tatt. Eit anna kommunalt byggjefelt som blei sett i gang, var Dalen (Lindanger, 1996).

Folketalet i Randaberg har vakse jamt og trutt dei siste 60 åra. Randaberg har gått frå å vera ei lita bygd på ca. 2000 innbyggjarar til ei bygd med over 10 000 innbyggjarar. Sjå figur 3.

Figur 3: Kurve som viser folketalet i bygda frå 1950-2014



5

## 2.4 Sysselsetting

Utover i 1960-åra blei fleire og fleire deltidsbønder i bygda. Det var mange jobbar på Nord-Jæren, og mange kombinerte anna arbeid med gardsdrift, eller dei forpakta bort jorda. I 1990-åra var 30–40 % av den dyrka jorda forpakta bort (Lindanger, 1996, s. 132). Næringslivet i kommunen blei òg meir mangfaldig etter 1965. Industri i Merkjavik og Dusavika, som i stor grad var bedrifter knytt til oljeindustrien, blei etablert der. Mange randabergbuar tok seg jobb i Nordsjøen. På grunn av det aukande folketalet blei kommunen også ein relativt stor arbeidsgjevar (Ersland, 2008, s.159).

### 2.4.1 Tilsette i jordbruket

I 1950-åra, då dei eldste informantane mine voks opp, arbeidde over 50 % av dei yrkesaktive i bygda i jordbruket. Ti år seinare var det berre litt over 25 % som arbeidde innanfor

---

<sup>5</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/befolkning\\_01r.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/befolkning_01r.html)

jordbruket, medan det i 1990 var berre ca. 10 % (Lindanger,1996, s. 379). Tal frå 2013 viser at det berre er 2,4 % av dei tilsette som arbeider i primærnæringa (<sup>6</sup>).

#### 2.4.2 Sysselsette og pendling

Sjølv om mange randbergbuar jobbar i bygda, er det mange som pendlar til nabokommunane. I 1970-åra hadde ca 41 % av dei yrkesaktive jobb i heimbygda, medan i 1990 var det berre 28 % som hadde arbeidsstaden sin i bygda (Lindanger, 1996, s 370).

Men det er også mange som pendlar til bygda. Eg har berre tatt med dei som pendlar frå Stavanger sidan oppgåva mi er om Stavanger som påverknadskjelde for talemålsending i Randaberg. Som ein kan sjå i tabellen nedanfor, er det over tusen personar som pendlar frå Stavanger til Randaberg(<sup>7</sup> og Ersland, 2008, s. 175).

**Tabell 1: Talet på pendlarar frå Stavanger til Randaberg i periode 2000-2013**

Busett i Stavanger og arbeider i Randaberg	
Årstal	Pendlarar
2000	978
2002	869
2004	898
2006	1245
2008	1343
2009	1387
2010	1331
2011	1362
2012	1212
2013	1180

I tabell 1 ser ein at talet på pendlarar frå Stavanger er litt dalande dei siste åra etter ei jamn stiging frå 2000 og fram til 2009, men det er framleis godt over 1000 personar som pendlar til bygda.

---

<sup>6</sup> [http://www.kommuneprofilen.no/Profil/Sysselsetting/DinRegion/syss\\_struktur\\_region.aspx](http://www.kommuneprofilen.no/Profil/Sysselsetting/DinRegion/syss_struktur_region.aspx)

<sup>7</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid\\_05r.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid_05r.html)

Tabell 2: Talet på pendlarar frå Randaberg til Stavanger i perioden 2000-2013

Busett i Randaberg og arbeider i Stavanger	
Årstal	Pendlarar
2000	2175
2002	2238
2004	2102
2008	2436
2009	2342
2010	2323
2011	2380
2012	2476
2013	2452

I tabell 2 ser ein at talet på pendlarar frå Randaberg held seg stort sett jamt, men det har vore ei svak auke frå 2000 og fram til i dag (<sup>8</sup> og Ersland, 2008, s. 175).

## 2.5 Kulturliv i Randaberg

Randaberg har både bibliotek, samfunnshus, idrettshall og frivillighetssentral. Der er kulturskule og mange ulike foreiningar. Saman med kommunane Rennesøy, Kvitsøy og Finnøy har Randaberg ei partipolitisk uavhengig lokalavis som kjem ut kvar veke i eit opplag på sirka 4000.<sup>9</sup>

I 1989 blei historielaget i Randaberg stifta. Dei er opptekne av lokalhistorie, kulturminne, og dei har vandringar i bygda kvar vår og haust.<sup>10</sup>

Foreiningslivet i Randaberg har lange tradisjonar. Då Ersland intervjuar ei eldre dame frå bygda, kunne ho fortelja at bestemora og ho sjølv hadde vore aktive i ulike foreiningar. Mange av kvinnene i bygda stilte ikkje opp som kandidatar til kommuneval, men dei engasjerte seg i å hjelpa andre, og mange støtta misjonsorganisasjonane som dreiv arbeid på bedehuset (Ersland, 2008, s.260).

---

<sup>8</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid\\_05r.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid_05r.html)

<sup>9</sup> <http://www.bygdebladet.no/index.php?page=omoss>

<sup>10</sup> <https://randaberghistorielag.wordpress.com/about/>



I Randaberg har dei satsa på idrett, og 12.1.2012 blei hallen Randaberg Arena opna. Hallen er eit resultat av eit interkommunalt samarbeid mellom Stavanger, Sola, Sandnes og Randaberg. I denne hallen er det fotballbane med internasjonale mål. Men hallen blir ikkje berre bruka til idrettsarrangement. Informantane mine kunne fortelja at 17. maitoget nå gjekk til Arenaen der det var leiker og sal av is og pølser.

Randaberg er i tillegg til salaten og persilla kjent for dei mange sjåverdigheitene i sine. Kommunen har fått registrert 398 kulturminne. Av dei er 79 freda kulturminne frå før 1537. Vistehola er nok det mest kjente av dei.<sup>11</sup>

## 2.6 Målform i Randaberg

Randaberg kommune hadde fram til 1939 bokmål som skulespråk. 7. mars 1939 blei det halde val om eventuelt målbyte. 75% stemte for eit målskifte. Dermed blei nynorsk innført som skulespråk hausten 1939. I dag er det ifølgje skulesjefen i kommunen ikkje registrert ein einaste elev med nynorsk som hovudmål i grunnskulen i Randaberg. I 1952 blei administrasjonsspråket i kommunen nynorsk (Ersland, 2008, s.195), men no er det nøytralt. I praksis vil det seia at dei fleste brukar bokmål.<sup>12</sup>

## 2.7. Kommunesamanslåinga. Kva skjer med bygda?

I regjeringas "Meldingsdel i kommuneproposisjonen 2015"<sup>13</sup> kan ein lesa om måla og føremålet med større kommunar. Kva skjer med Randaberg? Vil dei venda seg mot dei små kommunane Rennesøy, Kvitsøy og Finnøy slik at dei blir ein storkommune på ca. 20000 innbyggjarar, eller vil politkarane i Randaberg venda seg mot sør og bli ein del av storbyen Stavanger?

Ifølgje ei munnleg kjelde har ein i kommunestyret hatt oppe saka om kommunesamanslåing tre gongar på to år. Ingen av dei politiske partia gjekk inn for kommunesamanslåing. Heller ikkje informantane mine var særleg interesserte i kommunesamanslåing, men dersom

---

<sup>11</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/miljo\\_07x.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/miljo_07x.html)

<sup>12</sup> [http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378#KAPITTEL\\_11](http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378#KAPITTEL_11).

<sup>13</sup> [http://www.regjeringen.no/pages/38649362/Meldingsdel\\_kommunereform\\_og\\_vedlegg.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/38649362/Meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf).)

bygda måtte slå seg saman med andre, føretrekte dei fleste dei små kommunane framfor Stavanger.

Det vil bli interessant å sjå kva retning det vil ta. Det er ikkje tvil om at randbergbuane brukar byen i stor grad. Dei reiser til Stavanger for å gå på kino og delta i ulike kulturelle føretak, og mange av ungdommane vel å gå på vidaregåande skule i byen i staden for i bygda. Samtidig var informantane mine opptekne av kor godt bygda fungerer når det gjeld dei sosiale velferds goda som legesenter, sosialkontor, osb. Ved å slå seg saman med storbyen uttrykte enkelte av informantane frykt for at byråkratiseringa i Stavanger var så mykje større enn i bygda at det ville gå utover tenestetilboda. I tillegg meinte enkelte at handsaminga ville ta mykje lenger tid i byen enn i bygda.

Spørsmålet blir om den grønne landsbyen blir ei større bygd saman med dei små nabokommunane sine eller offer for byekspansjonen og berre ein bydel i storbyen Stavanger. Endring blir det nok med den sentraliseringa som føregår i samfunnet i dag.

## 2.8 Randbergdialekten

### 2.8.1 Talemålet i Randberg

Som tidlegare skrive har Randberg "landegrense" berre til Stavanger. Dei andre grensene er i sjøen. Når Sandvik skriv om stavangersk i *Talemål i Rogaland - i går, i dag og i morgon*, viser han til *Stavanger Bymål* frå 1925 der Larsen og Berntsen meiner at stavangersk samsvarer med talemåla i Rogaland. Vidare peiker dei på at bytalemålet har språktrekk frå både Jæren og Ryfylke (Sandvik, 1979). Det har ikkje vore forska mykje på talemålet i Randberg, men Sandvik har skrive noko om dialekten i rapporten sin.

### 2.8.2 Grammatikkskisse

Talemålet i Randberg er saman med folketalemålet i Stavanger i eit a-mål utan delt femininum. Det vil seia at ein i Randberg-dialekten brukar *a*-infinitiv og har *a*-ending i linne feminine substantiv i ubunden eintal. Døme kan vera: å springa og ei jenta. Dessutan har dialekten den same endinga i både sterke og svake hokjønnsord, nemleg å. Eit anna språktrekk, men leksikalt trekk som gjeld for området, er leniseringa. I visse posisjonar, helst etter moderne lang vokal, går *p*, *t*, *k* over til *b*, *d*, *g* (Mæhlum og Røyneland, 2012, s.101), eller som Skjekkeland skriv, ved opphavleg korte plosivar som står etter ein vokal

(Sjekkeland,1997). Døme på lenisering er: **tab**, **kaga** og **mad**. Vidare viser han til nyare forskning som viser at leniseringa av konsonantane er på vikande front særleg blant dei unge (Skjekkeland, 2005). Sandøys dialektkart frå *Norsk dialektkunnskap* viser at Randaberg – området har hatt skarre- *r* gjennom generasjonar

(Sandøy 1991, s. 240). Som mange andre vestlandske talemål har randabergdialekten ein innskotsvokal, svarabhaktivokal. Denne blir mest bruka i adjektiv, *fine mann*, men også i notid av sterke verb: *synge*.

### 2.8.3 Foneminventar

Fonema er dei minste språklydane med tydingsskiljande funksjon. Talemåla har eit foneminventar. Eg vil nå presentera vokal-og konsonantinventaret i talemåla i Ryfylke og Sandnes/Stavanger-området.

#### 2.8.3.1 Vokalfonema

Ryfylke og Sandnes/Stavanger-området har dette vokalinventaret (Sandøy, 1991, s. 279). Sjå figur 4.

Tabell 3:Vokalfonema for Ryfylke og Sandnes/Stavanger-området

i	y	ɥ	u
e	ø		o
a			

Det mest vanlege i norsk er å ha ni vokalar. Randabergdialekten manglar som stavangersk æ-en og har berre åtte vokalar (Sandvik: s. 49, 1979). I tillegg til dei åtte vokalane har ein også dei tre diftongane /ei/, /øy/ /eʊ/ (Sandøy, 1991). I stavangerdialekten er det ikkje noko skilje mellom kort u og kort y. Den korte y-en blir uttalt som ɥ. Dette trekket har ein også i Randaberg. Sandvik viser til Per Bjørn Pedersen at der er liten skilnad i uttalen av ord som: ”sytt (av sy) og sutt (av sua)” i Randaberg-dialekten (Sandvik: s. 54, 1979). Sandvik skriv også at kort /ø/ ofte blir uttalt som /o/. Eit eksempel kan vera at talet 40 blir uttalt som *fårti* (Sandvik, 1979).

### 2.8.3.2 Konsonantfonema

Tabell 4: Konsonantfonema i Rogaland

	Bilabial	Labiodental	Alveolar	Palatal	Velar/uvular	Glottal
Klusiv	p / b		t / d		k / g	
Frikativ		f / v	s/	ç / j	/ ʁ	h /
Nasal	/ m		/ n		/ ŋ	
Lateral			/ l			

I Rogaland har ein dei same 17 konsonantfonema som dei fleste andre sørvestlandske dialektane. Som i mange andre talemål i landet er dei gamle konsonantsambanda av norrønt *nd* og *ld* assimilert. Dei er oftast assimilert til /n/ og /l/: *hond* > /hon/, *sild* > /sil/ (Sandøy, 1991, s.75). Segmentering er også eit trekk ein finn i det sørvestlandske a-målet (Skjekkeland, 1997). I stavangerområdet og sikkert også i Randaberg er det særleg *ll* som blir segmentert til *dl*. Eksempel er *adle* (alle), *fjedl* (fjell) og så vidare. Allereie då Gabrielsen (1984) forska på stavangertalemålet i førstninga av 1980-åra, såg han ein tendens til at færre unge bruka dette konsonantsambandet. Han meinte at det eksisterte i høgfrekvente ord blant ungdom som t.d. *fudle* (Gabrielsen, 1984, s.120). Differensiasjon av norrøn *rn* til /dn/ er eit fenomen som finst i Rogaland. Døme på dette er *gjerne* som går til /jedna/. Ifølgje Omdal (1990, s. 195) er dette eit trekk som sjeldan er bruka i moderne stavangersk, noko som kanskje kan indikera at bruken er redusert i Randaberg også. Eit trekk som også har nådd Stavanger, er samanblandinga av *kj*-lyden og *sj*-lyden der *sj*-lyden har overtatt. Denne samanblandinga skjer i byar i heile landet, og ein har registrert fenomenet i Bergen, Stavanger, Kristiansand, Oslo og Trondheim.<sup>14</sup> Kor vidt dette har spreidd seg til Randaberg, er noko usikkert, men sidan bygda er ein randkommune til ein storby, kan det vera sannsynleg.

### 2.8.4 Fonologiske reglar

I fonologien beskriv ein dei lydlege mønstra som ein finn i språket. Vidare beskriv fonologien reglar for korleis ein set saman fonema til ord. Fonema er dei minste språklydane med

---

<sup>14</sup> [http://sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt\\_1\\_2006/Fonetisk\\_perspektiv/](http://sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt_1_2006/Fonetisk_perspektiv/)

tydingsskiljande funksjon. Talemåla har eit foneminventar, men desse fonema seier ikkje alt om korleis dei skal bli uttalt. Den konkrete uttalen blir kalla allofon. Eit eksempel på allofon kan vera fonemet *r*. Om me uttaler ordet med skarre-*r* eller alveolar-*r*, så blir betydjinga den same (Sandøy, 1996). Eg har tatt med nokre fonologiske reglar for talemålet i Stavanger som eg meiner også gjeld for Randaberg. Dei er henta frå *Norsk dialektkunnskap* (Sandøy, 1991, s. 279).

F1. Kort /e/ blir uttalt: [ɛ]: /vet/ > [vɛt]

F2. /e/ i trykklett utlyd blir uttalt som [ə]: /ˈfla:de/ > [ˈfla:də].

F3. Fonemet /a/ blir uttalt som ein fremre og ljøs [a] når det er kort, og når det står i trykklett staving: /banna/ > [bana]. Elles blir fonemet uttalt [ɑ]: /fa:r/ [fɑ:r]

F4. Den trykklette stavinga /en/ blir til [ɲ] etter /t, s, d, n, l/ og etter vokal: /<sup>o</sup> bi:l + en/ > [<sup>o</sup> bi:lɲ].

## 2.8.5 Morfologi

Morfologi er læra om ordlaging og korleis ein bøyer til dømes substantiv, pronomer og verb. Ifølgje Sandøy deler nesten alle norske dialektar substantiva i tre genus. Det er maskulinum, femininum og nøytrum (Sandøy, 1993). Eg brukar i hovudsak oversiktene frå *Talemål i Rogaland - i går, i dag og i morgon* (Sandvik, 1979).

### 2.8.5.1 Substantiv

Tabell 5: Mønster for bøyning av hankjønnord av tradisjonell ar-klasse

Ar-klassen	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
	-	-en	-aɕ	-ane
	/gut/	/gʊtɲ/ (jf F4 ovenfor)	/gʊtaɕ/	/gʊtane/

Tabell 6: Mønster av bøyning av hankjønnsord av tradisjonell er-klasse

Er-klassen	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
	-	-en	-eϕ	-ene
	/jest/	/jestn/	/jesteϕ /	/jestne /

Henta frå Sandvik (Sandvik, 1979, s. 87).

Tabell 7: Mønster for sterke hokjønnsord av den tradisjonelle er-klassen.

Sterke hokjønnsord	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
	-	-o	-eϕ	-ene
	/dø:ϕ/	/dø:ϕo/	/dø:ϕeϕ/	/dø:ϕene/

Dei fleste hokjønnsorda har -e i ubunden form fleirtal. Denne vokalen er trekt lengre tilbake i munnen på grunn av skarre-r -en. Dermed er uttalen meir ein *å* (Sandvik, 1979). Eg vel som han å bruka fonemisk /e/ i desse tabellane.

Tabell 8: Mønster for sterke hokjønnsord av ar-klassen

Sterke hokjønnsord	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
		-o	-ar	-ane
	/my:ϕ/	/my:ϕo/	/my:ϕaϕ/	/my:ϕane/

Ifølgje Sandvik er dette eit mønster for ord som i gammalnorsk høyrde til o- stammene, men at fenomenet med -ar og -ane er minkande (Sandvik, 1979).

Tabell 9: Mønster for sterke hokjønnsord av er-klassen

Sterke hokjønnsord	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
		-no	-eϕ	-ene
	/bϕu:/	/bϕu:no/	/bϕu:eϕ/	/bϕu:ne/ (Jf. F4)

Ifølgje Sandvik er det berre ord som i gammelnorsk enda på rotvokalen i ubunden form eintal, som har denne bøyinga. Dette fenomenet er også på retur, og dei fleste unge brukar nok bruå (Sandvik, 1979, s. 96).

Tabell 10: Mønster for svake hokjønnsord

Svake hokjønnsord	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
	-a	-o	-eϕ	-ene
	/gɑ:da/	/gɑ:do/	/gɑ:deϕ/	/gad:ene/

Tabell 11: Mønster for sterk bøying av inkjekjønnsord

Sterk bøying av inkjekjønnsord	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
		-e	-	-o
	/bu:ϕ/	/bu:rϕe/	/bu:ϕ/	/bu:ϕo/

Tabell 12: Mønster for inkjekjønnsord som endar på ein rotvokal

Sterke inkjekjønnsord	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
		-e	-ϕ	-no
	/kne:/	/kne:e/	/kne:ϕ/	/kne:no/

Inkjekjønnsord som endar på ein rotvokal i ubunden eintal, får endinga *-r* og *-nå* i fleirtal (Sandvik, 1979, s. 102).

Tabell 13: Inkjekjønnsord som endar på ein trykklett/e/

Inkjekjønnsord på trykklett- ø	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
		-e	-eϕ	-ene /å (jf. F4)
	/eple/	/eple/	/epleϕ/epl e/	/eplne /eplå/

Ifølgje Sandvik har Stavanger-talemålet *-er* og *n'na* i fleirtal, mens ein i bygdedialektane brukar inga ending i ubunden fleirtal og *-å* i bunden form fleirtal. Eg vel derfor å setja opp begge endingane (Sandvik, 1979, s. 103 refererer til Berntsen og Larsen, 1925, s. 224) .

Tabell 14: Svake inkjekjønnsord

Svake inkjekjønnsord	Ubunden eintal	Bunden eintal	Ubunden fleirtal	Bunden fleirtal
		-	- eϕ	-ene
	/øy:ɤa/	/øy:ɤa/	/øy:ɤeϕ/	/øy:rene/

Sandvik skriv at mange av dei svake inkjekjønnsorda har former som er like dei svake hokjønnsord, og han meiner at mange av dei opphavlege svake inkjekjønnsorda no er blitt svake hokjønnsord (Sandvik, 1979, s. 104).

### 2.8.5.2. Verb.

Tabell 15: Svake verb: a-verb og e-verb

	Infinitiv	presens	preteritum	presens perfektum
a-verb utan dentalending	-a /kasta/	-e /kaste /	-a /kasta/	-a /kasta/
e-verb	-a /hoppa /	-e /hopte/	-te /hopte/	-t /hopt/



Dei aller fleste verba med dentalending som på nynorsk er *a*-verb, er *e*-verb

Tabell 16: Sterke verb

	Infinitiv	presens	preteritum	presens perfektum
Kortverb	-	-ϕ	-	
	/je/	/jeϕ/	/gɑ/	/jit/
Ikkje kortverb	-ɑ	-e	-	-t/ -e
	/kom:a/	/kåm:e/	/kom:/	/kåm:t/ kåm:e/

### 2.8.6 Personlege pronomen

Tabell 17: Personlege pronomen

	subjektsform	objektsform
1. person eintal	e:g	me:g
2. person	dū	de:g
3. person	han/an	han/an
	hū/ū	(h)ene/na
	de:	de:
1. person fleirtal	me:	os
2. person	dokeϕ	dokeϕ
3. person	di:	di:

Tabellen er laga ut ifrå Sandøys oversikt i *Norsk dialektkunnskap* over ei talemålsprøve av stavangertalemålet (Sandøy, 1991, 280).

### 2.8.7 Variablane:

Eg har i oppgåva mi valt ti variablar, ein fonologisk, to leksikalske og sju morfologiske.

#### Variabel 1: Blaute og harde konsonantar (leksikalsk variabel)

Lenisering av *p, t, k* til *b, d, g* etter lang vokal har vore eit dialektmerke for blant anna området Stavanger og Randaberg. Skjekkeland skriv at nyare gransking viser at fleire unge byter til dei ustemte *p, t, k* (Skjekkeland, 2005, s. 78). Allereie i 1980-åra fann Gabrielsen ut

at nokre av ungdommane bruka *p*, *t*, *k* der han sjølv ville ha bruka *b*, *d*, *g* (Gabrielsen, 1984, s. 114). K. Aasen har i oppgåva si forska vidare på denne tendensen og funne ut at medan det i Gabrielsen si undersøking var ca 10 % som ikkje bruka denne leniseringa, var det i 2010 ca. 30 % som bruka dei ustemte plosivane (K. Aasen, 2011, s.64). Eg vil sjå om denne utviklinga har spreia seg til Randaberg, og om utviklinga eventuelt er komen like langt som i Stavanger.

### **Variabel 2: Infinitivsmorfemet (morfologisk variabel)**

Talemåla i Rogaland har *a*-infinitiv, men i Stavanger har ein i høgare talemål hatt *e*-infinitiv. Finn Gabrielsen konkluderte i undersøkinga si at *a*- infinitiven var ekspansiv (Gabrielsen, 1984), medan Kristine Nymark Aasen viser at bruken av *e*-infinitiv blant dei unge har auka dei siste tiåra (Aasen, 2011). Eg vil sjå om *e*-infinitiven har kome til Randaberg, eller om *a*-infinitiven er einerådande i talemålet i bygda.

### **Variabel 3: Sementering ll > dl (leksikalsk variabel)**

Når det gjeld segmentering av lang historisk *l* til *dl*, var det fenomenet ifølgje Gabrielsen sterkt redusert i Stavanger bymål allereie i 1980-åra (Gabrielsen, 1984, s. 119-120). Sandvik observerer den same tendensen i andre talemål i Rogaland som tradisjonelt har hatt segmentering (Sandvik, 1979, s. 77) .

### **Variabel 4: Sj-lyden og kj-lyden (fonologisk variabel)**

Samanfall av *sj*- og *kj*-lyden er i språkhistorisk samanheng eit relativt nytt fenomen i norske talemål. Stig Helge Johannessen har med utgangspunkt i TUB-materialet forska på bruken av *sj*-lyden og *kj*-lyden i bergensk. Han skriv om ”ombyting” av dei to lydane, og at lyden blir bruka ”feil” dersom informantane brukar *sj*-lyden i staden for *kj*-lyden. Johannesen tek utgangspunkt i 92 ungdomsinformantar og fann ut at 48 av dei hadde døme på ”feil bruk av *sj*- og *kj*-lyden”( Johannessen, 1983, s. 14). Han skriv i konklusjonen sin at det er vanskeleg å seia om det er eit samanfall mellom /ç / og /ʃ/ ut i frå hans materiale, men meiner det er ting som tyder på det (Johannessen, 1983, s. 27). Aasen viser i oppgåva si at blant stavangerungdomen er bruken av /ʃ/ auka til 36,4 % (Aasen, 2010, s. 65). Eg vil sjå om dette fenomenet er på full frammarsj blant ungdommane i Randaberg. I og med at undersøkinga til Johannessen er frå 1983, kan det vera interessant å sjå om somme av informantane frå midtgruppa har dette konsonantsamanfallet.

### **Variabel 5: Hokjønn bunden form eintal (morfologisk variabel)**

Sandvik viser i boka si (Sandvik, 1979, s. 93) at blant ungdommar i Stavanger i 1979 stod *å-*endinga i hokjønn bunden form sterkt. Etter å ha høyrte ein del ungdommar i Stavanger bruka *en-*ending i hokjønnsorda, vil eg sjå om det trekke også er i bruk i Randaberg.

### **Variabel 6: Hokjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle er-klassen (morfologisk variabel)**

Den tradisjonelle endinga i hokjønn ubunden form fleirtal har i randbergdialekten vore ein slags /ər/. E-en er trekt lengre tilbake i munnen på grunn av skarre-r -en.

### **Variabel 7: Hokjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (morfologisk variabel)**

Som eit mønster for sterke hokjønnsord mellom anna dei som endar på *-ing*, har ein hatt endinga /ar/. Dette har også vore eit mønster i Stavanger, men Sandvik meiner at fleire ungdommar i Stavanger allereie i syttiåra bøygde etter mønsteret med /ər/ (Sandvik, 1979, s. 95).

Då Gabrielsen jobba med oppgåva si, fann han allomorfen /or/ i ubunden fleirtal. Finn Gabrielsen skriv: "Ei utvikling på fonetisk grunnlag av ein "ny" allomorf i ubunden form plural i alle genera, nemlig /or/"(Gabrielsen, 1984, s. 111).

Eg vil sjå om denne nye allomorfen er komen inn i talemålet i Randaberg. Eg vil også sjå om dei har behalde med ar eller om det har vore eit klasse-samanfall mellom den tradisjonelle *er-* og *ar-*klassen.

### **Variabel 8: Hankjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (morfologisk variabel)**

Mønsteret for hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell *ar-*klasse har vore *-ar* i randbergdialekten.

### **Variabel 9: Hankjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle er-klassen (morfologisk variabel)**

Mønsteret for *er-*klassen har vore *-er*. Eg vil sjå om det er blitt samanfall mellom *ar-*klassen og *er-*klassen, og om det eventuelt er kome nye former inn i dialekten.

### Variabel 10: Hankjønn bunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (morfologisk variabel)

Mønsteret i hankjønn *ar*-klasse bunden form fleirtal har i ryfylkedialektane og stavangerbymål vore *-ane* (Sandvik: 1979, s. 80). Gabrielsen fann ein analog utjamning i både ubunden og bunden for fleirtal mellom dei tre genusa då han forska på stavangerdialekten. Han fann relativt stor bruk av endinga *-ene* i hankjønn bunden form fleirtal i materialet sitt (Gabrielsen, 1984, s. 111). Eg vil undersøkje om *-ene* blir bruka i hankjønn bunden form fleirtal av den tradisjonelle *ar*-klassen.

## 3 Teori

### 3.1 Innleiing

Språk er alltid i endring, men farten og retninga endringane tek, er forskjellige. For å studera talemålsendringar undervegs, må ein sjå etter språkleg variasjon mellom ulike språklege variantar. For språkleg variasjon er ein konsekvens av mellom anna språkleg endring (Mæhlum og Røyneland, 2012, s.125). I dette kapittelet skal eg gjera greie for den teorien eg meiner er relevant for oppgåva.

### 3.2 Sosiolingvistikk

Sosiolingvistikk er ein vitenskap som er oppeken av å undersøkje og forklara korleis psykologiske, kulturelle og sosiale forhold kjem til uttrykk gjennom språket hos den enkelte språkbrukar og ulike grupper av språkbrukarar. Venås skriv i boka *Mål og miljø* at: "Vitenskapen om språket heiter språkvitenskap eller (...) lingvistikk. Vitenskapen om samfunnet heiter samfunnsvitenskap eller sosiologi" (Venås, 1991, s.13). Dersom ein studerer korleis språket/talemålet og samfunn er i forhold til kvarandre, får ein ei tverrfagleg forskning som blir kalla "språksosiologi" eller "sosiolingvistikk".

Mens dialektologane var/er opptekne av å presentera "dei einskilte dialektane som heilskaplege grammatiske system" (Akselberg, 2003, s.126), er sosiolingvistane opptekne av å visa variasjon ut ifrå ulike variablar. Gunnstein Akselberg skriv at: "Studiet av sosial variasjon er sjølve kjernen i sosiolingvistikken" (Akselberg, 2003, s.125). Han skriv og at ein innanfor sosiolingvistikken studerer "den språklege variasjonen og endringa i samfunnet, både ved å registrera språkleg variasjon og endring og ved å prøva å avdekka kva for sosiale drivkrefter som verkar inn på den språklege variasjonen og den språklege endringa" (Akselberg, 2001, s. 91). Sosiolingvistane er interesserte i å finne desse sosiale drivkreftene som har påverknad på talemålet til sosiale grupper og til enkeltindividet.

Dei sosiale variablane som ofte blir bruka av sosiolingvistar, er alder, kjønn, utdanning, yrke og sosial status. I tillegg har ein trekt inn bustaden, om informantane bur "aust" eller "vest" i byen (eller tettstaden); dette gjeld særleg dersom ein skal sjå på varietetar i urbane talemål. Både sosiologiens lagdelingsteori og marxistisk klasseteori har vore nytta i forskning på språk.

Finn Gabrielsen bruka ein marxistisk teori då han undersøkte Stavanger bymål i førstninga av 1980-åra. Han delte inn informantane i grupper etter kva forhold foreldra hadde til produksjonsmidla (Gabrielsen, 1984).

I tillegg til å undersøkje varietetar og endringar i talemåla har ein innanfor sociolingvistikken vore oppteken av korleis ulike trekk spreier seg. Helge Sandøy tek opp to spreingsmåtar når han skriv om emnet. Den eine er "bølgjeteorien". Då reknar ein med at eit språkdrag spring ut "frå eit sentrum som ringar på vassflata." Ein annan spreingsmåte er "*hopp mellom sentrum*" (Helge Sandøy, 2000 s. 356). Dette kjem eg inn på seinare i dette kapitlet.

Sociolingvistikk dukka opp som term allereie i 1950-åra i USA. Tidlege studiar som kan nemnast, er *The Norwegian language in America: a study of bilingual behaviour* av Einar Haugen og *Languages in Contact* av Uriel Weinreich.

Sjølv om desse forfattaren gjorde viktige arbeid, blir William Labov rekna som grunnleggjaren av den moderne sociolingvistikken. I blant anna studien sin av den postvokaliske /r/ i New York City såg Labov etter mønster mellom ulike språklege variablar og sosial bakgrunn. Labov viser gjennom den kvantitative studien sin at variasjonen i uttalen ikkje er tilfeldig, men er strukturert og korrelerer med sosiale og stilistiske variablar (Sandøy, 2011). Lesley Milroy meiner at bruk av klassesilhøyrsla ikkje alltid er like lett å bruka i undersøkingar fordi klassesilhøyrsla ikkje alltid er like tydeleg som i t.d. New York, og fordi ho meiner nettverka til informantane er vel så viktig (L. Milroy, 1987, s.17).

Sociolingvistikken har som mål å skildra, forklara og dokumentera språkleg likskap og variasjon innanfor ein gitt sosial og geografisk fellesskap. Då kan ein sjå på variasjon hos eit enkeltindivid, altså registeret, variasjon innanfor ei gruppe, og variasjon mellom sosiale grupper, som t. d. aldersgrupper (Sandøy, 2011). Kerswill skriv: (...) *the ties that link language and society exist on so many levels ( ... ) sociolinguistics has been most fruitful ( ... ) in our understanding of the language-society relationship* (Kerswill,1996).

### 3.3 Språk

Språk, skriftleg og munnleg, er eit middel for menneska til å gje uttrykk for kjensler og meiningar. Forenkla kan ein seia at eit språk kan vera eit skriftspråk eller eit talespråk, i samsvar med eit sett bruksnormer og lingvistiske normer som er felles for ei gruppe menneske

(Røyneland, 2010). Talemålet eksisterte lenge før skriftmålet, og det kan derfor reknast som primært i forhold til skriftspråket. Skriftspråket byggjer på talemåla. Talemåla i Noreg er nokså ulike, og ein finn variasjon innanfor geografiske område og sosiale miljø (Sandøy, 1991, s. 15-16).

### 3.3.1 Dialekt (geolekt), sosiolekt, idiolekt, regiolekt /regionale talemål.

Ein *dialekt* er eit talt språk og ein varietet av eit språk. Dialekten har eit fullstendig språkssystem. Han blir alltid relatert til eit "overordna" språk definert til det større samfunnet. Unn Røyneland skriv at innanfor tradisjonell målføregransking er ein dialekt "ein varietet som blir tala innanfor eit visst geografisk område" (Røyneland, 2003, s. 22). Men sjølv innanfor eit geografisk avgrensa område kan talemålet visa variasjon. Dersom desse talemålskilnadene samsvarer med skilnader i sosiale variablar som til dømes kjønn og alder, kallast desse talemåla *sosiolektar* (Sandøy, 1996, s. 22). Ein sosiolekt blir gjerne definert som ein varietet som er knytt til ulike sosiale grupper, ulike bruksområde og ulike språksituasjonar (Røyneland, 2003, s. 22). Vidare har ein omgrepet *idiolekt*, der enkeltindividet har ein talespråkleg variasjon (Akselberg, 2003, s. 124). Det vil seia at enkeltindivid brukar språklege trekk som er spesielle akkurat for desse enkeltindividida (Mæhlum og Røyneland, s.2012).

Ein brukar omgrepet *regionale talemål* når det går mot ei utjamning av dialektstilnadene innanfor ein region. Dette skjer truleg ved at spesielle trekk som berre blir bruka innanfor eit avgrensa område, forsvinn, medan trekk som er meir utbreidde, blir behaldne eller spreier seg (Skjekkeland, 2005, s. 24). Dermed vil nokre av språkgrensene mellom dialektene i regionen gradvis bli borte, og talemåla i ein større region bli meir like. På denne måten får ein eit meir einsarta talemål i ein region, altså eit regionaltalemål (Skjekkeland, 2005, s. 24) .

## 3.4 Språk, identitet og tilpassing

"Språket er det mediet som gjer mennesket i stand til å reflektere over seg sjølv frå synsstanden til eit anna menneske" (Røyneland, 2010, refererer til Mead). Bakhtin skriv i translingvistikken sin at "Alle språklege ytringar er sosiale fenomen i den forstand at dei alltid er uttrykk for dialogiske relasjonar mellom personar (mellom to som det dialogiske minimum). [...] individet [er] – som språkbrukar – eit sosialt fenomen (referert i Slaattelid, 1993).

Som medlemmar av eit samfunn går me gjennom sosialiseringssprosessar, og det å læra språk blir ein del av desse sosialiseringssprosessane. Dei første identitetsskapande situasjonane me er i, er med den nære familien og vennar. Seinare vil andre miljø påverka oss. Ved å læra og internalisera normer og reglar veit ein etter kvart kva som blir kravd av oss for å bli integrert i ei gruppe. Når me er ein del av ei gruppe, har me felles gruppeidentitet, men me kan sjølvstøtt ønskja oss ein annan identitet. Å ta etter språket til ei anna gruppe, kan vera ein veg å gå. Dersom ein endrar språk, kan det gje oss og andre eit anna bilde av oss. “Å bruke språket er kvar enkelt gong ei identitetshandling” (Sandøy, 1993, s. 116).

Kleskode og språkdrakt er nokre av elementa som knyter oss til ei gruppe. Ved å bruka talemålet som høyrer til ei gruppe, blir ein plassert som deltakar i gruppa (Sandøy, 1996). Dermed kan ein seia at: “Språket har ein *identifiseringsfunksjon*. Det fortel noe om kven vi er” (Sandøy, 1996, s. 115).

I stabile samfunn er det gjerne ikkje så mange ulike grupper ein kan identifisera seg med, og både språket og språknormene vil dermed vera stabile. Blir samfunnet forandra med for eksempel nytt næringsliv, nye byggjefelt og eventuelt høgskule, er det moglegheiter for nye miljø. Den sosiale mobiliteten kan då bli større, og ønskjer ein å knyta seg til ei ny gruppe og dermed ny identifikasjon, kan det føra til endringar i språket.

Auka mobilitet i samfunnet kan òg verka inn på identifikasjonen og språket. I dag flyttar mange for å få utdanning eller å ta arbeid. Denne auka sosiale mobiliteten kan føra til at ein identifiserer seg med nye grupper som igjen kan føra til språklege endringar både hos enkeltindivid og grupper (Sandøy, 1991, s. 242). Blant informantane mine med høgare utdanning har alle gått på vidaregåande skule i Stavanger, og dei fleste har studert i andre fylke. Dette kan ha ført til mindre lojalitetsmarkering for språkbruken i bygda.

Ungdommar er på mange måtar innovatørar når det gjeld leksikalske nyhende. Ord dei høyrer anten på TV, kino eller gjennom musikk, blir ofte fanga opp og etter kvart bruka. For ungdommane kan slike ord bli ein felles identitetsmarkør ved det å vera ung, for vaksne som begynner å bruka desse innovasjonane, er det eit teikn på å vera “hip” og moderne og ein del av ein ungdomskultur. Vidare kan uttrykk som ungdommar brukar, henta frå t.d. rappemiljøet i USA, visa at ein identifiserer seg med dette miljøet. Identiteten er relasjonell fordi han står i høve til noko anna anten ved å vera lik eller ulik.



Sidan språk er eit middel til å gje uttrykk for følelsar, tankar og meiningar, vil språket vera med å byggja opp sjølvbildet og identiteten (Venås, 1991, s. 106). Venås viser vidare til Le Page og Tabouret Keller (1985), som meiner at språkbruk er "acts of identity". Ein vel språkbruk alt etter kva for ein identitet ein ønskjer å ha. Venås skriv at «individet gjer språklege val i eit mangedimensjonalt arsenal etter mønster av dei gruppene som det frå tid til anna vil identifisere seg med.» (Venås, 1991, s. 106) Ulike varietetar av språket skapar ei tilhøyrse, eventuelt avstand, til ulike grupper eller menneske. Venås skriv: "Sams dialekt, skriftmål, språk er kan hende det viktigaste kjennemerket som bind slike grupper saman" (Venås, 1991, s. 108). Talespråket er derfor ein viktig identitetsfaktor.

Ein av hypotesane mine er at dei formene som er i frammarsj i Randaberg er dei same som dei formene som er i frammarsj eller fullført i Stavanger. Dersom denne hypotesen stemmer, kan det vera eit teikn på at innbyggjarane i bygda identifiserer seg språkeleg med "siddisane".

### 3.5 Språksamfunn

Det er ulike definisjonar av kva eit språksamfunn er. Labov skriv at "a speech community cannot be conceived as a group of speakers who all use the same forms; it is best defined as a group who shared the same norms in regards to language" (Labov, 1972, s. 158). I undersøkinga hans i New York fann han ut at unge og eldre newyorkarar tilhørte to forskjellige språksamfunn fordi dei hadde ulik respons på r-en. Labov meiner altså at eit språksamfunn er eit samfunn der språkbrukarane deler dei same språknormene, og han meiner at lingvistisk variasjon er strukturert og korrelerer med sosiale og stilistiske variablar (Labov, 1972, s.121).

Milroy & Milroy er kritiske til at språkbrukarane i heile språksamfunnet er einige i vurderingane av dei lingvistiske normene som symboliserer skilnadene/lagdelinga mellom dei (Milroy & Milroy, 1998, s.180). Lesley Milroy meiner at Labovs språksamfunn og inndeling av medlemmar etter sosiale klassar ikkje nødvendigvis stemmer med kjenslene individa har av tilhøyrse (L. Milroy, 1987, s.13).

L. Milroy er også skeptisk til Labovs inndeling av variasjonar etter klassesetilhøyrse fordi ho meiner at klassar er ein for stor kategori, og at det vil vera skilnader innanfor ulike klasser (L. Millroy 1987, s. 13). I tillegg poengterer ho problemet med å definera klasse. Ut ifrå eit

marxistisk syn vil det forholdet språkbrukarane har til produksjonsmidla, vera avgjerande, men det viktige ut ifrå ein sosiologisk lagdelingsteori er verdiane knytte til yrkesgrupper (L. Milroy, 1987). Milroy viser vidare at det innanfor visse grupper også finst store skilnader. Ho trekkjer blant anna inn at dei individuelle sosiale nettverka har mykje å seia. Enkelte individ kan ha tette nettverk, medan andre har meir opne og samansette nettverk. Ho viser til undersøkinga si i Belfast og seier at dei som har opne nettverk, kan bli lausare knytte til dei normene som rår i nærmiljøet (Milroy, 1987, s. 106). Milroy meiner at Labovs klasseinndeling ikkje tek omsyn til at det innanfor ein sosial klasse kan vera variasjon, og at han meiner der er variasjon i eit språksamfunn når individa kjem frå ulike samfunnsklassar. Sjølv om Labov i det store og det heile var oppteken av samanhengen mellom språklege variablar og sosioøkonomiske klassar, var han også ”interessert i å studera korleis språket til den einskilde språkbrukaren kunne variera etter kva for ein *situasjon* han eller ho var i (”situasjonsbestemt” språkbruk)” (Skjeggeland, 2009, s. 18).

Likt med Labov definerer L. Milroy eit språksamfunn som blant anna eit *territorium* som individa har tilknytning til (L. Milroy, 1987, s. 14) og skriv at kompetente medlemmar av eit språksamfunn må veta korleis, når og kor dei kan snakka, og dermed vera einige om dei sosiale verdiane av dei lingvistiske normene (Milroy, 1987, s. 108).

Somme samfunn dyrkar sitt særpreg og er opptekne av den lokale identiteten sin, medan andre er mindre interesserte i den lokale identiteten. I debatten rundt kommunesamanslåing har fleire av informantane mine gitt uttrykk for frykt for å bli ein del av Stavanger-området. Viss Randaberg blir ein del av storbyen, og Randaberg blir eit omgrep som forsvinn frå folks bevisstheit, har ein eit diffust samfunn (Sandøy, 2008, s. 234).

Ifølgje Mæhlum er dei fleste lokalmiljø blitt meir diffuse fordi dei er blitt meir komplekse, og at ein derfor må forventa at språkbruken er meir samansett no enn tidlegare (Mæhlum, 2008, s. 94). I diffuse språksamfunn vil ikkje den tradisjonelle dialektnorma bli følgt sjølv om mange i språksamfunnet har ei meining om korleis den lokale dialekten er (Mæhlum, 2008, s. 94).

I stabile samfunn er språket og språknormene stabile, og det er eit fokusert språksamfunn. Eit samfunn som er språkleg og kulturelt homogent med ei samlande språknorm, kan ein seia er eit fokusert samfunn (Røyneland, 2008, s. 59).

I førstninga av 1950-åra budde det under 5 000 menneske i Randaberg. Nå bur det over 10 000 i bygda, og mange av dei er dagpendlarar til nabokommunane. Dette kan ha ført til at Randaberg er eit meir diffust språksamfunn nå enn tidlegare, og at den tradisjonelle dialektnorma ikkje blir følgt av mange.

I Randaberg er det ulike varietetar. Men sjølv om det ikkje er eins talemål i språksamfunnet, men ulike varietetar, kan det, dersom der er forståing for ulikskapane i talemålet blant individa, vera eit språksamfunn (Milroy, 1987). Dersom eg går ut ifrå at innbyggjarane i bygda har dei same normene for variasjon innanfor bygda som for eksempel at dei eldre brukar ein variant meir enn dei yngre, kan dei ha dei same bruksnormene, og variantane kan då symbolisera det same. Dermed kan ein seia at Randaberg også ut i frå Labovs definisjon er eit språksamfunn.

Men er Randaberg eit eige språksamfunn eller er det ein del av det stavangerske språksamfunnet? Dersom hypotese 3 og 4 stemmer, vil ein kunne seia at Randaberg er ein del av språksamfunnet i Stavanger. For å kunne konstatera om Randaberg er eit eige språksamfunn eller ein del av det stavangerske språksamfunnet, må ein sjå på faktisk språkbruk og reaksjonane på (eller haldningane til) den – og ikkje på språkidentitet. Viss ein knyter dette opp mot Labov si forskning, så spør ikkje han kva folk meiner i undersøkingane sine, men undersøker kva dei faktisk seier og korleis dei reagerer.

### 3.6 Språkhaldningar

Haldningar ein har, er ofte retta mot grupper i samfunnet, noko Bourdieu skriv om i teksten *Distinksjonen*. Hovudemnet i *Distinksjonen* er korleis smaken er lik innanfor kvar enkelt samfunnsklasse og kvart enkelt lag (Østerberg, 1995). Smaken (når det gjeld kunst) er ifølgje Bordieu tillært, og smaken varierer mellom ulike sosiale grupper. Dette kan ein overføra til språkhaldningar. Språkhaldningar er reaksjonar ein har på språk, nasjonalspråk, dialektar og sosiolektar. I geografiske område der det er sosiolektar, kjem haldningar ofte tydeleg fram (Venås, 1982, s. 245).

Som elles i samfunnet vil ein kunna finna fordommar og stereotypiar når det gjeld haldning til språk. Miljøet, bakgrunnen og språksituasjonen er avgjerande faktorar for språkhaldningane til ein person. Ein ung rørosing seier følgjande om eige talemål: «det er'kke noe sànn'pent

språk da det me prate (.) egentlig ikkje (.) det kling betre i øran det ja bokmål da (det er) litt(.) oslodialekt og sånn da”. Talemålnært bokmål blir sett på som ”vanlig”, ”nøytralt”, ”pent”, men i tillegg ”sossete” og ”jålete” ( Røyneland, 2009).

Teoretikarar er stort sett einige om at haldningar er tillærte, og at haldningane er resultat av tidlegare opplevingar, informasjon og sosiale føringar (Omdal ,1995 s. 87, refererer til Knops og van Hout, 1988).

At det er ei sosial og ikkje-språkleg vurdering som ligg til grunn for språkhaldningar, kan bli illustrert med eksempelet med uttalen av postvokalisk *-r* i ord som *car*. I England vil ein uttale av *r*-en liggja lågt i sosial verdi, medan det er motsett i New York (Venås, 1991,s.256).

Vidare skriv Venås: «Haldningane ein sjølv og andre har til eins eige språk, kan ha avgjerande innverknad på korleis ein oppfattar seg sjølv og si eiga rolle i samfunnet» (Venås, 1982, s. 184). Dette kan føra til at ein bevisst eller ubevisst grip inn i språket og rettar (Venås, 1992, s.184).

Venås meiner òg at haldningane til språk kan ”få reint konkrete verknader på språket sjølv. Varietetar og språkdrag som det er knytt sosial prestisje til, vil ha eit lag til å styrkje stoda si i samfunnet, medan stigmatiserte (nedvurderte) varietetar og språkdrag har lett for å gå attende” (Venås, 1982, s. 249). Han meiner også at den språkvarieteteten som styrker posisjonen sin på grunn av prestisje, er ”riksspråket” (Venås, 1982, s.249), eller, som Sandøy meiner, talemålet frå Oslo vest (jf. 3.10.2)(Sandøy, 2013).


### 3.7 Spreiing og endring

Sandøy brukar nemninga *endringsprosess* innanfor eit språksamfunn og *spreiingsprosess* mellom språksamfunn. ”Endringa gjeld først og fremst i den sosiale dimensjonen innanfor enkeltsamfunna, dvs. som ei stadig aukande tilslutning frå kollektivet” (Sandøy, 2008, s. 209-210).

Proessen frå eit nytt trekk kjem inn i eit talemål til det er gjennomført, er lang. Samtidig er det vanskeleg å seia kven som stod for det første tilfellet av ein ny uttale, og når og kor det var (Sandøy,2008). Ei språkendring startar ved at ein innovatør, eller person 1, startar med eit nytt språktrekk, t.d. morfologisk eller fonologisk . Dersom person 1 held fram med dette

trekket, og ingen korrigerer han, kan dette bli ein individuell vane, men ikkje nødvendigvis dialektendring. Viss derimot andre personar tek etter P1, og dei blir ei gruppe som brukar trekket, kan endringa skje raskt. Endringsprosessen innanfor eit språkområde blir vanlegvis vist som ei s-kurve. På ein stad på denne kurva blir språktrekket oppfatta som norm. Korfor det har skjedd, er vanskeleg å seia, men ein reknar med at det både språklege og sosiale motiv spelar ei rolle (Sandøy, 2008, s. 208-209).

Figur 4: Språkendringsprosessen



Sandøy viser til Chambers & Trudgill (1980, s.179) (Sandøy, 2003, s. 210).

I fleire sosiolingvistiske undersøkingar har ein lagt vekt på det sosiale nettverket og mindre på den sosiale identiteten (Kristiansen og Jørgensen, 2006). Dei modellane som t.d. Milroy og Milroy har jobba ut ifrå, er nettverk med stor tettleik og nettverk med liten tettleik (Kristiansen og Jørgensen, 2006, s.291). To element blir trekte fram, og det er strukturen og funksjonen i nettverket. Dersom ein har eit tett nettverk der alle kjenner alle, og ein har kontakt på ulike arenaer, vil nettverket kunna fungera som normeringsinstans. Tette nettverk finn ein som oftast i rurale område, men også i miljø i storbyar. I meir opne nettverk har ein færre relasjonar til same person. Kollegaen er kollega, men kanskje ikkje nabo og foreiningsvenn (Mæhlum, 2008, s.117). For ein person i ei gruppe med sterke band kan det vera vanskeleg å ta opp nye språktrekk, for ein med svake band, vil det derimot vera enklare (Sandøy, 2005). Likevel vil ikkje eit nettverk med liten tettleik vera nok til å forklara ei lingvistisk forandring, men vera ein av faktorane.

“A linguistic change is a social phenomenon, and it comes about for reasons of marking social identity, stylistic difference and so on. If it does not carry these social meanings, then it is not a linguistic change” (Kristensen og Jørgensen, 2006, s. 291 siterer J.Milroy, 1992, s. 202)

Labov skriv i *Sociolinguistic Patterns* (Labov, 1972, s.123) at dersom ein skal finne årsaker og korleis ei språkending har funne stad, må ein sjå på språket/varietetet i ein sosial og kontekstuell samanheng. Språket kan endrast ”from below” og ”from above”. Ei endring nedanfrå vil seia at t.d. ei lingvistisk form først blir bruka som eit språktrekk i ei låg-statusgruppe, og seinare blir tatt opp i andre grupper i språksamfunnet. Endring ovanfrå er når eit språktrekk blir gjennomført først i ei høgstatusgruppe i samfunnet og så går vidare til andre grupper. For at denne endringa skal skje, må det vera kontakt mellom gruppene/dei sosiale laga (Labov,1972, s. 123).

Språklege innovasjonar kan anten bli spreidde som ei bølge eller som eit sprang/ hopp . I hoppmodellen er teorien at ei språkending spreier seg med eit hopp frå sentrum til sentrum, for deretter å gli som små bølger inn i småstadene rundt sentrumet. Hoppmodellen kan sjåast som eit hierarki (Sandøy, 2008, s. 222). For å illustrera hoppmodellen kan eg visa til studien til Trudgill der han hevdar at skarre-r en hoppa frå Frankrike til Stuttgart, vidare til Köln og Berlin, så til København før han til slutt kom til dei sørvestnorske byane Kristiansand, Stavanger og Bergen (Johan Tældeman, 2006). Skarre- r- en har spreidd seg på Vestlandet, og i dialektområde utanfor både Stavanger og Bergen har dei yngre generasjonane begynt å skarre på r-en, medan mange eldre framleis rullar. I begge spreingsmodellane av språktrekk er det ein føresetnad at endringane skjer gjennom kontakt. Bølgjemodellen føreset geografisk nærleik (Sandøy, 2008, s. 223).

Samfunnsfaktorar kan òg verka inn på språket. For folk som bur i periferien, vil sentrum vera eit kommunikasjonsmidtpunkt. Mange reiser til sentrum både for å gå på skule, for å handla og for å vera med på t.d. kulturelle arrangement. Dermed har sentrum noko som ikkje periferien har, og som innbyggjarane i samfunn i periferien må henta (Sandøy, 2003, s.233) For dei fleste randabergbuane er Stavanger det kulturelle sentrumet. Sjølv om dei har kulturelle tilbod i bygda, sa informantane under intervjuet at dei reiste til Stavanger for å gå på kino, konsertar, osv. Dermed ”hentar” dei tenester frå sentrum. Dei vil truleg òg henta nye språkdrag. Dette kan forklara noko av grunnen til at den språklege påverknaden går frå

sentrum til periferi og ikkje omvendt, for hierarkisk vil nok dei fleste i periferien setja sentrum over periferien (Sandøy, 2008, s. 230).

### 3.8 Språkleg variasjon

Språkleg variasjon er ifølgje Mæhlum og Røyneland ein føresetnad for språklege endringar, men dei skriv at ikkje all variasjon fører til endring (Mæhlum og Røyneland, 2012 s. 125). Årsaka til endring kan liggja i språket sjølv, men andre sosiale faktorar som alder, kjønn og sosial klasse kan òg vera viktige faktorar. Endringsprosessane gjeld ikkje berre bøyingsmorfema og lydverket, men også ordstilling og det leksikalske (Mæhlum og Røyneland, 2012 ).

Talespråkleg variasjon finst ikkje berre mellom sosiale grupper innanfor eit geografisk område, mellom enkeltpersonar innanfor ei sosial gruppe, men også mellom ulike geografiske område. I tillegg varierer enkelte språkbrukarar talemålet sitt etter kva situasjon eller miljø dei er i (Akselberg, 2008, s.128).

#### 3.9.1 Kjønn

Ei vanleg inndeling av befolkninga er knytt til kjønn, og ein har i sosiolingvistiske forskingsprosjekt undersøkt om det er skilnad i språkbruk mellom kjønna. I bysamfunn har det vore skilnad mellom språket til menn og kvinner og gutar og jenter. Mønsteret har vore at jentene og kvinnene har bruka fleire prestisjeformer (sjå 3.13.2.3) enn gutane og mennene. I eldre bygdesamfunn derimot snakka kvinnene og mennene ganske likt, men der ein fann skilnad, var det kvinnene som bruka dei mest markerte eller arkaiske dialekttrekka. I dag kan ein i nyare tettstader finna eit mønster i skilnaden i språket til kvinner og menn. Tendensen i slike samfunn er at språklege statusformer er i frammarsj, og at det er kvinnene som er innovatørar (Sandøy, 2008, s. 214- 215). Når det gjeld ungdommar, har Sjøkkeland i undersøkinga si *Ei empirisk gransking av talemålsutviklinga i Kvinesdal, Vest på Agder* konkludert med at den skilnaden som kan ha vore mellom jenter og gutar, har jamna seg ut (Skjøkkeland, 2009, s.156-157). Dette viser også ein studie av dialektendringar som Unn Røyneland gjorde blant ungdommar på Røros og Tynset (Røyneland, 2005). Ifølgje Brit Mæhlum slo kjønn relativt lite ut i forhold til dei språklege trekka som blei undersøkte (Mæhlum, 2008, s. 120) Eg vil i undersøkinga mi sjå om det er skilnad mellom kjønna blant dei yngste av informantane mine (sjå hypotese 6).

### 3.9.2 Alder

Ved å ha alder som variabel kan ein studera både synkron og diakron variasjon. Som menneske går me gjennom ulike livsfasar. I ungdomsalderen er livet prega av ulike gruppedanningar, og derfor er det ungdomsgruppa som oftast er innovatørar av dei nye språktrekka (Sandøy, 2008, s. 213). Om ungdommane held på dei nye trekka når dei veks til, varierer. Dersom dei tek trekka med seg oppover i alder, har ein ei *aldersforskyving*. Andre derimot kan tilpassa språket sitt etter kva for eit miljø det held seg til. Me får som vaksne nye roller, og mange får nye språkhaldningar. På den måten kan ein seia at me som språkbrukarar er prega av dei ulike livsfasane me er i. Dersom ein har språkendingar som følgje av livsfase, har ein språkleg *livsfaseending* (Sandøy, 2008, s. 218). I og med at ungdommane ofte er innovatørar av nye språktrekk, har eg valt å ha ein hypotese slik at eg kan undersøkje om det stemmer at dei yngste brukar dei nye formene meir enn dei eldre årsklassane (sjå hypotese 1).

### 3.10. Ulike faktorar som kan føra til språkending

Det kan vera vanskeleg å veta korfor språket endrar seg, og kva som styrer språkutviklinga. Men likevel kan ein ta utgangspunkt i nokre drivkrefter som kan påverka språkutviklinga. Årsakene til språkendingar kan ein anten finna i språket sjølv eller i samfunnsforhold rundt språket. Årsaker ein finn i sjølve språket, blir kalla indre faktorar, medan årsaker ein finn i samfunnsforholda rundt språket, blir kalla ytre faktorar (Sandøy, 1993 s. 99).

#### 3.10.1 Indre faktorar

Når barn veks opp, lærer dei morsmålet sitt ved å tilpassa språket etter dei sosiale gruppene som omgir dei. Gjennom prøving og feiling vil dei etter kvart byggja opp strukturen i språkkompetansen og læra dei grammatiske reglane. Desse reglane er generaliseringar og gjer innlæringa enklare. Unntaka frå reglane kan vera vanskelegare å læra, noko som kan føra til at det språket dei unge lærer, ikkje nødvendigvis er det same som det den eldre generasjonen nyttar. Dermed kan ein seia at det er godt mogeleg at dei unge lagar eit system som er meir konsekvent enn det dei eldre brukar (Sandøy, 1993, s. 99). Ifølgje Sandøy ligg det i sjølve språksystemet ” eit stadig tildriv til *nyregulering*, og eit levande språk har alltid kime i seg til forandring” (Sandøy, 1993, s. 100).



Sandøy peiker på fleire *indre* endringsfaktorar (Sandøy, 1993, s. 100–104). *Regelinnsnevring* er ein av dei, og det vil seia at t.d. eit lydleg trekk som har vore vanleg i talemålet, blir avgrensa eller borte. Han skriv i boka *Talemål* om morfologiske reglar der han gjer greie for regelen om palatalisering av velarar i m.a. holsmålet. Palataliseringa får ifølgje Sandøy konsekvensar for bøyingsformene av substantiv, adjektiv på *-en* og partisippet av sterke verb (Sandøy, 1993, s.46). Sandøy trekkjer fram at regelen for palataliseringa av velarane er redusert først og fremst i perfektum partisipp av sterke verb. Dermed blir regelen redusert til å gjelda færre ord og i nokre samanhengar avvikla (Sandøy, 1993, s. 101).

Ein har òg *regelutviding* som vil seia at ein regel får auka bruksområde. Eit døme som Sandøy trekkjer fram, er at fleirtal av inkjekjønnsord i ubunden form manglar ei eintydig bøyingsending. Det vil då seia at eit ord som /eple/ er eins i både eintal og fleirtal. I dei talemåla der ein i hokjønn og hankjønn har -r i fleirtal ubunden form fleirtal, vil det vera enkelt ut ifrå at ein er kjent med mønsteret, å setja inn /-r/ i fleirtal ubunden form av inkjekjønnsord. Dermed blir regelen om /-r/ utvida (Sandøy, 1993, s. 101-102).

*Analogi* er òg ein indre endringsfaktor. Eit døme kan vera den tradisjonelle *er*-klassen i hankjønn, som i mange dialektar går over til *ar*-klassen. *Er*-klassen blir av Sandøy presentert som ein uproduktiv klasse fordi han ikkje får ”fleire medlemmer” (Sandøy, 1993, s. 102). Han skriv vidare at denne og tilsvarende klassar blir mindre ”ved at medlemmene går over til produktive klasser” (Sandøy, 1993, s. 102). Denne overgangen er altså analogien, og denne analogien *forenklar* morfologien. I oppgåva mi er dette særst interessant i og med at eg skal undersøkje om det er klasse-samanfall i hankjønn og hokjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle *ar*-klassen og den tradisjonelle *er*-klassen.

*Naturlegheit* er den femte endringsfaktoren. Lettare eller enklare uttale kan gjerne bli bruka som ein slags definisjon på naturlegheit (Skjekkeland, 2009, s.75). Sandøy skriv i *Norsk dialektkunnskap* at innanfor språkvitskapen legg ein vekt på at dersom ” ikkje andre faktorar pressar på i andre retningar – vil språket utvikle seg mot det meir naturlege” (Sandøy, 1991, s. 238). Skarre -r-en kan vera eit døme på det, for enkelte hevdar at han er lettare å uttale enn den fremre-r-en (Sandøy, 1993, s. 104).

### 3.10.2 Ytre faktorar

Årsaker til språkending ein finn i samfunnsforholda rundt språket, blir kalla ytre faktorar. Desse ytre faktorane kan vera knytte til materielle, politiske, sosiale og kulturelle tilhøve.

Noko som kan vera ein ytre faktor for språkending, er den auka geografisk *mobiliteten*. Dei fleste lokalsamfunn i dag har innbyggjarar frå andre dialektområde. Dermed vil ein kunna ha lokalsamfunn med fleire dialektar i bruk (Mæhlum og Røynealand, 2012, s. 142-143). Når innflyttinga frå andre dialektområde er stor, kan det lokale talemålet bli ”utfordra” (Mæhlum og Røynealand, 2012, s.142-143).

I tillegg er det ikkje lenger så vanleg å bu på same plassen heile livet (Skjekkeland, 2009, s. 75). For å ta vidaregåande skule måtte dei eldste informantane mine i Randaberg gå på skule i ein annan kommune. Nokre av dei i den mellomste gruppa kunne gå på vidaregåande skule i bygda, men dei fleste valde å reisa til byen for å gå på vidaregåande. For å ta høgare utdanning i dag må randabergbuane reisa ut av bygda. Dermed vil dei koma i kontakt med folk med andre talemål.

*Prestisje* kan òg vera ein påverknadsfaktor. Språkdrag kan ha ulik prestisje, og dei formene som blir sett på som ”mest korrekt”, vil ein kunne kalla *prestisjeformer* (Skjekkeland, 2009, s. 77). Sandøy definerer prestisjespråk som det talemålet som blir oppfatta som det ”mest korrekte” og det ”mest sosialt aksepterte” (Sandøy, 1993, s.106). Vidare strekar Sandøy under at det er viktig å definera prestisjespråk uavhengig av påverknad. Han seier at sidan me ”så ofte ser at sentrumsmål har stor påverknadskraft, kunne det ligge nær å rekne det som ein prestisjedialekt”(Sandøy, 1991, s. 246). Dette meiner han er feil, og viser til undersøkingar i t.d. Os i Hordaland der bergenske dialektformer er komne inn i talemålet, sjølv om ei haldningsgransking viser at bergensk har låg prestisje (Sandøy, 1991, s. 246 viser til Aarset, 1974, s. 198).

Sandøy meiner at dersom ein skal plukke ut den dialekten som har høgast prestisje i dag, vil ein truleg plukka ut talemålet i Oslo vest. Sandøy refererer til fleire undersøkingar i artikkelen sin ”Driving forces in language change in the Norwegian perspective” som byggjer under dette (Sandøy, 2013).

Ifølgje Skjekkeland er det vanleg at enkelte menneske prøver å leggja talespråket sitt nært *skriftspråket*. Enkelte meiner at dei gjer det for å ”visa status” (Skjekkeland, 2009, s. 79). Sandøy skriv at ”Det vi reknar som prestisjeformer, er i stor grad identisk med ”korrekt” eller normert ”moderat bokmål” (Sandøy, 1993, s.107). Han meiner at det heng ”saman med at skriftmålet gir ei språkform prestisje pga. sin overdialektale funksjon” (Sandøy, 1993, s. 247). Vidare meiner han at me i dag har mykje kontakt med skriftspråket, og dét vil føra til at skriftbildet står sterkare i språkbevisstheita vår. Dermed kan det vera ein faktor som påverkar talemålet vårt (Sandøy, 1993, s. 247).

Det er ikkje berre når det gjeld språkformer skriftspråket kan påverka. Gjennom skulebøker og fagbøker blir alt frå skuleelevar, akademikarar til sjukepleiarar påverka av dei omgrepa som står i bøkene når dei samtaler om faglege emne ( Sandøy, 1993, s. 247). I og med at folk les meir, vil også informasjon om t. d. nye ting koma gjennom det me les. På denne måten kjem nye ord den vegen (Sandøy,1993, s. 247).

Det kan vera vanskeleg å veta kva som er den verkelege årsaka til språkending. Det mest sannsynlege er at fleire faktorar verkar saman. Det gjeld både indre og ytre faktorar. Sandøy hevdar at ”fleire av dei utviklingane vi har tolka som grammatiske forenklingstendensar, er først gjennomført i byane. Og ved at byen dominerer i kontakten med landsbygda, blir denne forenklingstendensen også styrt av ein ytre faktor” (Sandøy, 1991, s. 246). Ein kan på ein måte seia at desse endringsfaktorane skaper vilkår for kvarandre (Sandøy, 1991, s. 246).

### 3.11 Hypotesar

Eg skal kartleggja talemålet i Randaberg å sjå på mønsteret i variasjonen i talemålet. I tillegg vil eg fokusera på om nokre av dei nye talemålstrekka (jf. dei språklege variablane) som ein har funne i Stavanger (Gabrielsen ,1984 og Aasen, 2011), også er komne til Randaberg. Vidare vil eg sjå på om dei nye formene er prestisjeformer i Noreg.

#### 3.11.1: Hypotese 1

*Førekomstane av nyare former aukar jamt med minkande alder (3.12.2)*

For å finna eventuelle endringar er det interessant å sjå bruken av nye trekk og former i dei forskjellige årsklassane. Dersom eit nytt trekk er aukande med lågare årsklasse, kan det tyde

på at trekket er kome inn for å bli. Rett nok veit ein ikkje om dei yngste vil redusera bruken av det når dei blir eldre, men er bruken også stor blant dei middelaldrande, kan ein truleg rekna med at det blir verande framover i tid.

Det er oftast ungdommar som er innovatørar av nye språktrekk (Sandøy, 2008, s. 213) Om dei vaksne har nye språktrekk og bruken aukar med minkande alder, er ein endringsprosess i gang.

### 3.11.2 Hypotese 2:

*Dei språklege endringane går i retning av grammatisk forenkling*

Randabergdialekten har tre kjønn. Hovudskiljet mellom bøyingsmønsteret for hankjønns- og hokjønnsord i ubunden form fleirtal har vore *ar*-ending i hankjønnsorda og *er*-ending i hokjønnsorda, men ein har òg både *er*- og *ar*-klasse i begge genusa. Det vil altså seia at ein har mange ulike mønster for bøyning av substantiva i ubunden form fleirtal. Når det gjeld bunden form fleirtal, har hokjønnsorda endinga *-ene* medan hankjønnsorda har endinga *-ane*.

### 3.11.3 Hypotese 3

*Dei formene som er i frammarsj i Randaberg er dei same som i frammarsj i Stavanger.*

For folk i Randaberg vil Stavanger vera eit kommunikasjonsmidtpunkt. Gjennom intervjuja kom det fram at randabergbuane ofte reiser til Stavanger for å handla og gå på til dømes kino og andre kulturtilbod. Dermed vil randabergbuen vera i språkleg kontakt med nye trekk i Stavanger-dialekten.

### 3.11.4 Hypotese 4

*Dei med høgare utdanning har høgare frekvens av former som er på frammarsj i Stavanger-dialekten.*

Alle informantane med høgskuleutdanning har studert utanfor heimstaden sin. Under intervjuja kom det fram at ingen av dei hadde gått på vidaregåande skule bygda, men i Stavanger. Mange hadde studert i Bergen, nokre i Oslo og andre igjen i Stavanger. Milroy legg vekt på at dei individuelle sosiale nettverka er viktige. Ved å ha budd fleire år utanfor bygda kan det vera at informantane har blitt lausare knytte til dei talemålsnormene som råder i

bygda (Milroy, 1987, s.106) og kanskje tatt opp former som tradisjonelt ikkje høyrer heime i talemålet deira, men som er i frammarsj i Stavanger.

### 3.11.5 Hypotese 5

*Dei formene som er i frammarsj i Randaberg er prestisjeformer i Noreg.*

Er det mogeleg å sjå samanheng mellom prestisjeformer i Noreg og dei formene som er i frammarsj i Randaberg?

Som skriv i tidlegare (jf. 3.10.2) vil ein dersom ein tek utgangspunkt i at ”prestisjespråk” er det språket eller dialekten som er ”mest sosialt akseptert” (Sandøy, 1991, s. 246), i dag truleg plukka ut talemålet i Oslo vest. Sandøy referer til fleire undersøkingar i artikkelen sin *Driving forces in language change in the Norwegian perspective* som byggjer under dette (Sandøy, 2013). Med dette som utgangspunkt kan det gjerne bli lettare å sjå om hypotesen stemmer med dataa.

### 3.11.6 Hypotese 6

*Det er ingen skilnad mellom gutar og jenter blant dei yngste informantane.*

Både Røyneland og Skjekkeland konkluderte i undersøkingane sine med at det var liten skilnad i språkbruken mellom kjønna blant dei yngste informantane (jf. 3.9.1). Eg skal undersøkje om det er den same tendensen i Randaberg blant mine informantar.

## 4 Metode

Metode er ”den *framgangsmåten* vi benytter oss av i en undersøkelse” (Akselberg og Mæhlum, 2003, s. 71). Eg vil i dette kapitlet gjera greia for dei metodevala eg vel å bruka for å finna svar på problemstillinga og å testa hypotesane mine. Det er viktig at val og bruk av metodar er tilpassa føremålet med ei forskingsoppgåve.

Innanfor sosiolingvistikken nytta forskarane i mange år den kvantitative metoden der ein var oppteken av korrelasjon og frekvens. Frå 1980-talet har også den kvalitative metoden vore mykje bruka blant sosiolingvistar. Venås på si side hevdar at: ”Ulike metodar kan fylle kvarandre ut og gå saman om å auke innsikta” (Venås, 1991:195). Sigmund Grønmo deler dette synet og meiner at kvalitativ og kvantitativ metode har ein supplerande funksjon overfor kvarandre (Grønmo, 1996). Han skriv at det er viktig ”å holde fast ved at begrepsparet kvalitativ/kvantitativ i første rekke refererer til en egenskap ved *dataene* som samles inn og analyseres” (Grønmo,1996, s.73).

I tillegg til val av metode er det også viktig med reliabilitet av dei innsamla dataa. Dei må vera pålitelege. Ifølgje Grønmo kjem pålitelegheita til uttrykk ”ved at vi får identiske data dersom vi bruker det same undersøkelsesopplegget ved ulike innsamlingar av data om de same fenomenene” (Grønmo, 2006, s. 220). Det går på at ein er nøyaktig når ein samlar inn data. Derfor er det til dømes viktig å bruka opptaksutstyr når ein skal undersøkje talemål. Vidare må ein som forskar leggja vekt på validiteten av data. Det vil seia at dei dataa som blir samla inn, må vera hensiktsmessige og vera eit uttrykk for det ein spør etter i problemstillinga i undersøkinga. For at data skal vera valide, er for eksempel måten ein grupperer informantane på viktig (Akselberg og Mæhlum, 2003, s. 72).

### 4.1 Kvantitativ metode

Dersom ein ynskjer ei oversikt over variasjonen i språkbruk innanfor eit avgrensa område, og ein skal leggja vekt på språkbruken i ulike sosiale grupper, kan det vera ein fordel å bruka kvantitativ metode. Ein må unngå å byggja å subjektive inntrykk og heller bestemma operasjonaliserbare størrelsar og kvantifisera. Ein treng mange informantar og mange kontrollerbare data. Når det gjeld sosiale størrelsar, kan dei vera alder, kjønn og utdanning eller yrke. ”Det fremste særmerke ved en kvantitativ sosiologisk studie er likevel at en

*kvantifiserer*, dvs. teller og måler, de språklige og sosiale forholdene en ønsker å se i forhold til hverandre”(Akselberg og Mæhlum: 2003, s. 73). Den kvantitative metoden har ifølgje Grønmo mengdeterminer i omtalen av dei innsamla dataa. Han trekkjer inn at dersom ein kan bruka ”mange/få, fleire/færre, fleste/færreste, og så vidare”(Grønmo, 1996, s.74) om data som er samla inn, har ein med kvantitativ metode å gjera. Kvantitative studiar gir ofte resultat som i ulik grad kan bli generalisert (Akselberg og Mæhlum,2003, s.75). I ei kvantitativ undersøking bør ein velja informantar som til saman speglar det samfunnet ein skal undersøka. For å finna informantar kan ein anten bruka såkalla tilfeldig utval ved at ein vel blant alle menneska som tilhøyrrer ei gruppe. Ein kan òg gjera ei meir systematisk utveljing. Ein kan for eksempel ta utgangspunkt i telefonkatalogen og plukka ut for eksempel kvar 30. person i han (Akselberg og Mæhlum, 2003, s.79).

Når ein brukar kvantitativ metode, er formålet med analysen å få ei representativ oversikt over generelle forhold og testa hypotesar og teoriar. Derfor må ein ha ei breidd i utvalet av informantar. I sjølve analysen vil ein ved hjelp av statistiske teknikkar sjå på frekvensar, fordelingar og korrelasjonar (Grønmo, 1996). Labov bruka den metoden som er kalla kvantitativ korrelasjons-sosiolingvistik. Han prøvde ifølgje Venås å finna korrelasjonar mellom sosiale faktorar, f.eks kjønn og ein språkleg variabel (Venås, 1991).

## 4.2 Kvalitativ metode

Kvalitativ metode innanfor sosiolingvistikken blir derimot bruka når ein vil ha meir innsikt og forståing av t.d. språk og identitetskjensle hos konkrete individ, som er brukarar av språket. For å kunna tolka den språklege åtferda til informantane vil ein få intervjuobjekta si eiga oppfatning av røynda og andre ulike faktorar som er viktige for undersøkinga (Akselberg og Mæhlum, 2003, s.81). Kvalitative studiar har i regelen færre informantar enn ein kvantitativ studie og er meir individorientert. Slike kvalitative undersøkingar kan gje informasjon ut over dei individa som har vore med i undersøkinga sjølv om resultatata ikkje statistisk sett er generaliserbare (ibid).

Når ein forskar brukar den kvalitative metoden, er målet å skaffa ei heilskapleg forståing av spesifikke forhold. Framgangsmåten vil vera at ein går i djupn i avgrensa område. For å skapa denne innsikta nyttar forskaren intervju og observasjonar. I motsetnad til den kvantitative forskinga deltek forskaren i innsamlinga av data. Når forskaren sjølv er med i sjølve

innsamlinga, vil det gå føre seg analyse og tolking undervegs i innsamlinga av data. Denne prosessen vil gje forskaren ei forståing og innsikt som kan vera viktig når materialet skal tolkast og analyserast (Grønmo, 1996, s.77).

### 4.3 Komparative metode

I den komparative metoden ligg samanlikning til grunn. Denne samanlikninga kan vera av synkron eller diakron karakter. Komparativ metode inviterer til å finna forklaringar på dei likskapane eller ulikskapane ein finn. I ein komparativ studie kan ein forskar driva med ein indre og ytre komparasjon. Det vil seia at ein kan sjå på indre skilnader eller likskapar eller særtrekk innanfor eit område, eller ein kan samanlikna eitt område med eit anna. For å registrera språkending i eit språksamfunn kan ein anten føreta ein synkron komparasjon mellom for eksempel ulike grupper i tilsynelatande tid eller ein diakron komparasjon i verkeleg tid (Kjeldstadli,1988).

### 4.4. Tilsynelatande og verkeleg tid. Språkleg endring eller språkleg variasjon?

I Labov si undersøking av post-vokalisk /r/ i New York City i 1960-åra kartla han korleis folk uttala ord med post-vokalisk /r/ i tre handlesenter i byen. Desse sentera hadde ulik sosial status. Ein av dei sosiale variablane hans var dermed klassetilhøyrse. Seinare samanlikna han resultatata frå fleire aldersgrupper for på denne måten å sjå om det var endring i tilsynelatande tid (*apparent time*) (Venås, 1991, s. 29). Ved å analysera i tilsynelatande tid kartlegg og samanliknar ein språktrekk i talemålet til ulike aldersgrupper som ein reknar med representerer ulike tidsperiodar.

Ved å undersøkja i tilsynelatande tid overser ein at individa kan endre språket sitt etter kva livsfase dei er i. Men ein veit ikkje om for eksempel ungdomsinformantane vil behalde sine bruksmønster for språkvariantar når dei blir vaksne (Labov,1994).

For å dokumentera språkending betre bør ein forska i verkeleg tid (*real time*). Ved å samanlikna talemålet i eit språksamfunn på ulike tidspunkt, for eksempel av ungdommar med 20 års mellomrom, vil ein ha data som gjer det mogleg å analysera talemålsending i verkeleg tid. Sidan sosiolingvistikken i førstninga stort sett konsentrerte seg om ”byar eller større



urbane sentra” (Akselberg, 2003, s. 147), rekna eg ikkje med å finna nokon eldre undersøkingar av talemålet i Randaberg, noko eg heller ikkje gjorde. Talemålet i bygda er ikkje blitt forska på av dialektologar. Sandvik nemner rett nok fellestrekk ved talemålet i Randaberg og andre stadar i Rogaland (Sandvik, 1979). Sidan eg ikkje har høve til å observera to generasjonar frå bygda som er i same livsfase på ulikt tidspunkt, må eg derfor studera språkendingar i bygda i tilsynelatande tid.

#### 4.5 Val av metode

I sjølve utplukka av informantar bruka eg den kvantitative metoden. Då Labov i skulle føreta ein sosiolingvistisk studie i New York, bruka han tilfeldig utval av informantar (Labov, 1972, s. 44). Eg har gjort eit meir systematisk tilfeldig utval av informantane mine ved å trekka ut kvar 30. person i telefonkatalogen. Deretter har eg knytt dei utvalde opp mot dei to makrososiale faktorane eg bruka, som er alder og kjønn. Men sjølv om utvalet er slik, er det eit kriterium at dei har vakse opp i språksamfunnet etter 6-årsalderen, og at dei bur der no (jf. 4.5). Populasjonen er ikkje alle innbyggjarane (jf. 4.5). Når utvalet er trekt ut etter denne metoden, vil det kunna vera representativt for gruppene eg deler populasjonen inn i. Analysen av det språklege materiale vil òg vera kvantitativ.

Etter uttrekkinga gjennomførte eg parintervju med informantane. Noko av problemet når ein skal undersøka det naturlege, kvardagslege talemålet til informantane, er at sjølve intervjusituasjonen er ein noko kunstig kommunikasjonssituasjon. Kan ein vere sikker på at informantane brukar kvardagsspråket sitt? Labov kalla dette for *The Observer's Paradox* (Labov, 1978, s. 209). Akselberg skriv i avhandlinga si at ein i Noreg har prøvd å sikre naturleg tale ved at intervjuaren kan snakka same dialekt som informantane eller kjenna dei (Akselberg, 1995). Det gjorde ikkje eg, men sidan eg er bergensar og brukar *eg* og *ikkje*, rekna eg med at ingen ville prøva å snakka ”finare” når eg intervjuar dei. Likevel var det ei fare for slik påverknad som eg måtte ha i tankane då eg såg på resultata. Likeins ville eg informera informantane om at eg har arbeidd i kommunen i mange år, for å hindra at dei la om talemålet sitt i frykt for at eg som bergensar, ikkje skulle forstå den lokale dialekten.

For å skapa ein meir naturleg tale hadde intervjuobjekta, bortsett frå to av dei eldste kvinnelege informantane som var aleine, med seg ein god venn eller ei venninne. Utanom ungdommane som blei intervjuar på skulen, og ein av informantane som blei intervjuar på

jobben sin, blei informantane intervjuua heime hos den eine i paret. Ved å ha late rammene vera kjende, trygge og uformelle håper eg at eg har fått inn materiale som i hovudsak viser det daglegdagse talemålet til informantane.

I analysen kjem eg i nokon grad til å samanlikna resultatane mine med trekk og former som Gabrielsen og Aasen har funne i stavangerdialekten.

#### 4.5.1 Dei sosiale variablane

Eg har valt å bruka kjønn, utdanning og alder som sosiale variablar. Dei 24 informantane mine har eg delt inn i tre årsklassar, og kvar årsklasse har fire kvinner og fire menn. Eg kunne sjølvstundt òg delt inn innbyggjarane etter om dei bur på gard eller i byggjefelt. Men eg er usikker på om det hadde endra noko på funna fordi mange av dei som er oppvaksne på gardar, har flytta i byggjefelt. Dermed er ikkje bebruarane i byggjefelta ei homogen gruppe.

#### 4.5.2 Alder

Sidan eg skal sjå på språkleg variasjon og språkleg endring, er alder ein viktig sosial variabel for å visa endring (jf. 3.9.2). Dersom nye språktrekk er komne inn, er det naturleg at dei yngre brukar dette trekket meir enn dei eldre. "(..) prosenttalet for eit nytt fenomen aukar med minkande alder" (Sandøy, 2003: 219).

#### 4.5.3 Kjønn

Den andre sosiale variabelen eg skal bruka, er kjønn (jf. 3.9.1). Ifølgje Mæhlum er jenter og kvinner "dei mest innovative og dei viktigaste leiarane og spreiarane av lingvistiske endringar i frammarsj." Vidare viser ho til Labovs "The gender paradox" der det kjem fram at sjølv om kvinner brukar flest standardformer, er dei òg mest innovative når det gjeld nye, ikkje standardformer. (Mæhlum, 2008, s. 120). Likevel fann Røyneland i studien sin av dialektendringar blant ungdommar på Røros og Tynset: "at kjønn slo relativt lite ut i forhold til de aller fleste av de språklige trekkene som ble undersøkt (Mæhlum, 2008, s. 120).

#### 4.5.4 Utdanning

Eg tok med utdanning som variabel. I og med at Randaberg er ei bygd utan høgskular eller universitet, må innbyggjarane reisa ut av bygda for å studera. Dersom dei reiser til byar som Bergen og Oslo, kan det vera mogleg at dei har slipt av "sterke" dialekttrekk. "Språktrekk

som har ei meir avgrensa geografisk utbreiing, eller som av ein eller annan grunn blir oppfatta som utprega, avstikkande eller ”breie”, har ein tendens til å bli erstatta av variantar med eit vidare regionalt eller nasjonalt bruksområde” (Mæhlum og Røynealand, 2012, s. 126).

Men Skjekkeland refererer til Reidun Hernes (2006) som i følgje han har konkludert med at ”informantar med høgare utdanning har ein tendens til å halda på lokale former, medan informantar med eit lågt utdanningsnivå ser ut til lettare å ta i bruk nivellerte former” (Skjekkeland, 2009, s. 31).

#### 4.6 Informantar

Randaberg har ifølgje Statistisk sentralbyrå 10400 innbyggjarar. I oppgåva mi har eg intervjuet 24 personar, 12 kvinner og 12 menn. Eg har delt informantane inn i tre aldersgrupper eller livsfasar: unge, middelaldrande og eldre. I kvar aldersgruppe er der fire av kvart kjønn.

Tabell 18: Inndelinga av informantane

Den yngste gruppa:	Fødde: 1995-1996	4M og 4K
Dei middelaldrande	Fødde: 1962-1977.	4M og 4K
Dei eldre	Fødde: 1947-1952	4M og 4K

Dei unge er frå 15-16 år, midtgruppa er i 35-51 år, medan dei eldste er i alderen 61–72 år. På denne måten følgjer eg til ein viss grad inndelinga til *Dialektendringsprosjektet* ved å dela informantane inn i tre årsklassar ”som tydeleg gjenspeglar ulike livsfasar” (Anderson, 2013). Eg vil altså samla inn data frå informantar som er midt i ungdomsåra, men som framleis går på ungdomsskule i bygda. Dessutan vil eg ha ei midtre gruppe som er midt i sin yrkesaktive alder, og endeleg vil eg sjå på informantar som er anten heilt i slutten av yrkeslivet eller alt er blitt pensjonistar (Anderson, 2013).

Eg har sett visse kriterium for å vera informant. Eg har bruka nokre av retningslinjene til *Dialektendringsprosessar*. Ei av dei er at informantane skal ha vakse opp i språksamfunnet og budd der sidan dei var seks år. Årsaka til at ein har sett ei grense ved seks år, er at dersom ein kjem til ein stad når ein er eldre, er det ikkje like sikkert at ein lærer dialekten i det nye språksamfunnet (Anderson, 2013). Men ingen av dei vaksne informantane mine har budd heile livet sitt i Randaberg. Nokre av dei flytta ut i vaksen alder, men flytta heim att seinare til

bygda. Desse er godtekne som informantar av *Dialektendringsprosessar*<sup>15</sup> fordi ein reknar med at utflyttarar som kjem heim, vil gå tilbake til heimespråket sitt når dei kjem att til heimlassen sin.

I utgangspunktet hadde eg sett aldersspennet i den eldste gruppa frå 60-80 år. Men etter å ha ringt til to på 80 år og ein var død og ein var på sjukheim og ikkje lenger særleg talefør, bestemte eg meg for å setja den øvre grensa til 75 år.

Gunnstein Akselberg hevdar at ”kodifiseringa (dvs. fastsetjing) av meir ”varige” talespråklege (dialektale og sosiale) trekk skjer gjennom ein prosess (...), som skjer frå rundt 7-årsalderen til 16-17-årsalderen.” (Akselberg, 2001, s. 189). Sandøy viser til Kerswill og peiker på at ungdomsgruppa frå 14 – 18 er dei som skapar flest språkendringar (Sandøy, 2008)

#### 4.6.2.1 Dei yngste informantane

Når det gjeld den yngste informantgruppa, bestemte eg meg for å intervjuar elevar som gjekk i 10. klasse. Alle elevane var over 15 år, og dermed trong eg ikkje samtykke frå føresette. Randaberg kommune har tre ungdomsskular: Grødem, Harestad og Goa. Harestad skule har elevar frå både gardar og byggjefelt og ligg i ”bydelen” Sentrum i Randaberg. Grødem ungdomsskule ligg aust i bygda, medan Goa ligg vest i kommunen. Sidan Harestad skule har elevar frå dei gamle ”gardsområda” og byggjefelta, valde eg å finna alle dei yngste informantane der. Eg kan sjå at dette kan vera ei metodisk svakheit at eg berre har elevar frå ein skule, men eg meiner at sidan denne skulen har elevar frå ulike område i bygda, vil utvalet vera representativt for ungdommane i bygda. Årsaka til at eg intervjuar elevar i 10. klasse og ikkje elevar på vidaregåande, var at på ungdomsskulen vil informantane vere ”omgjevne” av sambygdingar; på vidaregåande vil dei ofte vera i lag med elevar frå byen.

Eg tok kontakt med skulen og fekk sendt over elevlista per e-post. Det var 64 elevar i 10. klasse. Eg delte lista i to etter kjønn og plukka ut kvar femtande elev, slik at eg hadde to jenter og to gutar. Desse skulle ta med seg ein god venn eller venninne slik at talet på informantar

---

<sup>15</sup> <http://folk.uib.no/hnohs/Talebanken.html>

blei åtte. Deretter tok eg kontakt med avdelingsleiar og bad han dela ut prosjektbeskrivinga til dei som var trekte ut. Me avtalte at eg skulle intervjuar dei på skulen, og at kvar informant skulle ta med seg ein god venn eller ei venninne. For å sikra at fire av informantane var gutar og fire jenter, skulle jentene ta med ei venninne og gutane ein ven. Tidspunkt for intervjuar blei òg fastsett.

Då eg møtte opp til intervjuar, viste det seg at to av elevane ikkje ville vera med på undersøkinga. Eg gjekk då til nestemann på lista. Etter at eg hadde fått to nye informantar, måtte dei to siste finna ein medinformant. Det gjekk fort og greitt. Før eg sette i gang med intervjuar, sjekka eg om informantane var oppvaksne i språkområdet, noko dei var. Informantane budde på ulike stader i bygda.

#### **4.6.2.2 Dei vaksne informantane**

Midtgruppa av informantar var mellom 35 og 51 år, og dei eldste var mellom 60 og 72 år. For å finna desse informantane slo eg opp i telefonkatalogen og trekte ut kvart 30. namn. Deretter gjekk eg inn i skattelista frå 2009 for å finna fødselsår. Skattelista for skatteåret 2009 var den nyaste skattelista som p.t. låg ute. Eg sjekka alderen til dei uttrekte, og eg laga meg ei liste på 20 namn og grupperte dei etter alder og kjønn. Årsaka til at eg samla 20 i staden for berre dei åtte eg eigentleg trengte, var erfaringane frå intervjuar med ungdommane. Dersom nokon ikkje ville eller ikkje kunne delta, kunne eg berre gå vidare på lista.

##### **4.6.2.2.1 Dei eldste informantane**

Etter at eg hadde funne aktuelle informantar, begynte eg ringerunden. Eg starta med dei eldste. Dei eldste informantane er mellom 61 og 72 år. Mennene var positive, mens damene eg ringde til, var meir skeptiske, og fleire takka nei. Omsider fekk eg ei som var interessert. Ho fekk raskt tak i ei venninne som ville delta i undersøkinga, men det var vanskeleg å få endå ein informant. Eg tok kontakt med rettleiar i Bergen og spurde om det var greitt å trekkja inn andre som kunne ringa. Dette fekk eg godkjenning til. Dermed tok eg kontakt med ei som bur i Randaberg, og som har mykje kontakt med dei eldre. Ho snakka med ei av dei uttrekte som då sa ja. Men ho hadde problem med å finna ei venninne som ville vera med. Det gjekk fleire veker utan at ho klarte å få med seg nokon. Eg bestemte meg då for å intervjuar ho aleine. Då eg hadde intervjuar ho, begynte eg å leita vidare på lista over kvinnelege informantar. Etter fleire nei enda eg opp med ei som sa ja med ein gong.

Alle dei mannlege informantane er yrkesaktive, medan berre ei av kvinnene er yrkesaktiv. Dei tre andre kvinnene var pensjonistar, men hadde vore yrkesaktive tidlegare. Som blant dei yngste informantane, er dei eldre frå ulike stadar i bygda. Det som likevel skil dei to gruppene, er at fleire av dei eldre kjem frå gard i motsetnad til det dei yngre gjer.

Eg avtalte tid og stad for intervju. Alle intervju utanom eitt gjekk føre seg heime hos dei eg ringde til. Den eine kvinnelege informanten blei intervju på arbeidsplassen sin.

#### **4.6.2.2 Dei middelaldrande**

Då eg skulle intervju dei middelaldrande, starta eg med mennene. Det gjekk fort og greitt å få avtale med dei. Dei var positive til å bli intervju. Informantane er frå ulike delar av bygda. Ein av informantane er frå eit byggjefelt frå 1970-åra der det då stort sett er flytta inn folk frå Stavanger.

Ut ifrå erfaring med manglande interesse eller vilje til å bli intervju blant dei eldre kvinnene, tok eg kontakt med ei dame i 40-års alderen frå Randaberg då eg skulle begynna å intervju middelaldrande kvinner. Eg ga ho lista over dei som var trekte ut. Allereie etter nokre dagar hadde ho laga avtalar med dei. Som i tilfelle med dei andre vaksne informantane intervju eg kvinnene i heimen deira. Halvparten av desse informantane kom frå gard.

#### **4.6.2.3 Speglar informantane bygda Randaberg?**

Oppvekststadane til informantane viser at kommunen er godt ”dekt” geografisk sett. Vidare viser det seg at nokre av informantane er vaksne opp på gard, medan andre er vaksne opp i område med byggjefelt. I den midtarste og den eldste gruppa er det fleire av informantane som har budd nokre år i Stavanger og andre større byar i Noreg, mens nokre har berre budd i bygda. Blant informantane i den yngste gruppa hadde to av informantane utanlandske foreldre, men ungdommane snakka ”kav” norsk.

#### **4.7. Korleis skal eg henta inn data?**

For å skaffa informasjon om informantane sitt talemål bruka eg intervju/samtale og opptakar. Likevel kan eg ikkje vera heilt sikker på at eg får informantane sitt eigentlege daglegdagse talemål. I og med at situasjonen er noko kunstig, kan det vera at informantane legg om talemålet sitt. Eit anna moment som eg òg var oppteken av, var at folk kunne overdriva bruk av ”gamle” former fordi dei visste at intervjuet hadde med talemål å gjera. Når eg har valt å

ha parintervju, der den utvalde har med ein god venn eller ei venninne, trur eg at det kan vera lettare å få eit meir daglegdags talemål. Dei vil kunne kontrollera kvarandre og dermed hindra at dei forandrar på språket i intervjusituasjonen.

Ved at intervjuja finn stad heime hos ein av informantane, kan intervjusituasjonen bli ein meir kvardagleg situasjon. I tillegg har eg spørsmål om daglegdagse emne som kan engasjera informantane slik at dei slepper seg meir laus og brukar daglegtalemålet sitt. Det som er viktig i denne delen av intervjuet, er altså at informantane skal vera avslappa og snakka så vanleg som mogleg.

Eg har tatt utgangspunkt i ein samtalegaid frå prosjektet *Dialektendringsprosessar* I denne gaiden kallar dei den første delen av intervjuet for *fri samtale*. Etter den frie samtalen presenterte eg nokre bilde for informantane. Desse bilda har motiv der informantane må uttala nokre av dei lydane eg er på jakt etter, og som ikkje er så høgfrekvente i daglegtale. Dette gjer eg for å vera sikker på at eg får belegg på dei variablane eg har. Ved nokre av bilda skal informantane berre kommentera det dei ser, medan dei ved andre bilde skal laga eit rollespel ut ifrå bilda. For å få diskusjon og fri tale mellom dei to informantane har eg eit kart over Rogaland der dei gjennom diskusjon med kvarandre skal diskutera kva for nokre dialektar som er mest lik deira eigen.

Samtalegaiden frå *Dialektendringsprosessar* er laga med spørsmål som er tilpassa aldersgruppa. For dei yngre vil spørsmåla handle om lokalsamfunn, skule, fritid og framtidsutsikter. For dei eldre gruppene er det naturleg å snakka om fortid, arbeid, venner, notid og framtid.

Då eg var ferdig med samtalen, fylte informantane ut eit skjema med nokre spørsmål om bakgrunn, utdanning, kva talemål som dei meiner dei brukar, og kor dei har budd i løpet av levetida si.

Eg tok opp samtalene og transkriberte dei etterpå. Tida per intervjuopptak var om lag 45-60 minutt per parintervju og ca. 25 minutt på enkeltintervju.

### 4.7.1 Intervjua

Før eg starta med intervjua, snakka eg litt lausleg med informantane for å leggja forholda til rette for ein god kommunikasjonssituasjon. Eg fortalde at eg har jobba mange år i bygda. Det gjorde eg bevisst for at dei ikkje skulle normalisera dialekten sidan eg er frå Bergen.

I løpet av denne samtalen viste det seg at det blant den midtre og eldre gruppa var mange av informantane som visste kven eg var, eller som hadde vennar som kjende meg. Det gjorde intervjusituasjonen meir avslappa. Alle informantane las gjennom prosjektbeskrivinga og underteikna ei samtykkeerklæring. Ved å lesa om prosjektet var dei klar over at det hadde noko med talemål å gjera, men dei visste ikkje eksakt kva eg såg etter.

Intervjua av den yngste informantgruppa blei gjennomført på skulen og i skuletida. Alle desse intervjua blei gjort i løpet av ein skuledag. Dei vaksne derimot blei intervjua heime hos informantane bortsett frå ei som blei intervjua på jobb.

Intervjua var delte i tre delar. Først hadde eg fri samtale til dels styrt av ein samtalegaid, deretter bilde informantane kommenterte. Etter på fekk dei eit kart over Rogaland kor dei skulle finna dei områda der folk snakka mest likt dei sjølv.

Til slutt fylte dei ut eit skjema med bakgrunnsinformasjon. Då intervjua var ferdige, snakka me laust og fast om Randaberg.

Då eg skulle intervjua den yngste informantgruppa, fekk me tildelt eit grupperom med relativt mykje arbeidsstøy utanfor. Heldigvis reagerte ikkje informantane noko på det, likevel opplevde eg det som intervjuar litt forstyrrande undervegs. Men då eg hørde på banda etter på, var opptaka gode.

Informantane var lette å snakka med. I nokre par var gjerne den eine meir talefør enn den andre og snakka då relativt mykje meir enn makkeren. Intervjugaiden var god å ha for å halde samtalen i gang. Informantane kommenterte bilda greitt, og dei diskuterte seg i mellom kva for dialekt i nabokommunane som likna deira mest.

Eg intervjua dei eldste informantane før dei middelaldrande. Eg starta med å fortelja at eg har jobba i mange år i bygda. Det gjorde eg bevisst for at dei ikkje skulle normalisera dialekten. Det var ikkje noko problem å gjennomføre den frie samtalen med dei eldre informantane.



Intervjugaiden var eit godt utgangspunkt for ein samtale, men etter kvart blei det ein god diskusjon mellom informantane. Dei snakka mykje om bygda og særleg om eldre tider. Når det gjeld bileta, sleit desse informantane litt meir enn dei unge, men eg fekk med dei språktrekka eg ville undersøkje. Ein av grunnane til at dei sleit med bilda, var at nokre ikkje såg godt nok kva bilda førestilte. Då eg forklarte, gjekk det bra. Den siste delen der dei skulle finna dialekten som var mest lik, gjekk òg greitt.

Til slutt intervjuar eg dei middelaldrande. Dei var engasjerte og snakka mykje, særleg tre av para. Både bileta og diskusjonen om kva dialektar som er lik deira, føregjekk med engasjement.

Ei metodisk svakheit med bilda var at eg hadde skrive nokre ord ved sida av bileta, og det gjorde at nokre av dei eldre informantane litt usikre. Dei forstod ikkje heilt kva dei skulle gjera. Men gjennom vidare samtale reiv dei seg laus frå teksten, og eg fekk dei dataa eg trong.

#### **4.7.3 Normalisering, knot, overdriven dialektbruk eller naturleg tale?**

I løpet av det første intervjuet med dei eldste fekk eg ei rekkje opplysningar som eg kunne bruka vidare i dei andre intervjuar. Det var fleire lokale saker som engasjerte folk i bygda. Ved å snakka om saker som engasjerte dei, håpa eg at eg fekk tale som var nær den daglegdagse talen.

Etter at eg slo av opptakaren, snakka eg litt meir med informantane. Gjennom desse samtalan fekk eg då veta at to av informantane frå gruppa med dei middelaldrande kodeveksla i stor grad. Dei snakka ”kav randabergdialekt” med foreldra, men snakka meir bokmålsprega talemål på jobb og med barna. Det normale for dei no, var ifølgje dei, meir bokmålsprega talemål. Blant dei eldre var det òg ifølgje dei sjølv noko kodeveksling. Dei slo om og bruka færre gamle former og ord når dei snakka med barnebarna.

Labovs nemning ”The observer’s Paradox” (Labov, 1978) slår meg når det gjeld intervjusituasjonen med opptakar. Informantane mine visste at intervjuet hadde med talemål å gjera. To av dei eldste kvinnene snakka litt ”breiare”, dvs. med meir markerte eller arkaiske dialekttrekk (jf. 3.11.1) under intervjuet enn etter intervjuet, noko som kan tale for Labovs metodekritiske synspunkt.

## 4.8 Behandlinga av materialet

Til saman har eg 24 informantar og 13 lydfile. 11 av lydfileane er parintervju og varer ca. ein time, medan to av enkeltintervjua varer ein halv time, slik at kvar informant har ei taletid på ca. ein halv time.

Etter kvart som eg var ferdig med eit intervju, sende eg lydfileane til Universitetet i Bergen der dei blei overførte til *Talebanken*. Eg starta med transkriberinga då eg var ferdig med dei fire første intervjua. Som studentane som deltok i prosjektet *Dialektendringsprosessar* transkriberte eg intervjua til nynorsk standardortografi. Sjølve arbeidet med transkriberinga tok om lag 300 timar. Noko av grunnen til at det tok så lang tid, var at eg hadde svært talemåte informantar som snakka ein del i munnen på kvarandre. I tillegg bruka eg utruleg lang tid på å transkribere dei første intervjua før eg fekk betre kontroll på teknologien.

Det skriftlege arbeidet blei korrekturlese ved Universitet i Bergen og deretter returnert til meg. Eg retta feila og flytta enkelte grenser eg hadde plassert feil i lydfileane. Det korrigerde materialet blei då overført til *Talebanken*. Deretter begynte eg å merka belegga i variablane eg skulle bruka til å laga statistikkar og deretter analysere. Dette arbeidet gjer ein i *Talebanken*, og det går ut på å søkja opp variablane, høyra på variantane og markera dei. Eg hadde i nokre høve litt problem med å skilja ut variantane på to av variablane, men eg fekk god hjelp av to ungdommar og ein vaksen frå nærmiljøet. Eg reknar det som ei ekstra kvalitetssikring. Dette arbeidet gjekk relativt fortare enn transkriberinga.

Då materialet var merkt, kunne eg be programvara i *Talebanken* produsere frekvensanalysar kryssa med dei ønskte ikkje-språklege variablane. Tabellane med statistiske analysar blei lasta inn i Excl der eg kunne laga penare tabellar og figurar til presentasjonen i masteroppgåva.

## 5 Presentasjon av resultata

Eg har valt å bruka ulikt tal med tabellar per variabel, men eg vil bruka ein tabell som viser det totale bildet som første tabell i alle variablane. Den andre tabellen viser dialekttrekk gruppert etter årsklassar der klassane er delte inn i E:1923-1952 som dei eldste, M: 1953-1982 som dei middelaldrande, og Y: 1983-2012, som er dei yngste. På denne måten kan eg sjå om det er variasjon mellom årsklassane, og om det er ein tendens til endring. Eg har i somme variablar tabellar gruppert etter kjønn. Ifølgje Sandøy er det i nyare tettstader funne mønster med skilnad mellom kjønna hos dei yngste, medan dei eldre har mindre kjønnsvariasjon. Det kan ha samband med at dei eldste voks opp før bygda blei ein stor tettstad (Sandøy, 1993, s. 81). Skjekkeland på si side viser i undersøkinga si frå 1980-åra at det var liten skilnad i språket mellom gutar og jenter (Skjekkeland, 2009, s.156). Det vil derfor vera interessant å sjå om eg finn skilnader mellom kjønna i dei forskjellige årsklassane, og eg har i somme variablar kryssa årsklassar med kjønn. I nokre av variablane har eg gruppert informantane etter utdanning. Det er grunnskule, høgskule og yrkesfag. Ein kan gjerne ha i bakhovudet når ein les tabellen, at dei med høgskuleutdanning kan ha høgstatusyrke. I alle variablane har eg kryssa utdanning med årsklassar. I materialet mitt er alle dei yngste informantane representerte i grunnskulegruppa. I tabellane (og overskriftene) har eg valt å ikkje bruka kursiv på endingane og lydane, medan i kommentarteksten til kvar tabell og figur markerer eg dei med kursiv.

### 5.1 Signifikans

Materialet mitt frå Randaberg er blitt signifikanttesta av universitetslektor Edit Bugge. Ho har bruka Anova-test der det er meir enn to bakgrunnsvariablar, og "2-tailed t-test" der det berre er to. I presentasjonen av resultata legg eg inn ein ekstra "boks" under resultata i tabellen for å visa kva skilnader som er signifikante. Eg skriv ikkje inn noko der skilnadene ikkje er signifikante. I tabell 19 er det ei oversikt over signifikansnivåa og korleis dei er avmerkte.

Tabell 19: Oversikt over signifikantnivåa

Probabilitetsnivå	Symbol	Betydning
$p \leq 0,001$	***	Svært høg signifikans
$0,001 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 < p \leq 0,10$	T	Tendens
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikans

## 5.2 Tabellane med kommentarar.

### Variabel 1: Stemte og ustemte plosivar

Tabell 20: Bruken av stemte og ustemte plosivar blant alle informantane i Randaberg (var.1)

	p, t, k		b, d, g		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Total	261	16,7	1301	83,3	1562	100

Randaberg høyrer til området med blaute konsonantar. Tabell 20 viser bruken av blaute og harde konsonantar blant informantane i Randaberg. I dei 1562 belegga blei det bruka 83,3 % stemte plosivar, medan det blei bruka 16,7 % ustemte. Av tabell 21 nedanfor ser me ein tydeleg minkande bruk av stemte plosivar etter årsklassane. Dei eldste informantane bruka berre i 8,7 % av tilfella dei ustemte plosivane, medan den yngste gruppa bruka dei ustemte plosivane i 24,9 % av tilfella. Den midtre aldersgruppa brukar i vesentleg mindre grad dei stemte plosivane enn dei eldre. Medan dei eldre hadde 91,3 prosent, hadde den midtre gruppa 81,1 % treff. Fallet i bruk av stemt *b, d, g* er på 16,2 % over tre generasjonar.

Totalt sett ser det ut som om dei ustemte plosivane er på frammarsj i Randaberg. Også Finn Gabrielsen viser i undersøkinga si frå Stavanger for ein generasjon sidan at det var ein svak tendens til overgang frå *b, d, g* til *p, t, k* blant ungdommar i Stavanger (Gabrielsen, 1984, s.

114). Vidare viser Aasen (2011) i oppgåva si at dei unge informantane brukar variantar med harde konsonantar i ca. 30 % av tilfella, altså noko meir enn Randaberg-ungdommane. Dersom den middelaldrande gruppa hadde vore nærast lik den eldre, kunne ein kanskje ha tolka det som eit aldersfasettrekk (altså som eit ungdomsfenomen), men i og med at det er større avstand mellom dei eldste informantane og dei mellomste enn mellom dei mellomste og dei yngste, kan ein rekna med at det er eit trekk som viser endring i talemålet i Randaberg. Ein ser altså ein tendens til aukande bruk av *p*, *t*, *k* tilsvarande tendensen i Stavanger-talemålet.

**Tabell 21: Bruken av stemte og ustemte plosivar gruppert etter årsklassar (var.1)**

Årskl.	p, t, k		b, d, g		I alt	
	N	%	N	%	N	%
E:1923-1952	55	8,7	576	91,3	631	100
M:1953-1982	83	18,9	355	81,1	438	100
Y:1983-2012	123	24,9	370	75,1	493	100

**Tabell 22: Bruken av stemte og ustemte plosivar gruppert etter kjønn (var.1)**

Kjønn	p, t, k		b, d, g		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinner	143	22,2	562	77,8	705	100
Menn	118	16,2	739	83,8	857	100

Tabell 22 viser at det er fleire kvinner enn menn som brukar dei harde konsonantane. Medan kvinnene i ca. 22 % av tilfella bruka harde konsonantar, brukar mennene dei i ca. 16 % av tilfella.

Tabell 23: Bruken av stemte og ustemte plosivar gruppert etter kjønn og årsklassar (var.1)

Årskl./kjønn	p, t, k		b, d, g		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinner						
E:1923-1952	25	8,7	263	91,3	288	100
M:1953-1982	64	29,9	150	70,1	214	100
Y:1983-2012	54	26,6	149	73,4	203	100
Menn						
E:1923-1952	30	8,7	313	91,3	343	100
M:1953-1982	19	8,5	205	91,5	224	100
Y:1983-2012	69	23,8	221	76,2	290	100

Tabell 23 viser årsklassar kryssa med kjønn. Ved å kryssa årsklassar med kjønn kan ein sjå om ein eventuell kjønnsvariasjon er ulik i dei forskjellige årsklassane. I tabell 23 ser me som i tabell 21 at det er få av dei eldste informantane som brukar harde konsonantar. I tabellen ser ein òg at det i denne aldersgruppa ikkje er nokon skilnad mellom kjønna i bruken av dei harde konsonantane. Både mennene og kvinnene brukar dei harde konsonantane i berre ca. 9 % av tilfella.


I den midtarste aldersgruppa derimot ser ein stor skilnad mellom kjønna i bruken av dei harde konsonantane. I nesten 30 % av tilfella brukar kvinnene i denne gruppa harde konsonantar, medan mennene brukar dei berre i ca. 8 % av tilfella. Dermed ser det ut til at middelaldrande kvinner er dei som har gått føre i omleggingsprosessen.

I den yngste gruppa av informantar viser tabellen at det er liten skilnad på bruken av dei harde konsonantane mellom kjønna. Tala viser at gutane brukar harde konsonantar i ca. 24 % av tilfella, medan jentene brukar dei i ca. 27 % av tilfella. Vidare viser tabellen at blant kvinnene har ikkje bruken av dei harde konsonantane (26,6 %) auka i forhold til kvinnene i den midtarste gruppa (29,9 %). Dei yngste kvinnene brukar variantar med harde konsonantar faktisk noko sjeldnare, men det er ikkje snakk om store skilnader. Gutane derimot brukar variantar med *p*, *t*, *k* i mykje større grad enn dei middelaldrande mennene. Sjå figur 5.

I denne variabelen er det ingen signifikante skilnader, og det fortel at det er nokså stor intern, altså individuell, variasjon i gruppene. Ei venta jamn stigning frå eldre til yngre i den nye varianten blir broten av mellomgruppa, og brotet går i ulik retning for menn og for kvinner.

Det kan understreke nettopp at dei individuelle skilnadene er så store at talet vårt på informantar er for lite til å gi eit påliteleg gjennomsnitt.

Figur 5: Bruken av ubestemte plosivar gruppert etter kjønn og årsklassar (var.1). Skåre i prosent .



I figur 5 ser ein at det truleg er dei middelaldrande kvinnene som har starta bølga med *p, t, k*, og at dei yngste informantane har fortsett trenden.

Tabell 24: Bruken av stemte og ustemte plosivar gruppert etter utdanningsnivå (var.1)

Utdanningsnivå	p, t, k		b, d, g		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Grunnskule	126	15,3	421	84,7	547	100
Høgskule	108	18,6	474	81,4	582	100
Yrkesskule	27	6,2	406	93,8	433	100

I denne tabellen ser ein at dei med yrkesskulebakgrunn brukar i berre ca. 6 % av tilfella variantar med *p, t, k*. Dei med høgskule, derimot, brukar *p, t, k* i ca.18 % av tilfella, medan informantar med grunnskule brukar dei harde konsonantane i ca. 15 % av tilfella. Dermed skil dei med yrkesskule seg ut ved at dei ikkje brukar *p, t, k* i særleg stor grad. Når det gjeld gruppa med grunnskuleutdanning, er alle dei yngste informantane i denne gruppa saman med nokre av dei eldste informantane. I tabell 21 ser ein at bruken av *p, t, k* er på ca. 25 % blant dei

ynge informantane. Ettersom utdanningsnivået har endra seg med årsklassane, bør desse tala sjåast i samanheng med alder, som i tabell 25.

Tabell 25: Bruken av stemte og ustemte plosivar gruppert etter utdanningsnivå og årsklasse (var.1)

Utdanningsnivå/alder	p, t, k		b, d, g		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Grunnskulen						
E:1923-1952	3	5,6	51	94,4	54	100
M:1953 -1982	0	0	0	0	0	0
Y:1983-2012	123	24,9	370	75,1	493	100
Høgskulen						
E:1923-1952	32	12,3	229	87,7	261	100
M: 1953-1982	76	23,7	245	76,3	321	100
Yrkesfag						
E:1923-1952	20	6,3	296	93,7	316	100
M:1953-1982	7	6	110	94	117	100

Denne tabellen viser utdanning kryssa med årsklassar. Det er ingen signifikante skilnader her, men med tanke på at me likevel kan finne eventuelle gjennomgåande mønster på tvers av variablar, legg me merke til i denne tabellen at ingen av dei middelaldrande har berre grunnskule, og derfor er det treff berre frå den eldste gruppa og alle dei yngste informantane. Tala i tabellen viser at blant dei yngste brukar ca. 25 % *p, t, k*, medan informantane blant dei eldre med grunnskule brukar *p, t, k* i berre ca. 6 % av tilfella.

Når det gjeld dei informantane med høgskule, ser ein av tala at informantane frå den eldste gruppa brukar *p, t, k* i meir enn dobbelt så mange tilfelle (12,3 %) som dei eldre informantane med berre grunnskule (5,6 %). Vidare kan ein sjå at informantane i den midtarste gruppa med høgskule brukar variantar av *p, t, k* i ca. 24 prosent av tilfella, noko som er dobbelt så mykje som dei eldre med høgskuleutdanning.

Blant informantane med yrkesfag er det liten skilnad i bruken av dei harde konsonantane, både dei eldste og dei middelaldrande informantane brukar i ca. 6 % av tilfella *p, t, k*. Dei blaute konsonantane står altså sterkast hos dei med yrkesfagleg bakgrunn/utdanning.



I kryssinga alder og utdanningsnivå finn ein størst skilje i bruk av *p*, *t*, *k* i gruppa middelaldrande. Viss informantane har yrkesfagleg bakgrunn, brukar dei *p*, *t*, *k* i berre 6 % av tilfella, medan dei med høgskule brukar *p*, *t*, *k* i 23,7 % av tilfella.

## Variabel 2: Infinitivmorfemet

Tabell 26: Infinitivmorfemet i Randaberg (var. 2)

Infinitiv	e		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Total	189	24	599	76	788	100


Talemåla i Rogaland har *a*-infinitiv, men i Stavanger har ein i høgare talemål hatt *e*-infinitiv. Finn Gabrielsen konkluderte i undersøkinga si at *a*-infinitiven var ekspansiv (Gabrielsen, 1984), medan Kristine Nymark Aasen viser at bruken av *e*-infinitiv blant dei unge har auka dei siste tiåra (Aasen, 2011). Ut ifrå tabell 26 kan ein sjå at 24 % prosent av informantane i Randaberg brukar *e*-infinitiv, noko som viser at *e*-infinitiven også er komen til Randaberg.

Tabell 27: Infinitivmorfemet gruppert etter årsklassar (var. 2)

Årsklassar	e		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%
E:1923-1952	61	18	277	82	338	100
M:1953-1982	45	21,4	165	78,6	210	100
Y:1983-2012	83	34,6	157	65,4	240	100

I denne tabellen ser ein aukande bruk av *e*-infinitiv dess yngre årsklassar. Men medan det berre er vel 3 % fleire blant middelaldrande i forhold til dei eldre, ser ein at det er eit stort sprang frå dei middelaldrande til dei unge. Dei yngre brukar *e*-infinitiven i 13,2 % fleire tilfelle enn dei middelaldrande. Her er altså ei jamt aukande kurve for *e*-infinitiven, som me kan venta oss i ein historisk endringsprosess, men ingen av skilnadene er signifikante.

Figur 6: Infinitiv etter årsklassar (var 2). Skåre i prosent.



Figur 6 viser fleire førekomstar av *e*-infinitiv dess yngre informantane er. Ein kan også sjå at dei unge brukar *e*-infinitiv i nesten dobbelt så mange tilfelle som dei eldste.

Tabell 28: Infinitivsmorfemet gruppert etter kjønn (var. 2)

Kjønn	e		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	87	28,7	248	71,3	335	100
Mann	102	25,5	351	74,5	453	100

I tabell 28 ser ein at dei kvinnelege informantane brukar *e*-infinitiven i noko større grad enn mennene, men skilnaden er berre på 3,2 %.


Tabell 29: Infinitivsmorfemet gruppert etter årsklasse og kjønn (var. 2)

Ald./kjønn	e		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne						
E: 1923-1952	38	28,4	96	71,6	134	100
M: 1953-1982	20	17,2	96	82,8	116	100
Y: 1983-2012	29	34,1	56	65,9	85	100
Mann						
E: 1923-1952	23	11,3	181	88,7	204	100
M: 1953-1982	25	26,6	69	73,4	94	100
Y: 1983-2012	54	34,8	101	65,2	155	100

Blant dei yngste informantane er det liten skilnad mellom kjønna. Både gutane og jentene brukar *e*-infinitiv i ca. 34 % av tilfella. I den midtre gruppa, derimot, kan ein sjå at langt fleire menn brukar *e*-infinitiv enn kvinner. Berre 17,2 % av kvinnene brukar *e*-infinitiv, medan dei middelaldrande mennene brukar han i 26,6 % av tilfella. Når ein ser på den eldste gruppa av informantar, ser ein at der er stor skilnad på bruken av *e*-infinitiv mellom kjønna. Kvinnene i denne gruppa brukar *e*-infinitiv i 17,1 % fleire tilfelle enn mennene.

Ved å sjå på utviklinga av bruken av *e*-infinitiv kan ein lesa av tabellen at mennene har hatt ein gradvis auke frå 11,3 %–34,8 %. Spranget mellom generasjonane er størst mellom den eldste og den midtarste gruppa. Her er det ein auke på 15,3 %. Mellom den midtarste gruppa og dei yngste er auken 8,2 %. Igjen viser kvinnene avvik frå ei jamt aukande kurve.

Figur 7: Bruken av *e*-infinitiv blant menn i ulike årsklassar (var.2). Skåre i prosent.




I figur 7 kan ein sjå den nokolunde jamne auken av *e*-infinitiv blant menn. Kurva viser at stiginga er størst mellom dei eldste og dei middelaldrande, og at ho er noko slakkare mellom dei middelaldrande og dei yngste.

Blant kvinnegruppene er utviklingslinja noko annleis. Den eldste gruppa brukar *e*-infinitiv i 28,4 % av tilfella, noko som er 11,2 % meir enn dei middelaldrande. Ut ifrå tala ser det ikkje ut som at dei middelaldrande har ”hoppa” på den same bølga som dei eldste.

Variasjonsmønsteret blant dei yngste, derimot, viser at dei har fortsett mønsteret til dei eldste og har auka bruken av *e*-infinitiv til 34,1 %.

Figur 8: Bruken av *e*-infinitiv blant kvinner i ulike årsklassar (var. 2). Skåre i prosent.



I figur 8 ser ein at kurva for bruken av *e*-infinitiv er nærast forma som ein v. Her ser ein at dei eldste har klårt høgare bruk av *e*-infinitiv enn dei middelaldrande medan bruken aukar igjen blant dei yngste informantane. Totalt sett ser ein at både gutane og jentene i den yngste gruppa brukar *e*-infinitiv i fleire tilfelle enn dei andre gruppene.

Tabell 30: Infinitivmorfemet gruppert etter utdanningsnivå (var. 2)

Utdanningsnivå	e		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Grunnskule	85	20,6	185	79,4	270	100
Høgskule	81	26,7	222	73,3	303	100
Yrkesfag	23	10,7	192	89,3	215	100

I denne tabellen ser ein som i tabell 24 at gruppa med yrkesfagleg bakgrunn har færrest treff når det gjeld "nye" dialekttrekk. Dei med høgskuleutdanning har høgast bruk av *e*-infinitiven. Dei har 16 % fleire førekomstar av *e*-infinitiv enn dei med yrkesfagleg bakgrunn og 6,1 % fleire enn dei med grunnskule.

Tabell 31: Infinitivmorfemet gruppert etter utdanningsnivå og årsklasse (var. 2)

Utd./alder	e		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Grunnskule						
E:1923-1952	2	6,7	28	93,3	30	100
M:1953-1982	0	0	0	0	0	0
Y:1983-2012	83	34,6	157	65,4	240	100
Høgskule						
E:1923-1952	41	29,9	96	70,1	137	100
M:1953-1982	40	24,1	126	75,9	166	100
Yrkesfag						
E:1923-1952	18	10,5	153	89,5	171	100
M:1953-1982	5	11,4	39	88,6	44	100

I tabell 31 ser ein at det er låg bruk av *e*-infinitiv blant dei eldste med berre grunnskule. Blant desse er det berre bruka *e*-infinitiv i 6,7 % av tilfella. Samanliknar ein dei med dei eldste med yrkesfagleg bakgrunn, ser ein at dei òg har relativt låg bruk av *e*-infinitiv med 10,5 % av belegga. Dei eldste med høgskule, derimot, viser eit anna bruksmønster. Dei brukar *e*-infinitiv i 29,9 % av tilfella. Blant dei middelaldrande ser ein at i prosent brukar dei med høgskule *e*-infinitiven meir enn dobbelt så mykje som dei med yrkesskule.

I gruppa med grunnskule viser tabellen at det er dei unge som har hyppigast bruk av *e*-infinitiv med 34,6 %. I gruppa med høgskuleutdanning viser tabellen at dei eldste har hyppigare førekomstar av *e*-infinitiv, 29,9 %, enn dei middelaldrande, som har 24,1 %.

Totalt sett er det dei yngste og dei med høgast utdanning som viser størst endringsmønster, og som i variabel 1 ligg informantane med yrkesfag lågt i både eldregruppa og den middelaldrande gruppa.

### Variabel 3: Segmentering ll>dl

Tabell 32: Bruken av segmenterte og usegmenterte former av ord med ll blant alle informantane i Randaberg (var. 3)

Totalt	ll		dl		I alt	
	N	%	N	%	N	%
	307	86	50	14	357	100

Når det gjeld segmentering av lang historisk l til *dl*, var det fenomenet ifølgje Gabrielsen sterkt redusert i Stavanger bymål allereie i 1980-åra (Gabrielsen, 1984, s. 119-120). Sandvik observerer den same tendensen i andre talemål i Rogaland som tradisjonelt har hatt segmentering (Sandvik, 1979, s.77). I tabell 32 ser ein at segmenteringa berre har fått treff i 14 % av tilfella, noko som kan vera med å underbyggja Sandvik sine observasjonar.

Tabell 33: Bruken av segmenterte former gruppert etter årsklassar (var. 3)

Årsklassar	ll		dl		I alt	
	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	100	70,9	41	29,1	141	100
M: 1953-1982	91	91	9	9	100	100
Y: 1983-2012	116	100	0	0	116	100

I tabell 33 ser ein at det segmenterte trekket framleis er i bruk blant dei eldste informantane i 29,1 av tilfella. Dei middelaldrande har redusert bruken med 20, 1 %, medan dei unge ikkje brukar segmentering i det heile. Dette viser at segmentering er eit dialekttrekk som er på veg ut av randabergdialekten. Gabrielsen nemnar i oppgåva si at trekket framleis eksisterte blant ungdommane i nokre få ord som for eksempel /fudle/ og /vidle/. Ingen av desse orda blei bruka av nokon av informantane i denne granskinga, men ein kan ikkje sjå bort frå at nokre av dei unge kunne ha bruka den segmenterte forma av /full/, altså /fudl/, i nokre samanhengar, viss dei orda var aktuelle i samtalen.

Når segmenteringa berre førekjem i 9 % av tilfella blant dei middelaldrande og ingen av dei unge brukar segmentering, kan ein rekna med at det er eit dialekttrekk som er i ferd med å forsvinna heilt frå bygdedialekten med den nye generasjonen. Utviklinga viser ei jamt stigande kurve for *ll*, men skilnadene er ikkje signifikante.

Tabell 34: Bruken av segmenterte former gruppert etter kjønn (var. 3)

Kjønn	ll		dl		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	140	88,6	25	11,4	165	100
Mann	167	90,5	25	9,5	192	100

I tabell 34 er bruken av dei segmenterte formene gruppert etter kjønn. Her ser ein at det er liten skilnad mellom kjønna. Kvinnene brukar forma i berre 1,9 % fleire tilfelle enn mennene.

Tabell 35: Bruken av segmenterte former gruppert etter årsklasse og kjønn (var. 3)

Ald./kjønn	ll		dl		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne						
E: 1923-1952	41	65,1	22	34,9	63	100
M: 1953-1982	44	93,6	3	6,4	47	100
Y: 1983-2012	55	100	0	0	55	100
Mann						
E: 1923-1952	59	75,6	19	24,4	78	100
M: 1953-1982	47	88,7	6	11,3	53	100
Y: 1983-2012	61	100	0	0	61	100

I tabell 35 er årsklassar kryssa med kjønn. I denne tabellen ser ein at dei eldste kvinnene brukar dei segmenterte formene i 15,5 % fleire tilfelle enn mennene. Når ein ser vidare i tabellen, kan ein sjå at blant dei middelaldrande er det annleis fordelt mellom kjønna. Medan dei middelaldrande mennene hadde 11,3 % førekomstar av forma, hadde dei kvinnelege informantane berre 6,4 %. Talet på belegg er her så lite at resultatet er usikkert. Men me kan leggja merke til at endringa går jamt i same retning i begge kjønna.

Tabell 36: Bruken av segmenterte former av II gruppert etter utdanningsnivå (var. 3)

Utdanning	II		dl		I alt	
Grunnskule	125	90,9	2	9,1	127	100
Høgskule	126	96,2	5	3,8	131	100
Yrkesskule	56	56,6	43	43,4	99	100

Som ein kan sjå i tabell 36, er bruken av segmenterte former lågast blant informantane med høgskulebakgrunn . Dei brukar segmentering i berre 3,8 % av tilfella, medan dei med grunnskuleutdanning har segmenterte former i 9,1 % av tilfella. Den gruppa som skil seg ut, er dei med yrkesfagleg bakgrunn. Dei brukar segmenterte former i 43,4 av tilfella.

Tabell 37: Bruken av segmentert form av II gruppert etter utdanningsnivå og årsklassar (var. 3)

Utd/årsklasse	II		dl		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Grunnskule						
E: 1923-1952	9	81,8	2	18,2	11	100
M: 1953-1982	0	0	0	0	0	0
Y: 1983-2012	116	100	0	0	116	100
Høgskule						
E: 1923-1952	60	98,4	1	1,6	61	100
M: 1953-1982	66	94,3	4	5,7	70	100
Yrkesskule						
E: 1923-1952	31	44,9	38	55,1	69	100
M: 1953-1982	25	83,3	5	16,7	30	100

Ut ifrå tabell 37 ser ein at det er stor skilnad i bruken av segmenterte former alt etter kva utdanning informantane har. Dei eldste med høgskuleutdanning brukar dei berre i 1,6 % av tilfella, medan dei med grunnskule i 18,2 av tilfella. Den gruppa som skil seg ut, er dei med yrkesfagleg bakgrunn. Dei eldre der brukar faktisk oftare dei segmenterte enn dei usegmenterte formene, men her er endringa ned til dei middelaldrande stor. Blant dei middelaldrande ser ein at skilnaden mellom dei med yrkesfagleg bakgrunn og dei med høgskulebakgrunn har minka til 11 %. Dei middelaldrande informantane med høgskule brukar



faktisk segmentering i noko større grad enn dei eldste med høgskulutdanning. Men ikkje uventa gir ikkje denne variabelen signifikante skilnader mellom gruppene våre.

#### Variabel 4: Kj-lyden

##### Tabell 20:

Tabell 38: Uttale av den historiske kj-lyden (var.4)

	[ç] <kj		[ʃ] <kj		[ʃj] <kj		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Total	1413	68,5	635	30,8	16	0,8	2064	100

Samanfall av *kj*-og *sj*-lyden er eit relativt nytt språktrekk, og ut i frå tabell 38 ser ein at i over 30 prosent av tilfella blir varianten av *kj*-lyden uttala som /ʃ/ og ikkje /ç/, medan i ca. 1 prosent av tilfella blir han uttala som /ʃj/. Dette viser at det nye språktrekket er kome til Randaberg. Samtidig kan ein sjå at nesten 70 % ikkje har samanfall.

Tabell 39: Uttale av den historiske kj-lyden gruppert etter årsklassar (var.4)


Årsklassar	[ç] <kj		[ʃ] <kj		[ʃj] <kj		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	737	100	0	0	0	0	737	100
M: 1953-1982	527	70	214	28,4	12	1,6	753	100
Y: 1983-2012	149	26	421	73,3	4	0,7	574	100
<i>p</i> for både $\text{ç} < \text{kj}$ og $\text{f} < \text{kj}$ : $\text{Y} \neq \text{E}$ (***), $\text{M} \neq \text{E}$ (**)								

I og med at samanfall av *kj*- og *sj*-lyden er eit relativt nytt språktrekk, og det er eit språktrekk som stod relativt sterkast i byane, er det naturleg at det er ingen tilfelle av samanfall blant dei eldste informantane.

I denne tabellen ser ein at ingen av dei eldste informantane brukar verken [ʃ] eller [ʃj] for *kj*-lyden. Blant dei middelaldrande derimot ser ein at informantane i sirka 28 prosent av tilfella brukar [ʃ] for *kj*-lyden. I vel ein prosent av tilfella brukar dei [ʃj]. Når det gjeld dei yngste informantane, brukar dei [ʃ] i staden for [ç] i over 73 prosent av tilfella. Få av dei brukar [ʃj]. Tabellen viser at det er ei tydeleg endring i utalen *kj*-lyden. Det er berre dei eldste informantane som held på *kj*-lyden i alle tilfella.

I denne variabelen er to av dei tre skilnadene for dei to sentrale variantane svært signifikante, og det fortel om internt meir homogene aldersgrupper.

Figur 9:Utvikling av [ʃ] for kj-lyden i Randaberg gruppert etter årsklassar (var.4). Skåre i prosent.



Figur 9 viser til en viss grad endringstempoet for samanfallet av *kj*- og *sj*-lyden i bygda. Ein ser tydelegge hopp mellom årsklassane. Dei yngste har fordobla samanfallet samanlikna med førre årsklasse.

Tabell 40: Uttale av den historiske kj-lyden gruppert etter kjønn (var.4)

	[ç] < kj		[ʃ] < kj		[ʃj] < kj		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	690	58,6	253	40,4	13	1,1	956	100
Mann	723	52,6	382	46,9	3	0,5	1108	100

Ut ifrå tala i tabell 40 ser ein at kvinnene brukar samanfall i noko mindre grad enn mennene. Kvinnene brukar *sj* i 40,4 prosent av tilfelle mot mennenes 46,9 % . .

Tabell 41: : Uttale av den historiske kj-lyden gruppert etter kjønn og årsklasse(var.4)

Kj/årskl	[ç] < kj		[ʃ] < kj		[ʃj] < kj		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>Kvinne</b>								
E: 1923-1952	321	100	0	0	0	0	321	100
M: 1953-1982	295	80,6	59	16,1	12	3,3	366	100
Y: 1983-2012	74	27,5	194	72,1	1	0,4	269	100
<b>Mann</b>								
E: 1923-1952	416	100	0	0	0	0	416	100
M: 1953-1982	232	59,9	155	40,1	0	0	387	100
Y: 1983-2012	75	24,6	227	74,4	3	1	305	100

Som ein kan sjå i tabell 41, er det ingen av dei eldste informantane som har samanfall av *kj*- og *sj*-lyden. Blant dei middelaldrande, derimot, ser ein at særleg mennene har tatt i bruk det nye språktrekket. I 40,1 % av tilfelle har dei samanfall. Dette store hoppet frå ingen tilfelle hos dei eldre til over 40,1 % blant middelaldrande menn, finn ein ikkje hos kvinnene. Her blir dette språktrekket berre bruka i 16,1 % av tilfella.

Blant dei yngste er bruken av samanfall betrakteleg høgare enn blant dei middelaldrande, men her er det liten skilnad mellom kjønna. I 72,1 % av tilfella brukar jentene samanfall, medan gutane i 74,4 % av tilfella. Ut ifrå dette kan det sjå ut som om det er dei middelaldrande mennene som har stått i føringa av det nye språktrekket som ser ut til å ha kome for fullt inn i randabergdialekten . Overgangen frå *kj*- lyd til [ʃj] er lite utbreitt. Ein finn blant dei middelaldrande kvinnene døme på at *kj*-lyden blir uttala [ʃj] i 3,3 % av tilfella, og blant dei unge jentene i 0,4 % . Ingen av dei middelaldrande mennene brukar denne varianten, mens gutane brukar han i 1% av tilfella.

Tabell 42: Uttale av den historiske kj-lyden gruppert etter utdanning (var.4)

Utdanning	[ç] < kj		[ʃ] < kj		[ʃj] < kj		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Grunnskule	220	63	421	36,7	4	0,3	645	100
Høgskule	599	73,7	202	24,8	12	1,5	813	100
Yrkesskule	594	98	12	2	0	0	606	100

Om ein startar med informantane med yrkesskule, ser ein at dei brukar *kj* i 98 % av tilfella. Det vil seia at det nye språktrekket nesten ikkje er i bruk blant dei i det heile tatt. Bruken av *kj* er også høg blant dei med høgskule med 73,7 %. Talet blir som ein kan vente, redusert når det gjeld informantar med berre grunnskule i og med alle dei yngste er i denne gruppa. Her finn ein at dei brukar *kj* i 63 % av tilfella. Når det gjeld [ʃj], viser tala låg frekvens. Ingen av dei med yrkesskule brukar det, og elles er det 0,3 % blant dei med høgskule og berre 0,3 % blant dei med grunnskule.

Tabell 43: Uttale av den historiske kj-lyden gruppert etter utdanning og årsklasse (var.4)

Utdan./årsk.	[ç] < kj		[ʃ] < kj		[ʃj] < kj		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Grunnskule								
E: 1923-1952	71	100	0	0	0	0	71	100
M: 1953-1982	0	0	0	0	0	0	0	0
Y: 1983-2012	149	26	421	73,3	4	0,7	574	100
Høgskule								
E: 1923-1952	266	100	0	0	0	0	266	100
M: 1953-1982	333	60,9	202	36,9	12	2,2	547	100
Yrkeshøgskule								
E: 1923-1952	400	100	0	0	0	0	400	100
M: 1953-1982	194	94,2	12	5,8	0	0	206	100

I tabell 43 kan ein sjå at det er ingen av dei eldste informantane som har samanfall av lydane. I og med at ingen av dei middelaldrande har berre grunnskule, er det berre dei yngste som har samanfall i denne gruppa. Dei brukar *sj* i 73,3 % av treffa og [ʃj] i 0,7 %. *Kj*-lyden blir uttalt

[ç] i 26 av tilfella. Blant dei med høgskuleutdanning ser ein i tabell 42 at informantane brukar samanfall i 36,9 % av tilfella, medan dei med yrkesutdanning berre har samanfall i 5,8 % av tilfella. *Kj*-lyden uttalt for [ʃ] finst ikkje blant informantane i gruppa yrkesfag. Blant dei med høgskule førekjem han, men i berre 2,2 % av tilfella. Det er interessant sjå at dei fleste med yrkesfag har liten bruk av [ʃ].

**Tabell 44: Uttale av den historiske *kj*-lyden gruppert etter arbeidsstad (var.4)**

Arbeidsstad	[ç] < <i>kj</i>		[ʃ] < <i>kj</i>		[ʃ] < <i>kj</i>		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Innanfor	935	56,5	526	42,5	16	1	1477	100
Utanfor	478	81,4	109	18,6	0	0	587	100

I tabell 44 kan ein sjå at dei som har arbeidsstad utanfor kommunen, brukar [ç] for *kj*-lyden i 24,8 % fleire tilfelle enn dei som arbeider innanfor kommunen. Utalen av *kj*-lyden med [ʃ] har størst utslag blant dei som jobbar i bygda samanlikna med dei som jobbar utanfor. I tillegg ser ein at /[ʃ] berre er bruka av dei som har arbeidsstad innanfor kommunen.

#### Variabel 5: Hokjønn bunden form eintal

**Tabell 45: Hokjønn bunden form eintal (var. 5)**

Hokjønn	å		en		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Total	300	79,6	69	18,3	8	2,1	377	100


Sandvik viser i boka si (Sandvik, 1979, s.93) at blant ungdommar i Stavanger i 1979 stod *å*-endinga i hokjønn bunden form sterkt. Etter å ha høyrte ein del ungdommar i Stavanger bruka *en*-ending i hokjønnsorda, ville eg sjå om det trekket også var i bruk i Randaberg. I tabell 44 ser ein at i faktisk 18,3 % av tilfella blir *-en* bruka i staden for *å*-endinga. I tillegg er der nokre få treff på *a*-ending. Dette viser at det ikkje lenger berre er den tradisjonelle *å*-ending i hokjønn bunden form som er i bruk i bygda.

Tabell 46: Hokjønn bunden form eintal gruppert etter årsklasse (var. 5)

Årsklasse	å		en		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	116	77,9	30	20,1	3	2	149	100
M: 1953-1982	109	85,2	18	14,1	1	0,8	128	100
Y: 1983-2012	75	75	21	21	4	4	100	100

Ut i frå tabell 46 ser ein at endinga *-en* er i bruk i alle årsklassar. Noko overraskande kan det vera at ho er meir i bruk blant dei eldre enn dei middelaldrande. Skilnaden er ikkje stor, men han er på 6 %. Bruken stig med 6,9 % frå dei middelaldrande til dei yngste. Dei yngste brukar berre *en*-endinga 0,9 % meir enn dei eldste. Denne ujamne utviklinga avspeglar nok igjen stor individuell variasjon. Bruken av *a*-ending er så liten at me kan oversjå han i samanhengen vår. Det er ingen signifikante skilnader, og det fortel at det er nokså stor intern, altså individuell, variasjon i gruppene. Ei venta jamn stigning frå eldre til yngre i den nye varianten blir broten av mellomgruppa.

Figur 10: En-endinga i hokjønn bunden form (var.5). Gruppert etter årsklassar



I figur 10 ser ein tydeleg at dei middelaldrande brukar *en*-endinga mindre enn dei to andre årsklassane.

Tabell 47: Hokjønn bunden form eintal gruppert etter kjønn (var. 5)

Kjønn	å		en		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	141	82,3	38	16,3	2	1,4	181	100
Mann	159	74,6	31	21,5	6	3,9	196	100

I tabell 47 ser ein at det er mennene som hyppigast brukar *en*-endinga. Dei brukar ho i 21,5 % av tilfella, medan kvinne i 16,3. Vidare viser det seg at sjølv om *a*-endinga er lite bruka, brukar menn ho i 2,5 % fleire tilfelle enn kvinnene. Ser ein på bruken av den tradisjonelle *å*-endinga, brukar kvinnene den endinga i 7,7 % fleire tilfelle. Det er altså kvinnene som held mest på det gamle dialekttrekket.

Tabell 48: Hokjønn bunden form eintal gruppert etter kjønn og årsklasse (var. 5)

Kjønn/alder	å		en		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne								
E: 1923-1952	40	61,5	25	38,5	0	0	65	100
M:1953-1982	58	84,1	10	14,5	1	1,4	69	100
Y:1983-2012	43	91,5	3	6,4	1	2,1	47	100
Mann								
E: 1923-1952	76	90,5	5	6	3	3,6	84	100
M:1953-1982	51	86,4	8	13,6	0	0	59	100
Y:1983-2012	32	60,4	18	34	3	5,7	53	100


I tabell 48 kan ein sjå at det er fleire menn enn kvinner som brukar *en*-endinga. Når ein ser på tabell 48, ser ein at dei informantane som har høgast frekvens, er dei eldste kvinnene med heile 38,5 %. Samanliknar ein det med dei eldste mennene, er tala totalt annleis. Her er det berre 5,7 % treff.

Når ein då går vidare til dei middelaldrande, er det liten skilnad mellom kjønna. Kvinnene brukar *en*-endinga i 0,9 % fleire tilfelle. Men samanliknar ein dei middelaldrande med dei eldre, ser ein at utviklinga blant kvinner og menn har gått motsett veg. (Dette kan ein sjå tydeleg i figur 11 nedanfor). Dei middelaldrande kvinnene brukar *en*-endinga i 24 % færre

tilfelle enn dei eldste , medan dei middelaldrande mennene brukar ho i 7,6 % fleire tilfelle enn dei eldre mennene.

Går ein vidare til den yngste gruppa, ser ein at jentene har enda færre treff enn dei middelaldrande kvinnene. Dei brukar *en*-endinga i berre 6,4 % av tilfella. Dersom ein berre ser på kvinnene, kan det sjå ut som at trekket er på veg ut av talemålet i Randaberg. Om ein derimot ser på utviklinga blant mennene, ser ein at slik er det ikkje. Gutane brukar *en*-endinga i 34 % av tilfella, noko som er ein auke på 20,4 % i forhold til dei middelaldrande, skilnaden mellom kjønna blant dei yngste er på 27,6 %. Tabellen viser at *en*-endinga er i stigande grad i bruk blant mennene, men i minkande grad blant kvinnene. Totalt sett er det *å*-endinga som er den endinga med høgast frekvens hos alle informantane. *A*-endinga er lite bruka.

Figur 11: *En*-ending. Gruppert i kjønn og årsklasse (var. 5). Skåre i prosent



I figur 11 ser ein at bruken av *en*-endinga gruppert etter kjønn og årsklasse nærast kan sjåast som eit spegelbilette. Om ein går ut i frå midten, ser ein at dei yngste kvinnene og dei eldste mennene har nesten lik skåre, medan dei middelaldrande har ganske lik bruk av *en*-endinga. Ytst ser ein at dei eldste kvinne og dei yngste mennene ligg nærast kvarandre i skåre.



Tabell 49: Hokjønn bunden form eintal gruppert etter utdanning (var. 5)

Utdanning	å		en		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Grunnskule	82	87,5	21	10,5	4	2	107	100
Høgskule	107	73,8	34	23,4	4	2,8	145	100
Yrkesfag	111	88,8	14	11,2	0	0	125	100

Ut i frå tala i tabell 49 ser ein at dei med høgskuleutdanning brukar *en*-endinga i mykje større grad enn dei med grunnskule og yrkeskule. Dei med høgskule brukar *en* i 23,4 % av tilfella, medan dei med grunnskule brukar i 10,5 %, og dei med yrkeskule i 11,2%. Ingen av dei med yrkeskule brukar *a*-ending, medan dei med grunnskule brukar *-a* i 2 % og dei med høgskule i 2,8 % av tilfella. Dermed kan det sjå ut som at det blant dei med grunnskule og yrkesfagbakgrunn, er den tradisjonelle *å*-endinga ganske fast. Men me veit ut ifrå tabell 48 at mange av dei unge gutane brukar *en*-ending, og signifikanstesten viste ingen signifikante skilnader noko som fortel at det er nokså stor intern, altså individuell, variasjon i gruppene.

Tabell 50: Hokjønn bunden form eintal gruppert etter utdanning og årsklasse (var. 5)

Utdan/ald	å		en		a		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Grunnskule								
E:1923-1952	7	100	0	0	0	0	7	100
Y: 1983-2012	75	75	21	21	4	4	100	100
Høgskule								
E: 1923-1952	27	52,9	21	41,2	3	5,9	51	100
M: 1953-1982	80	85,1	13	13,8	1	1,1	94	100
Yrkesfag								
E: 1923-1952	82	90,1	9	9,9	0	0	91	100
M: 1953-1982	29	85,3	5	14,7	0	0	34	100

Ut i frå tabell 50 er det store skilje i bruken av *en*-endinga blant dei eldste alt etter kva utdanning dei har. Dei eldste med grunnskulen brukar ikkje *en*-endinga i det heile og heller ikkje *a*-ending. Dersom ein samanliknar dei med dei eldste informantane med

yrkeskulebakgrunn, ser ein at dei brukar en i 9,9 % av tilfella. Dei brukar heller ikkje *a*-ending. Dei med høgskule derimot brukar *en*-endinga i 41,2 % av tilfella og *a* i 5,9 %.

Dersom ein samanliknar dei middelaldrande med yrkesskule og dei med grunnskule, ser ein at dei har nesten same frekvens i bruken av *en*-endinga. Me kan altså lese ut ifrå tabellen at bruken av *-en* blant dei med høgskule har minka med 27,4 % mellom dei to årsklassane, medan han har stige med 4,8 % blant dei med yrkesfag.

### Variabel 6: Hokjønn ubunden for m fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen

Tabell 51: Hokjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (var.6)

Hokj	ær		ar		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Total	6	75	2	26	8	100

Belegtalet i denne variabelen er svært lite, så me kan ikkje tillegga enkeltresultata vekt. Men det kan vere interessant å sjå om dei viser mønster me ser att i dei andre variablane.

I tabell 51 ser ein at verken *er*-eller *år*-endinga er bruka i denne hokjønnsgruppa, berre *-ær* og *-ar*. *Ar*-endinga har berre eit belegg på 26 %, medan *-ær* har 74 %. Dermed kan det sjå ut som om *-ar* har gått til *-ær* i Randaberg-dialekten.

Tabell 52: Hokjønn ubunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen (var.6)

Årsklasse	ær		ar		I alt	
	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	1	50	1	50	2	100
M: 1953-1982	2	66,7	1	33,3	3	100
Y: 1983-2012	3	100	0	0	3	100

Ut ifrå tala i tabell 52 kan ein sjå at bruken av *ar* er blitt gradvis redusert frå ein årsklasse til neste. Blant dei eldste er bruken på 50 %, medan dei middelaldrande brukar *ar*-endinga i berre 33,3 % av tilfella. Dei unge brukar ho ikkje i det heile tatt. I og med at dei unge ikkje har noko belegg på *-ar*, og at dei middelaldrande har redusert bruken av *-ar* med 16,7 %, kan ein sjå ein tendens som viser at *ar*-endinga i hokjønnsord er på veg ut av randabergdialekten.

## Variabel 7: Hokjønn ubunden form fleirtal av er-lassen

Tabell 53: Hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse (var.7)

Hokj.	er		ar		ær		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Total	24	12,2	8	4,1	157	80,1	7	3,6	196	100

Belegga for variabelen for hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell *er*-klasse er ikkje høgt. Likevel kan det visa ein tendens i utvikling og variasjon av talemålet i Randaberg.

Den tradisjonelle endinga i hokjønn ubunden form fleirtal har i randabergdialekten vore ein slags [æʁ]. E-en er trekt lengre tilbake i munnen på grunn av skarre-r -en. I mine tabellar er denne lyden markert med /ær/. Som eit sidemønster for sterke hokjønnsord og ord som endar på -ing, har ein hatt endinga /ar/. Dette har også vore eit mønster i Stavanger, men Sandvik meiner at fleire ungdommar i Stavanger allereie i syttiåra bøygde etter hovudmønsteret, altså med [æʁ] (Sandvik, 1979, s.95). Ut i frå tabell 52 ser ein at ”hovudforma” i hokjønn ubunden form fleirtal er /ær/ i Randaberg.

Då Gabrielsen jobba med oppgåva si, fann han allomorfen /år/ i ubestemt fleirtal . Finn Gabrielsen skriv: ” Ei utvikling på fonetisk grunnlag av ein ”ny” allomorf i ubestemt form plural i alle genera, nemlig [oʁ] (Gabrielsen, 1984, s. 111). Han ser i oppgåva si bort frå dette morfemet, men ut i frå tala i tabell 35, ser ein at år er kome til Randaberg. Rett nok er belegget berre på 3,6 % noko som gjer at det er vanskeleg å slå fast at endinga er komen for å bli. Vidare kan ein sjå i tabell 53 at *er*- endinga er bruka i 12,2 % av tilfella noko som er 8,1 % meir enn *ar*-endinga. At *år*-endinga er komen til Randaberg, kan vera eit teikn på bølgeteorien i og med at morfemet var i bruk i Stavanger allereie i 1980-åra. At ein har fått ei ”ny” uttale med ein meir lukka og fremre e, er òg interessant.

Tabell 54: Hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter årsklassar (var.7)

Årsklassar	er		ar		ær		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	1	1,2	3	3,7	78	95,1	0	0	82	100
M: 1953-1982	13	25,5	5	9,8	32	62,7	1	2	51	100
Y: 1983-2012	10	15,9	0	0	47	74,6	6	9,5	63	100
<i>p</i> for ær: Y ≠ M (*)										

Det er ikkje overraskande at det er dei yngste som har bruka *år*-endinga i flest tilfelle. I tabell 54 kan ein sjå at i 9,5 % av tilfella brukar dei *-år*, medan dei middelaldrande berre er eitt tilfelle noko som utgjer 2 % av tilfella. Ingen av dei eldre brukar *-år*. Dette kan bety at trekket er på veg inn i dialekten dersom det ikkje berre er eit aldersfasetrekk, men i og med at ein av dei middelaldrande informantane brukar *-år*, kan det bety at dei unge vil behalda *-år* når dei blir eldre også.

I den tradisjonelle randabergdialekten har *-ær* vore den vanlege endinga i denne hokjønnsgruppa. I tabell 53 ser ein at dei eldste brukar *-ær* i 95,1 % av tilfella, medan dei middelaldrande brukar ho i 62,7 % av tilfella. Ut ifrå dette kan ein tru at dei er ein fallande tendens i bruken av den tradisjonelle endinga, men blant dei yngste er bruken av *-ær* 11,9 prosentpoeng høgare enn blant dei middelaldrande, og nettopp denne skilnaden er signifikant, dvs. at auken i *-ær* frå middelaldrande til yngre er påliteleg.

*Ar*-endinga er ikkje mykje bruka av informantane. Dei eldste har bruka ho i 3,7 % av tilfella og dei middelaldrande har 9,8 %. Ingen av dei yngste brukar denne endinga. Når det gjeld *er*-endinga, ser ein at dei eldste har berre bruka ho i 1,2 % av tilfella, medan dei middelaldrande har bruka ho i 25,5 % av tilfella. Ut ifrå dette kan det sjå ut som om dei middelaldrande har starta ei bølge med ei fonologisk endring av *e*-en til ein meir open *e* lengre fram i munnen enn den gamle *e*-en som låg meir i midten av munnen. Når ein ser på bruken av *er* blant dei yngste informantane, ser ein at dei har igjen bremsa bølga som dei middelaldrande starta. Rett nok brukar dei *er*-ending, men i 9,6 % færre tilfelle enn dei middelaldrande.

Signifikanstesten for variabel 7 med den uavhengige variabelen alder viser at når det gjeld varianten *-ær*, er skilnaden på yngre og middelaldrande signifikant.

Tabell 55: Hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter kjønn (var.7)

Kjønn	er		ar		ær		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	2	2,5	7	5,5	83	91,2	1	0,8	93	100
Mann	22	22,7	1	0,7	74	67,8	6	8,8	103	100
<i>p</i> for varianten <i>er</i> :*, og for varianten <i>ær</i> : T										

Ut i frå tabell 55 ser ein at kvinnene i 91,2 % av tilfella brukar *ær*- ending, medan mennene brukar ho berre 67,8 %. Etter signifikans-testen viser denne skilnaden mellom kjønna ein tendens, og den andre sentrale varianten, *-er*, har ein signifikant skilnad andre vegen mellom kjønna. Kjønnsskilnadene i desse to kan altså tilleggjast vekt.

Den ”nye” forma *-år* er òg nesten berre bruka av mennene. Mennene brukar han i 8,8 % av tilfella mot 0,8% blant kvinnene. Det andre nye trekket, det fonologiske trekket med endinga *er*, er stort sett også berre bruka av mennene. Dei brukar det faktisk i 22,7 % av tilfella, medan kvinnene berre i 2,5 % av tilfella. *Ar*-endinga er lite bruka, men kvinnene brukar ho i 5,5 % av tilfella, noko som er 4,8 % meir enn mennene.

Tabell 56: Hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter kjønn og årsklassar (var.7)

Kjønn/ års	er		ar		ær		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne										
E: 1923-1952	0	0	3	8,3	33	91,7	0	0	36	100
M: 1953-1982	1	3,6	4	14,3	22	78,6	1	3,6	28	100
Y: 1983-2012	1	3,4	0	0	28	96,6	0	0	29	100
Mann										
E: 1923-1952	1	2,2	0	0	45	97,8	0	0	46	100
M: 1953-1982	12	52,2	1	4,3	10	43,5	0	0	23	100
Y: 1983-2012	9	26,5	0	0	19	55,9	6	17,6	34	100
<i>p</i> for variant <i>er</i> : M(**), for variant <i>ær</i> : E (*)										

Ut ifrå tala i tabell 56 ser ein at det er liten skilnad mellom kjønna blant dei eldste informantane, og for varianten *-ær* er han signifikant. For dei middelaldrande er skilnaden signifikant for varianten *-er*.


Kvinnene brukar *-ær* i 91,7 % av tilfella, og mennene i 97,8 %. Rett nok brukar kvinnene *-ar* i 8,3 % av tilfella, medan mennene ikkje brukar den endinga i det heile tatt. *-Er* blir ikkje bruka av dei eldste kvinnene, men ein finn eit treff blant mennene.

Blant dei middelaldrande, derimot, er det stor skilnad mellom kjønna. Mennene i den gruppa brukar den tradisjonelle *ær*-endinga i berre 43,5 % av tilfella, noko som er 35,1 % færre enn kvinnene. Når det gjeld bruken av *er*-endinga, er skilnaden enda større mellom kjønna. Mennene brukar *er* i 48,6 % fleire tilfelle enn kvinnene. Det er ikkje berre stor skilnad mellom kjønna i denne gruppa, men samanliknar ein resultata for dei middelaldrande med dei eldste sine, ser ein at dei middelaldrande mennene har gjort eit hopp vekk frå dei bøyningane dei eldste mennene brukar. Dei middelaldrande mennene brukar *er*-endinga i 50 % fleire tilfelle enn dei eldre mennene. Dermed ser det ut som det er dei middelaldrande mennene som har starta ei ny bølge med ein meir lukka e.

Blant dei yngste er det også skilnad mellom kjønna. Det gjeld spesielt bruken av den gamle forma *-ær*. Jentene brukar ho faktisk i 96,6 % av tilfella og har berre eitt tilfelle av ei anna ending som er endinga *er*. Gutane derimot brukar *-ær* i 55,9 % av tilfella, og brukar *-er* i 26,5 % av tilfella. Gutane er dei som har høgast skåre når det gjeld bruken av det morfemet *-år*. Dei brukar det i 17,6 % av tilfella.

Om ein samanliknar årsklassane, ser ein at gutane har bremsa litt ned på bruken av *er* i forhold til dei middelaldrande. Dei brukar *-er* i 25,7 % færre tilfelle enn dei middelaldrande. Samtidig er dei unge gutane dei einaste, bortsett frå ei middelaldrande dame, som brukar endinga *-år*.

Figur 12: Ær-endinga i hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter kjønn og årsklassar (var. 7). Skåre i prosent



I figur 12 ser ein at dei yngste jentene brukar ær-endinga i mykje større grad enn gutane. Ein kan òg sjå at det er dei middelaldrande blant begge kjønn som har lågast bruk.

Tabell 57: Hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter utdanning og årsklassar (var.7)

Utd/ årskl.	er		ar		ær		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Gr.skule										
E: 1923-1952	0	0	0	0	4	100	0	0	4	100
Y: 1983-2012	10	15,9	0	0	47	74,6	6	9,5	63	100
Høgskule										
E: 1923-1952	1	2,9	0	0	33	97,1	0	0	34	100
M: 1953-1982	8	20,5	4	10,3	26	66,7	1	2,6	39	100
Yrkesfag										
E: 1923-1952	0	0	3	6,8	41	93,2	0	0	44	100
M: 1953-1982	5	41,7	1	8,3	6	50	0	0	12	100

I tabell 57 ser ein at det er dei middelaldrande med yrkesfagleg bakgrunn som har flest tilfelle av er-endinga, heile 41, 7 %, medan dei med høgskule berre har 20,5 %. Blant dei eldste er det berre dei med høgskule som har er-endinga, men belegget er her så lite, berre eitt treff, at det er vanskeleg å sjå om det er eit mønster. År-endinga er berre bruka av dei unge med

grunnskule og dei middelaldrande med høgskule. Ut ifrå tala i tabellen ser ein at blant dei med yrkesfagleg bakgrunn, er bruken av *-ær* redusert med 43,2 % mellom dei to årsklassane. Dersom ein samanliknar tabell 57 med tala i tabell 56, ser ein at det må vera fleire menn enn kvinner blant dei middelaldrande med yrkesfagleg bakgrunn i og med at berre 3,6 % av dei middelaldrande kvinnene brukar *er* endinga. Dermed kan det sjå ut som at det er dei middelaldrande mennene med yrkesfagleg bakgrunn som har sett i gang denne bølga.

### Variabel 8: Hankjønn ubunden form fleirtal av ar-klassen

Tabell 58: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse (var. 8)

	ær		ar		er		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Total	313	57,9	164	30,3	54	10	10	1,8	541	100

Hovudmønsteret for hankjønn ubunden form fleirtal har vore *ar* i randabergdialekten. I tabell 58 kan ein sjå at *-ar* berre er bruka i 30,3 % av tilfella. Den endinga som har høgast belegg, er endinga *ær* med 57,9 %, medan *er* er bruka i 10 % av tilfella. Endinga *-år* er bruka i liten grad, berre i 1,8%. Finn Gabrielsen skriv i oppgåva si at: ”opposisjonen mellom kort /a/ og /e/ i trykksvak posisjon blir nøytralisert foran /r/” (Gabrielsen, 1984, s.72). Han skriv at i Stavanger blir den korte *a*-en og *e*-en nøytralisert til ein slags *å*-lyd. Dersom ein samanliknar tala i tabell 58 med tala i tabell 51 og 53, ser ein at endinga *ær* er den mest bruka både i hankjønn ubunden form og i hokjønn ubunden form. Det kan vera ein mogelegheit for at randabergdialekten har fått ei nøytralisert form av trykklett *e* og trykklett *a* meir som ein *ær*-lyd enn stavangerdialekten sin *år*-lyd.

Tabellen viser òg at ein har behalde den opphavlege *ar*-endinga samtidig som *-er* og *-år* er komne inn i talemålet.



Tabell 59: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter årsklasse (var. 8)

Årsrskl	ær		ar		er		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	94	47,5	93	47	9	4,5	2	1	198	100
M: 1953-1982	91	56,5	54	33,5	13	8,1	3	1,9	161	100
Y: 1983-2012	128	70,3	17	9,3	32	17,6	5	2,7	182	100
<i>p</i> for variant <i>er</i> : Y ≠ M (*)										

Når ein grupperer tala etter årsklassar som i tabell 59, ser ein at dei eldste informantane brukar *ar*-endinga i 47 % av tilfella, medan dei brukar *-ær* i 47,5 %. Blant dei middelaldrande er *-ær* bruka i 9 % fleire tilfelle, og ein ser at bruken av *-ar* er blitt redusert med 13,5 %. Tendensen med aukande bruk av *ær* ser ein blant dei yngste informantane. Dei brukar *ær*-endinga i 70,3 %, som er ein auke på 13,8 %, medan reduksjonen i bruken av *ar* i forhold til førre årsklasse er på 24,2. Ein ser òg at det er ein auke i bruken av *-år* mellom årsklassane, der dei yngste har den høgaste skåren med 2,7 %. Belegga er få, men *-år* er i bruk i alle årsklassar. Det som derimot er meir tydeleg, er auken i bruken av endinga *-er*. Ut ifrå tabellen ser ein at det er nesten ei dobling mellom kvar årsklasse, og forskjellen på yngre og middelaldrande er signifikant her. Auken av *ær*-endinga kan ha ei reint fonetisk forklaring, men ein kan òg undra seg over om det er teikn på ei meir analog bøyning av hankjønns- og hokjønnsorda. Det som gjer det litt vanskeleg å konkludera med det, er gutane sin relativt låge bruk av *ær*-endinga i hokjønn ubunden form fleirtal (jf. tabell 56).

Tabell 60 Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter kjønn (var. 8)

Kjønn	ær		ar		er		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	140	69,4	76	24,6	17	4,9	2	1,1	235	100
Mann	173	57,1	88	25,4	37	14,8	8	2,8	306	100
<i>p</i> for varianten <i>ær</i> :* og for varianten <i>er</i> : T										

I tabell 60 ser ein at kvinnene brukar *ær*-endinga i 12,3 % fleire tilfelle enn mennene. Etter signifikans-testen viser denne skilnaden signifikans mellom kjønna. Medan varianten *-er*, som mennene brukar i 9,9 % fleire tilfelle enn kvinnene, har ein skilnad mellom kjønna som viser tendens. Ein kan altså leggja vekt på kjønnskilnader når det gjeld desse to variantane.

Tabell 61: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter kjønn og årsklassar (var. 8)

Kjønn/årskl	ær		ar		er		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne										
E: 1923-1952	34	39,1	45	51,7	8	9,2	0	0	87	100
M: 1953-1982	49	57,6	26	30,6	9	10,6	1	1,2	85	100
Y: 1983-2012	57	90,5	5	7,9	0	0	1	1,6	63	100
Mann										
E: 1923-1952	60	54,1	48	43,2	1	0,9	2	1,8	111	100
M: 1953-1982	42	55,3	28	36,8	4	5,3	2	2,6	76	100
Y: 1983-2012	71	59,7	12	10,1	32	26,9	4	3,4	119	100
<i>p</i> for variant ær: M (**), for variant er: E(*)										

I tabell 61 er kjønn kryssa med årsklassar. For varianten *-ær* er skilje mellom kjønna blant dei middelaldrande signifikant, og testen viser at det er høg signifikans. For dei eldre er skilnaden signifikant for varianten *-er*.

Blant dei eldste ser ein tydeleg at kvinnene brukar meir den gamle *ar*-endinga enn mennene. Medan kvinnene brukar ho i 51,7 % av tilfella, brukar mennene ho i 43,2 av tilfella. Bruken av *-ar* er noko mindre blant dei middelaldrande enn dei eldre. Blant kvinnene er det 30,6 %, noko som er ein nedgang på 21,1 %, medan mennene brukar *-ar* i 36,8 % av tilfella. Her viser det seg altså at dei middelaldrande mennene brukar *-ar* i 6,2% fleire tilfelle enn kvinnene. Blant dei unge er *ar*-endinga lite bruka. Jentene brukar ho i 7,9 % av tilfella, medan gutane i 10,1 %. Det vil seia at dei eldste kvinnene har høgast frekvens i bruken av *ar*- endinga, medan jentene den lågaste.

Bruken av *ær*-endinga blant mennene viser lite skilnadendring mellom årsklassane. Dei eldste brukar *-ær* i 54,1 % av tilfella, dei middelaldrande aukar til 55,3, medan dei eldste har ein bruk på 59,7 %. Blant kvinnene er det heilt annleis. Her blir bruken frå dei eldste til dei yngste fordobla. Dei eldste brukar *-ær* i 39,1 %, dei middelaldrande i 57,6 % som er om lag det same som dei middelaldrande mennene. Det største hoppet skjer mellom dei middelaldrande og dei yngste kvinnene. Her aukar dei yngste bruken med 32,9 % og brukar altså *-ær* i 90,5 % av tilfella. I tabell 56 kan ein sjå at jentene brukar *ær*-endinga i 96,6 % av

tilfella, noko som får ein til å tenkje på om dei har eit nærast analogt bøyingsmønster for hankjønn og hokjønnsord i ubestemt fleirtal.

Når det gjeld endinga *-er*, er det stor skilnad mellom kjønna i den yngste årsklassen. Jentene brukar ho ikkje i det heile, medan gutane brukar ho i 26,9 % av tilfella. Blant dei eldste og middelaldrande kvinnene er bruken på ca. 10 % , medan dei eldste mennene har ein bruk på 0,9 og dei middelaldrande på 5,3 %. *År*-endinga er lite i bruk, men mennene har nokre fleire tilfelle enn kvinnene.

Det kan sjå ut som om dei unge jentene har eit meir eins mønster enn gutane. Gutane står for ei retning mot eit kanskje meir bokmålsprega bøyingsmønster med sine 26,9 % tilfelle av *er*-endinga, men jentene viser ein klår tendens vekk frå dei tradisjonelle *ar*-endingane.

Tabell 62: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter utdanning og årsklassar (var. 8)

Utd./årskl	ær		ar		er		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Grunnskule										
E: 1923-1952	5	35,7	9	64,3	0	0	0	0	14	100
Y: 1983-2012	128	70,3	17	9,3	32	17,6	5	2,7	182	100
Høgskule										
E: 1923-1952	76	69,7	23	21,1	9	8,3	1	0,9	109	100
M: 1953-1982	76	60,8	33	26,4	13	10,4	3	2,4	125	100
Yrkesfag										
E: 1923-1952	13	17,3	61	81,3	0	0	1	1,3	75	100
M: 1953-1982	15	41,7	21	58,3	0	0	0	0	36	100

Det kan vera interessant å kryssa utdanning og årsklassar for å sjå om det kan fortelja noko meir om det er noko mønster ut i frå utdanning. Det ein ser klårt i tabell 62, er at dei med yrkesfagleg bakgrunn ikkje brukar *er*-endinga i det heile tatt. *År*-endinga er berre bruka i 1,3 % av tilfella, og det er blant dei eldste informantane. Den gamle *ar*-endinga blir bruka i 81,3 % av tilfelle blant dei eldste, men bruken blir redusert til 58,3 % blant dei middelaldrande. Der dei ikkje brukar *-ar*, brukar dei altså *-ær*. Dermed ser ein at *-ar* er den hyppigast bruka forma blant informantane i denne gruppa.

Blant dei med høgskule ser det noko annleis ut. Dei brukar i hovudsak *ær*-endinga. Dei eldste brukar han i 67,7 % av tilfella, noko som er 52,4 prosent meir enn dei eldste med yrkesfagleg bakgrunn og 34% meir enn dei eldste med berre grunnskule. Dei middelaldrande har redusert bruken av *-ær* med 8,9 %, men brukar ho likevel i 19,1 % fleire tilfelle enn dei med yrkesfag. Dermed kan det sjå ut som om dei eldste informantane med høgskulebakgrunn har stått i spissen for *ær*-endinga sin frammarsj, og at dei yngste verkeleg har følgd opp i og med at dei brukar ho i 70,3 % av tilfella.

Når det gjeld *ar*-endinga, viser tala i tabellen at dei eldste brukar ho i 21,1 % medan dei middelaldrande i 26,4 %. Det er lågt belegg på endinga- *år* i begge årsklassane, men *er*-endinga er bruka blant dei eldste i 8,3 % av tilfella medan dei middelaldrande har auka bruken til 10,4 %. Utanom dei yngste informantane er altså dei informantane med høgskule dei einaste som har endinga *er*. Det kan då sjå ut som om informantane i denne gruppa er dei som leier vegen vekk frå dei tradisjonelle forma med *-ar*. Dermed kan det sjå ut som om ein går mot ei analog bøyning mellom hankjønns – og hokjønnsorda.

### Variabel 9: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell *er*-klasse

Tabell 63: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell *er*-klasse (var. 9)

Total	<i>ær</i>		<i>er</i>		<i>år</i>		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Total	62	72,1	15	17,4	9	10,5	86	100

Ut ifrå tabell 63 ser ein at *år*-endinga er bruka i 10,5 % av tilfella, medan *-er* er bruka i 17,4 % *ær*-endinga er den desidert mest bruka endinga med 72,1 %. Endingane i denne gruppa er tradisjonelt lik endingane etter hovudmønsteret for hokjønn, og viss ein samanliknar tala i tabell 63 med tala i tabell 53, ser ein at *ær*-endinga er den mest bruka endinga i begge tabellane.

Tabell 64: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter kjønn og årsklasse (var. 9)

Kj/årskl.	ær		er		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne								
E: 1923-1952	4	100	0	0	0	0	4	100
M: 1953-1982	13	61,9	8	38,1	0	0	21	100
Y: 1983-2012	15	78,9	1	5,3	3	15,8	19	100
Mann								
E: 1923-1952	9	100	0	0	0	0	9	100
M: 1953-1982	4	57,1	1	14,3	2	28,6	7	100
Y: 1983-2012	17	65,4	5	19,2	4	15,4	26	100

I tabell 64 ser ein at dei eldste informantane verken brukar *-er* eller *-år*, men berre *-ær*. Blant dei middelaldrande er bruken av *-ær* redusert ganske mykje. For mennene er reduksjonen 42,9 prosent, og blant kvinnene 30,1 %. Skilnaden mellom kjønna er liten, berre på 4,8 %. Både dei unge jentene og dei unge gutane aukar bruken av *-ær* i forhold til dei middelaldrande slik at jentene brukar *ær* i 17 % fleire tilfelle enn dei middelaldrande kvinnene. Gutane aukar ikkje like mykje, men med 8,3%.

Trenden som dei middelaldrande starta med færre tilfelle av *-ær*, blir ikkje heilt følgt opp av dei unge. Dei reverserer i nokon grad utviklinga.

Dei middelaldrande kvinnene har høg bruk av endinga *-er*. Han er på 38,1 %, men jentene følgjer ikkje opp dette mønsteret i og med at dei berre har 5,3 %. Gutane, derimot, brukar *er* i 19,2 % av tilfella noko som er 13,9 % meir enn jentene og 4,9 % meir enn dei middelaldrande mennene.

Blant dei yngste er *år*-endinga bruka omtrent likt, men det er ingen av kvinnene i dei andre årsklassane som brukar *år*-endinga. Dei middelaldrande mennene, derimot, brukar *-år* i 28,6 % av tilfella, noko som er 13,2 % meir enn gutane.

Belegget er lite for denne tabellen, men det viser ein viss tendens. Jentene held seg i hovudsak til *ær*-endingane (78,8 %), medan gutane brukar fleire av dei nye formene *år* og *er*.

Tabell 65: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter utdanning og årsklasse (var. 9)

Utd/årskl	ær		er		år		I alt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Grunnskule								
E: 1923-1952	1	100	0	0	0	0	1	100
Y: 1983-2012	32	71,1	6	13,3	7	15,6	45	100
Høgskule								
E: 1923-1952	8	100	0	0	0	0	8	100
M: 1953-1982	17	63	9	33,3	1	3,7	27	100
Yrkesfag								
E: 1923-1952	4	100	0	0	0	0	4	100
M: 1953-1982	0	0	0	0	1	100	1	100

I tabell 65 ser ein at alle dei eldste informantane brukar *ær*-endinga, medan dei yngste brukar han i 71.1% av tilfella. Dei middelaldrande med høgskuleutdanning brukar han i 63 % av tilfella, medan dei brukar *er* i 33, 3 %. Blant dei yngste ser ein at- *år* har kome inn og blir bruka i 15,6 % av tilfella.

Det kan ut ifrå tabell 65 sjå ut som om det er dei middelaldrande med høgskuleutdanning som startar bølga vekk frå den tradisjonelle *ær*-endinga, men belegget er så pass lite at det er vanskeleg å trekka ein sikker konklusjon.

Det kan sjå ut som om skilnaden i bøyingsmønsteret mellom genusa hankjønn og hokjønn i ubunden form er blitt redusert. *Ær*-endinga er den endinga som er bruka mest i alle verbgruppene i begge genusa. Dette kan vera eit teikn på at ein får eit samanfall i bøyinga. Det blir vidare interessant å sjå om dei nye formene kjem til å pressa ut *ær*-endinga eller om ho er sterk nok til å bli ståande i dialekten.

## Variabel 10: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klassen

Tabell 66: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse (var. 10)

	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Total	80	39	125	61	205	100


Hovudmønsteret i hankjønn bunden form fleirtal har i ryfylkedialektene og stavangerbymål vore *-ane* (Sandvik: 1979, s.80). I tabell 66 ser ein at endinga *-ene* er komen inn i talemålet i Randaberg, og at ho blir bruka i 39 % av tilfella. Om dette er eit trekk som har kome frå storbyen Stavanger eller om det er eit hopp frå dei store sentruma som Bergen og Oslo, er vanskeleg å seia. Ein kan òg vurdera om ein i Randaberg går mot eit samanfall med lik pluralbøying i bunden form av hankjønns- og hokjønnsord. (Sjå grammatikkskisse 2.1.7.1.4)

Tabell 67: Hankj. bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter årsklassar (var. 10).

Årsklasse	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	25	26,9	68	73,1	93	100
M: 1953-1982	11	17,2	53	82,8	64	100
Y: 1983-2012	44	91,7	4	8,3	48	100
<i>p</i> for både $Y \neq E$ (***) og $M \neq E$ (**)						

Det er kanskje ikkje overraskande at det er dei unge som har høgast skåre når det gjeld bruken av det nye trekket med *-ene*, men ein kan merka seg at hoppet frå førre generasjon er på 74,5 %. Dei eldre informantane brukar endinga *-ene* i 26,9 % av tilfella, medan dei middelaldrande brukar det i 17,2 %. I og med at dei eldre brukar endinga *-ene*, og sjølv om dei middelaldrande brukar ho noko mindre enn dei, viser dette ei endring i mønsteret, og at det kanskje går mot eit samanfall. To av tre aldersskilnader har høg og svært høg signifikans, og det vil i praksis seie at skilnaden frå dei eldre er påliteleg og klår. Men det skiplar bildet at dei mellomaldrande viser skilnad i ei anna retning, altså til meir *-ane* enn dei eldre. Det gjer òg at resultatata frå signifikans-testen nedanfor for denne variabelen, ikkje er lette å tolke.

Figur 13 Bruken av endinga -ene og -ane i hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter årsklassar (var. 10). Skåre i prosent



I figur 13 ser ein korleis den tradisjonelle endinga - *ene* er den mest bruka endinga blant dei to eldste årsklassane, medan dei yngste informantane brukar ho i liten grad.

Tabell 68: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter kjønn (var. 10).

Kjønn	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	42	61,3	55	38,7	97	100
Mann	38	52,5	70	47,5	108	100
Total	80	39	125	61	205	100

I tabell 68 ser ein at det er ein liten skilnad mellom kjønna. Det er kvinnene som har den største bruken av den nye endinga. Dei brukar ho i 8,8 % fleire tilfelle enn mennene.



Tabell 69: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter kjønn og årsklassar (var. 10)

Kjønn/årskl	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne						
E: 1923-1952	14	30,4	32	69,6	46	100
M: 1953-1982	2	8	23	92	25	100
Y: 1983-2012	26	100	0	0	26	100
Mann						
E: 1923-1952	11	23,4	36	76,6	47	100
M: 1953-1982	9	23,1	30	76,9	39	100
Y: 1983-2012	18	81,8	4	18,2	22	100
<i>p</i> for M: (*)						

Ut ifrå tala i tabell 69 kan ein sjå at dei eldste og dei yngste kvinnene brukar *-ene* meir enn deira mannlege jamaldringar. Blant dei eldste brukar kvinnene *-ene* i 7 % fleire tilfelle enn mennene. Blant dei yngste brukar ikkje jentene *-ane* i det heile, medan gutane brukar *-ene* i 81,8 % av tilfella. Blant dei middelaldrande, derimot, er det mennene som har høgast frekvens i bruken av *-ene*. Dei brukar endinga i 15,1 % fleire tilfelle enn kvinnene. Signifikanstesten viser signifikant kjønnskilnad hos dei middelaldrande.

Ut ifrå denne tabellen ser ein at det er dei middelaldrande kvinnene som står for ”dumpen” i bruken av *-ene*. Dei brukar *-ene* i berre 8 % av tilfella, medan dei eldste kvinnene har 30,4 %. Ut ifrå dette ser det ut som om jentene har tatt i bruk mønsteret til dei eldste og brukar *-ene* konsekvent. Blant mennene er utviklinga annleis. Det er liten skilnad mellom dei eldste og dei middelaldrande mennene. Faktisk er det 0,3 % større bruk av *-ene* blant dei eldste. Gutane har i motsetnad til jentene ikkje heilt sleppt taket på *-ane*-endinga og brukar ho 18,2 % av tilfella. Ein vil ut i frå denne tabellen gå ut i frå at hankjønnsendinga i bunden form fleirtal etter kvart vil bli *-ene* i og med at ho allereie eksisterer i så pass stor grad blant dei eldste og at dei yngste brukar ho hyppigast. Korfor dei middelaldrande kvinnene brukar ho i så pass liten grad, er vanskeleg å seia,

Tabell 70: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse gruppert etter utdanning og årsklassar (var. 10)

Utd/årskl	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Grunnskule						
E: 1923-1952	2	25	6	75	8	100
Y: 1983-2012	44	91,7	4	8,3	48	100
Høgskule						
E: 1923-1952	17	58,6	12	41,4	29	100
M: 1953-1982	7	15,2	39	84,8	46	100
Yrkesfag						
E: 1923-1952	6	10,7	50	89,3	56	100
M: 1953-1982	4	22,2	14	77,8	18	100

I tabell 70 er årsklassane kryssa med utdanning. Blant dei eldste informantane ser ein at dei med høgskuleutdanning skil seg ut med ein høg bruk av *-ene*. Dei brukar denne endinga i 58,6 % av tilfella noko som er 33,6 % meir enn dei som har grunnskuleutdanning og 47,9 % meir enn dei med yrkesfagleg bakgrunn. Dei eldste med yrkeskulebakgrunn har lågast bruk med 10,7 %. Blant dei middelaldrande er det dei med yrkesfag som har høgast bruk av *-ene*. Dei har auka bruken i forhold til dei eldste i denne gruppa med 11,5 % og brukar ho faktisk meir enn jamaldringane med høgskule. Blant dei middelaldrande med høgskulebakgrunn er bruken av den tradisjonelle endinga *-ane* bruka i 84,8 % av tilfella. Dermed kan det sjå ut som om dei reverserer starten på *-ene* som hankjønnssending som dei eldste har, men når ein ser på dei yngste som er i gruppa med grunnskule, ser ein at bruken har auka og er på 91,7 %.

Tabell 71: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse (var. 10)

Mask b.pl	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Total	13	92,9	1	7,1	14	100

Mønsteret for hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse er *-ene*. Belegget for denne klassen er lågt, men det viser ein tendens. Informantane brukar i 92,9 % av tilfella endinga *-ene*.

Tabell 72: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter årsklassar (var. 10)

Årsklasse	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
E: 1923-1952	4	100	0	0	4	100
M: 1953-1982	4	80	1	20	5	100
Y: 1983-2012	5	100	0	0	5	100

Utanom dei middelaldrande som brukar *-ene* i 80 % av tilfella, brukar dei andre informantane berre endinga *-ene*.

Tabell 73: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse gruppert etter kjønn og årsklassar (var. 10)

Årskl/kj	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne						
E: 1923-1952	1	100	0	0	1	100
M: 1953-1982	1	100	0	0	1	100
Y: 1983-2012	1	100	0	0	1	100
Mann						
E: 1923-1952	3	100	0	0	3	100
M: 1953-1982	3	75	1	25	4	100
Y: 1983-2012	4	100	0	0	4	100
<i>p</i> for M:*						

Ut ifrå tala i tabell 73 kan ein sjå at det berre er middelaldrande menn som brukar *-ane*, elles blir berre *-ene* bruka. Signifikant-testen viser signifikans for dei middelaldrande, men sidan belegget er lågt, er det dristig å prøva å trekkja nokon konklusjon.

Tabell 74: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell *er*-klasse gruppert etter utdanning og årsklassar (var. 10)

Utd. årskl	ene		ane		I alt	
	N	%	N	%	N	%
Grunnskule						
E: 1923-1952	1	100	0	0	1	100
Y: 1983-2012	5	100	0	0	5	100
Høgskule						
E: 1923-1952	3	100	0	0	3	100
M: 1953-1982	4	80	1	20	5	100
Yrkesskule	0	0	0	0	0	

Når ein kryssar utdanning og årsklassar, ser ein i tabell 74 at alle som har belegg på hankjønnsord i denne gruppa, sett bort i frå ein middelaldrande med høgskuleutdanning, brukar *-ene* og held seg altså til det gamle mønsteret.

Dersom ein skal sjå dei to hankjønnsordgruppene i samanheng, ser ein at blant dei yngste informantane er det nærast heilt samanfall i endingane. I den tradisjonelle *ar*-gruppa brukar dei yngste *-ene* i 91,7% av tilfella medan dei brukar *-ene* i 100 % av tilfella i *er*-gruppa. Blant dei eldre informantane har ein ikkje samanfall i same grad. Spørsmålet ein kan stilla seg, er om dette er eit teikn på samanfall i bøyinga mellom hokjønn og hankjønn.

## 6. Drøfting av hypotesane

### Hypotese 1

*Førekomstane av yngre former aukar jamt med minkande alder.*

For å finna eventuell endring er det interessant å sjå bruken av nye trekk og former i dei forskjellige årsklassane. Dersom eit nytt trekk er aukande med lågare årsklasse, kan det tyde på at trekket er kome inn for å bli. Rett nok veit ein ikkje om dei yngste vil redusera bruken av det når dei blir eldre, men er bruken også stor blant dei middelaldrande, er det neppe stor aldersfaseendring, og ein kan truleg rekna med at det blir verande framover i tid.

I førre kapittelet såg me at dei fleste skilnadene me kunne lesa ut av tabellane, ikkje var signifikante når me testar dei statistisk. Det vil seia at dei som enkeltvis forskjellar ikkje kan bli tillagt vekt. Det manglande signifikans-utslaget kjem oftast av at den individuelle variasjonen innanfor gruppene i informantutvalet er så stor at gjennomsnitta me opererer med, ikkje kan reknast som pålitelege og representative gjennomsnitt i den eigentlege populasjonen vi har ambisjon om å granska. Det vil seia at gjennomsnitta og skilnadene i tabellane kan vera tilfeldige. Denne situasjonen med manglande signifikans-utslag er gjerne typisk for ei gransking med lite informantutval, som eit avgrensa sosiolingvistisk prosjekt må halde seg til. Men ettersom me undersøker mange språkvariablar, kan me sjå etter om same variasjonsmønster eller same mønster for skilnader går i same retning i alle eller dei fleste av variabel-resultata. Gjer dei det, kan ikkje det vera tilfeldig, og me har i så fall ein sterk indikasjon på at det faktisk er eit generelt mønster i språkbruksskilnadene i populasjonen. Derfor skal me i drøftinga av hypotesane nettopp sjå etter gjennomgåande mønster i variablane, for ut frå dei mønstera kan me drøfta og avgjera om hypotesen er styrkt eller svekt.


I tabell 75 har eg sett inn førekomstane av dei nye variantane i randabergdialekten og sett på bruken av dei blant informantane. Eg har delt dei inn etter årsklasse.

Tabell 75: Dei nye førekomstane i dei tre årsklassane. Skåre i prosent

Årsklasse		1923-1952	1953-1982	1983-2012
Variabel 1	ptk	8,7	18,9	24,9
Variabel 2	e-infinitiv	18	21,4	34,6
Variabel 3	ll<dl	70,9	91	100
Variabel 4	ʃ<kj	0	28,4	73,3
Variabel 5	Hokj bf. sg.: en-ending	20,1	14,1	21
Variabel 6	Hokj. pl.ub. ar-kl: ær-ending	66,6	87,5	100
Variabel 7	Hokj. pl. ub. er-kl.: er- og år-ending	1,2	27,5	25,4
Variabel 8	Hankj. pl. ub.: ar-kl: ær-, er-, år-ending	53	66,5	90,6
Variabel 9	Hankj pl ub.er- kl.: er-, år-ending	0	38,1	27,8
Variabel 10	Hankj. bf. pl. ar-kl.: ene	26,9	17,2	91,7

Når det gjeld variablane 6, 7, 8 og 9, har eg ikkje her sett på kvar enkelt ny variant på dei ulike årsklassane, men summert førekomstane av dei nye variantane i talemålet for å sjå om hypotesen blir støtta av tala. I kapittelet med presentasjon av resultatata (jf. kap. 5) har eg gått inn på dei ulike endingane.

Figur 14: Dei nye førekomstane i dei tre årsklassane. Skåre i prosent



På figur 14 ovanfor ser ein at dei nye trekka nokså gjennomgåande blir bruka meir med minkande alder. Det gjeld alltid for forholdet mellom eldre og yngre, men i to variablar har dei middelaldrane lågare snitt enn dei eldre, og i to fleire enn dei yngre: Når det gjeld variabel 1, 2, 3 og 4, ser ein at bruken av dei nye formene er aukande di lågare årsklassen er. For variabel 5 derimot er ikkje kurva jamt stigande med minkande alder. Her ser ein at dei eldste og dei yngste brukar *en*-endinga like mykje og noko meir enn dei middelaldrande. Dermed går dette på tvers av hypotesen. Skilnaden mellom bruken av *-en* mellom dei eldre og dei unge informantane er så liten at ein ikkje kan kalla det auka bruk, og dermed kan me ikkje rekna med noko språkendringsmønster i denne variabelen. I endringssamanheng kan me oversjå han.

For variabel 7 er det tydeleg at dei nye trekka er komne inn i talemålet i og med at både dei middelaldrande og dei yngste har redusert bruken av den gamle forma. Dei nye formene *-er*


og *-år* representerer neppe eit nytt morfem, men ein annan uttale av morfemet. Elles viser tabell 75 at i både variabel 6 og 8 har ein aukande bruk av dei nye trekka med lågare årsklasse. Når det gjeld variabel 9, viser han at dei middelaldrande brukar fleire nye former enn dei unge. Dermed stør ikkje resultatata for denne variabelen heilt ut opp under hypotesen. For variabel 10 viser resultatata ein nedgang i bruken av endinga *-ene* blant dei middelaldrande samanlikna med bruken til dei eldste, men trekket har slått ut i full blom blant dei yngste.

Tabell 75 og figur 14 viser altså at dei fleste nye trekka har auka bruk med minkande alder. Nokre middelaldrande forstyrerar det mest overtydande bildet med t.d. jamt stigande strekar, men her er likevel eit overtydande mønster av ei nokså generell språkending.

Bortsett frå variablane 4 og 9 brukar informantar i alle årsklassar dei nye formene. Det vil seia at trekka sannsynlegvis har vore i bygda over lenger tid. Etter kvart er dei blitt ”godtekne” av mange og har spreidd seg. Ut i frå tabellen kan ein sjå at det er fleire av dei nye formene som er lite i bruk blant dei eldste, mens andre meir. Som Sandøy skriv i *Norsk dialektkunnskap*, held dei eldste gjerne på dei gamle mønstera, medan det lever to system side om side (Sandøy, 1991, s. 167).

Som ein kuriositet, tek eg med ein figur som viser bruken av dei gamle formene blant dei eldste informantane og yngste informantane.


Figur 15: Bruken av dei gamle formene blant dei eldste informantane. Skåre i prosent.





I figur 15 ser ein at blant dei eldste informantane er alle dei gamle formene i bruk. Ein kan òg sjå at nokre av informantane ikkje har klasse-samanfall i han- og hokjønnsorda.

Figur 16: Bruken av dei gamle formene blant dei yngste informantane. Skåre i prosent.



I figur 16 ser ein at framleis er mange av dei gamle formene i bruk blant dei yngste informantane, sjølv om bruken er redusert. Nedanfor i tabell 76 er ei oversikt over endringsprosenten. Det er skilnaden i prosentpoeng mellom dei eldste og dei yngste informantane.

## Hypotese 2

*Dei språklege endringane går i retning av grammatisk forenkling*

Dei variablane som eg meiner er interessante å sjå på i denne samanhengen, er 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9 og 10. Variabel 1 og variabel 2 tek eg ikkje med. Det fører ikkje med seg noko forenkling om ein går over til *p, t, k*, i staden for *b, d, g*. Det same gjeld for variabel 2, for ein kan ikkje seia at det er ei forenkling å seia *e* i staden for *a*. Variabel 3 er interessant fordi former med *ll* er enklare enn med *d* ettersom ein har dobbelformer dersom ein har *dl*-former. Om ein seier *fuld*, må ein ha *full*- i samansetningar som *fullkommen* osv., der andreleddet begynner på konsonant. Dersom ein får samanfall mellom *kj*-lyden og *sj*-lyden, kan ein kalla det forenkling fordi ein får færre fonem.

Når det gjeld variabel 5, som gjeld *en*-ending i staden for *å*-ending i hokjønns bunden form eintal, vil ein kunne seia at det ved eventuell full gjennomføring, er ei forenkling i og med at ein då får redusert talet på endingar i bunden form i substantivsystemet. Dermed vil ein få lik bøyning i hankjønns og hokjønns i den forma. Men mine funn tyder altså ikkje at det er endring når det gjeld variabel 5. I tabell 79 ser ein at endringsprosenten berre er på 1 %. Når me ikkje kan påvise endring, blir denne variabelen uaktuell under denne hypotesen.

At det har føregått ei endring, viser tabell 76, men ut i frå han er det ikkje like enkelt å sjå klasse-samanfall og forenkling. For å lettare å sjå om det har vore ei grammatisk forenkling, har eg laga ein tabell (tabell 77) som viser bruken av dei ulike endingane (var.6 og var. 8).

**Tabell 76: : Variablar med mogleg grammatisk forenkling. Med endringsprosent**

Variabel med mogleg grammatisk forenkling.		Endring?	Endringsprosent
Variabel 3	Ll < dl	+	20,1
Variabel 4	[ʃ] < kj	+	73,3
Variabel 6	Hokj. pl..ub. ar-kl: ær- ending	+	33,4
Variabel 7	Hokj. pl. ub. er-kl.: er- og år-ending	+	23,9
Variabel 8	Hankj. pl. ub.: ar-kl: ær-, er-, år- ending	+	37,6
Variabel 9	Hankj pl ub.er- kl.: er-, år-ending	+	27,8
Variabel 10	Hankj. bf. pl. ar-kl.: ene	+	64,8

I tabellen ovanfor kan me sjå at endringsprosenten på [ʃ] < kj er 73,3%, medan endringsprosenten på ll < dl er på 20,1 % og i tabell 75 ser ein at dei yngste ikkje brukar segmentering i det heile tatt. Tala viser endring, og me har ei forenkling i og med at det er lik uttale av ll i enkle og samansette ord.

Om ein finn ut at forskjellen i mønsteret mellom substantiv av tradisjonell *ar-* og *er-*klasse er forsvunne, viser det også ei forenkling. Viss talet på bøyingsendingar (allomorfoar) går ned, vil ein òg ha ei forenkling på same sett som i variabel 5. Sjå tabell 77 nedanfor for variabel 6 og 8.

Tabell 77: Endingane i hokjønn og hankjønn ubunden form av dei tradisjonelle *er-* og *ar-*klassane (var.6 og 8). Skåre i prosent.

Variablar med mogleg grammatisk forenkling.					
Årsklasse			ar-ending	er- og ær-ending	år-ending
1923-1952	Variabel 6	Hokj.pl.ub ar-kl.	33,3	66,6	0
1952-1982			12,5	87,5	0
1983-2012			0	100	0
1923-1952	Variabel 8	Hankj.pl.ub ar-kl.	47	52	1
1952-1982			33,5	64,6	1,9
1983-2012			9,3	87,9	2,7

Tabell 77 er ei oversikt over i endingane i ubunden form fleirtal av hokjønnord og hankjønnord av både *ar-*klassen.

Den ”tradisjonelle” uttalen av *-er* i hokjønn og hankjønn ubunden form av *er-*klassen har i Randaberg vore *-ær*. At nokre ungdommar har ”gått over” frå *-ær* til *-er* (variabel 7), er ikkje teikn på forenkling, men den nye forma viser ny uttale av morfemet. Dermed er ikkje dette noko nytt morfologisk trekk, og derfor ikkje forenkling. Derimot vil endringa frå *-ar* til *-ær* i hokjønn ubunden form fleirtal av *ar-*klassen (variabel 6) vera ei forenkling fordi den nye endinga representerer eit morfologisk samanfall med *er-*klassen.

Dersom ein då ser på tala for hankjønn ubunden form fleirtal av *ar-*klassen, ser ein at *-ær* og *-er* er dei mest bruka endingane i alle årsklassar. Dermed vil endringa frå *-ar* til *-ær* og *-er* (jf. avsnitt ovanfor om endingane *-ær* og *-er*) i hankjønn ubunden form fleirtal av *ar-*klassen (variabel 8) vera ei forenkling fordi den nye endinga representerer eit morfologisk samanfall med *er-*klassen.

Endringa i bøyingsmønsteret viser at det går mot eins bøying i hankjønn og hokjønn ubunden form fleirtal. Ein går altså i retning av færre endingar i fleirtal ubunden form og dermed ei grammatisk forenkling.

Tabell 78: Hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse. Tala er i prosent.

Variabel 10 med mogleg grammatisk forenkling		
Hankj. bf. pl. ar-kl.: ene	ene-ending	ane-ending
1923-1952	26,9	73,1
1952-1982	15,5	84,4
1983-2012	90,9	9,1

Den tradisjonelle endinga i hankjønn bunden form fleirtal av tradisjonell *ar*-klasse har vore *ane*-ending, medan endinga i tradisjonell *er*-klasse har vore *-ene*. Tabell 78 viser ei endring frå *-ane* til *-ene*. Dermed har ein eit endings-samanfall med *er*-klassen, og me kan konkludera med at det har vore ein forenkling, altså færre allomorfar slik at ein får lik form i bunden form fleirtal av hokjønnsorda og hankjønnsorda.

Dei språklege endringane som her er presentert, viser at desse språklege endringane går i retning av grammatisk forenkling. Dermed ser hypotesen ut til å stemma.

### Hypotese 3

*Dei formene som er i frammarsj i Randaberg, er dei same som alt er etablert eller er i frammarsj i Stavanger.*

For folk i Randaberg vil Stavanger vera eit kommunikasjonsmidtpunkt. Gjennom intervju kom det fram at randabergbuane ofte reiser til Stavanger for å handla og gå på til dømes kino og andre kulturelle tiltak. I tillegg pendlar sirka 2500 personar frå Randaberg til Stavanger, medan over 1000 personar pendlar frå Stavanger til Randaberg (jf. tabell 1 og 2). Dermed vil randabergbuen vera i språkleg kontakt med nye trekk i stavanger-dialekten.

Aasen viser i oppgåva si at samanfall av *kj-* og *sj-*lyden, bruken av *p, t, k* i staden for *b, d, g* og *-e* i infinitiv er i frammarsj i Stavanger (Aasen, 2011). Gabrielsen viser i undersøkinga si at segmenteringa av *ll* var på veg ut av stavangerdialekten allereie i 1980-åra. Dermed er det eit etablert trekk i Stavanger. Vidare fann han ei analogisk utjamning både i ubunden og bunden form fleirtal mellom alle tre genusa (Gabrielsen, 1984) noko som vil seia at det er ei form i frammarsj i Stavanger.

Eg vil òg trekka inn det språklege klasse-samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsord av tradisjonelle *er-* og *ar-*klassane som eg gjorde greie for under hypotese 2. Sjølv om dette ikkje lenger er i frammarsj i Stavanger (Sjå hypotese 2), har det vore eit fenomen i Stavanger og dermed etablert i talemålet. Berntsen og Larsen skriv i *Stavanger Bymål* at ein hadde ei rekkje ord i hankjønn og hokjønn som veik av for det tradisjonelle bøyingsmønsteret. Det vil seie at ei rekkje hokjønnsord hadde *ar-*ending, medan ein rekkje hankjønnsord hadde *er-*ending (Berntsen og Larsen, 1925 s.214-219). **Dette** endings-samanfallet er altså ”sluttført” i Stavanger, og ut ifrå hypotesen er det interessant i denne samanhangen.

Ut i frå tala i tabell 79 ser ein at dei formene som Aasen fann ut var i frammarsj i Stavanger, også er på frammarsj i Randaberg. Bruken av *p, t, k* i staden for *b, d, d* har auka, og det same har *e-*infinitiven og *sj* i staden for *kj*. Bruken av segmenteringa som Gabrielsen registrerte var sterkt redusert i Stavanger i 1980-åra, blir lite bruka i Randaberg. Vidare ser ein at retninga mot analog bøyning av maskulinum og femininum også er på frammarsj i randabergdialekten.

Dersom ein ser på tabell 77 (sjå hypotese 2) viser tendensen mot klasse-samanfall og analogt bøyingsmøster mellom hankjønn og hokjønnsorda i Randaberg. Dette viser at klasse-samanfallet som har skjedd i Stavanger, truleg er i ferd med å slå fullt igjennom i Randaberg.

Tabell 79: Oversikt over endringsprosenten av dei nye trekka og prosentvis bruk av dei blant dei yngste informantane. Prosenttal (samanfall = 100%) for bruken av dei same variablane i stavangertalemålet.

		Prosent endring i Randaberg frå eldre til yngre (opptak 2014)	Prosent hos yngre i Randaberg 2014	Prosent yngre i Stavanger (Aa = Aasen 2011, G = Gabrielsen 1982)
Variabel 1	ptk	16,2	24,9	Aa = 29,8, G = 7,8
Variabel 2	e-infinitiv	16,6	34,6	Aa = 50,8, G = 51,8
Variabel 3	ll<dl	29,1	100	
Variabel 4	ʃ<kj	73,3	73,3	Aa = 36,5, G = 7,6
Variabel 5	Hokj bf. sg.: en-ending	0,9	21	
Variabel 6	Hokj. pl..ub. ar-kl: ær-ending	33,4	100	Samanfall i felles allomorfer i Stavanger
Variabel 7	Hokj. pl. ub. er-kl.: er- og år-ending	24,2	25,4	Samanfall i felles allomorfer i Stavanger
Variabel 8	Hankj. pl. ub.: ar-kl: ær-, er-, år- ending	37,6	90,6	Samanfall i felles allomorfer i Stavanger
Variabel 9	Hankj pl ub.er- kl.: er-, år-ending	27,9	27,8	Samanfall i felles allomorfer i Stavanger
Variabel 10	Hankj. bf. pl. ar-kl.: ene	64,8	91,7	Samanfall i felles allomorfer i Stavanger

Dei trekka som er i frammarsj i Randaberg, er altså også i frammarsj i Stavanger. Samfunna i periferien kan vera prega av den mentaliteten at dei manglar noko dei kan finna i byen og dermed må dei "få" eller "ha" dette. Det dei vil "henta", kan blant anna vera språkdrag (Sandøy, 203, s.232). Det er derfor ikkje så unaturleg at dei same formene er i frammarsj i både Stavanger og Randaberg. I tillegg kan pendlinga òg vera ein påverknadsfaktor. Dermed kan eg konkludera med at funna i tabell 79 støttar hypotesen om at dei formene som er i frammarsj i Randaberg, er dei same som dei som er i frammarsj i Stavanger.

Spørsmålet ein kan stilla seg, er om dialekten hos dei yngre i Randaberg eigentleg er lik talemålet hos dei yngre i Stavanger. I og med eg ikkje har tal for stavangerungdommen for alle variablane, er det vanskeleg å fastslå at dei snakkar likt. Det ser slik ut når det gjeld

variablane 1, 2, 3 og 4. Når det gjeld 6,7, 8, 9 og 10, viser Gabrielsen i undersøkinga si at allereie i 1980-åra var det ein tendens mot eins bøyingsmønster mellom genusa i plural.

Endings-samanfall og meir likt mønster i fleirtal blant randaberg-ungdommen, kan gje ein indikator på at dei snakkar likt stavangerungdommen. Mine tal viser at randabergungdommane har tatt i bruk mange av dei trekka som allereie er etablert og på frammarsj i Stavanger, og at dei har ”mista” mange av dei gamle trekka som nokre av dei eldste informantane brukar.

Som ein liten kuriositet og ei uvitskapeleg underbygging av at randabergungdommane snakkar temmeleg likt ungdommane i Stavanger, vil eg referera til ein uformell samtale eg hadde med 15 ungdommar som var frå Randaberg, Finnøy, Rennesøy og Stavanger. Eg spurte dei blant anna om det var skilnad i dialektane på Rennesøy, Finnøy, Randaberg og Stavanger. Alle meinte at det var lett å høyra at dei frå Rennesøy og Finnøy var frå ”bondelandet”, medan ingen av siddisane kunne høyra at randabergbuane var frå Randaberg. Dei meinte dei snakka stavangersk. Randabergbuane sjølv meinte dei hadde nokre enkle ord som var forskjellig frå stavangersk og trekte fram som døme at dei sa /deiras/ i staden for /di:s/. Elles var dei einige i at dei snakka likt stavangerungdommen.

Eg vågar å konkludera med at dei unge i Randaberg truleg snakkar nesten likt ungdommane i Stavanger, og at det er større likskap mellom talemålet til ungdommane i Stavanger og Randaberg enn det er mellom talemålet til dei eldre og unge randabergbuane.

## Hypotese 4

*Dei med høgare utdanning har høgare frekvens av former som alt er etablert eller er på frammarsj i Stavanger-dialekten.*

Alle informantane med høgskuleutdanning har studert utanfor heimstaden sin. Under intervjuja kom det fram at ingen av dei hadde gått på vidaregåande skule bygda, men i Stavanger. Mange hadde studert i Bergen, nokre i Oslo og andre igjen i Stavanger. Milroy legg vekt på betydning av dei individuelle sosiale nettverka. Ved å ha budd fleire år utanfor bygda kan det vera at informantane har blitt lausare knytt til dei talemålsnormene som råder i bygda (Milroy,1987, s.106) og kanskje tatt opp former som tradisjonelt ikkje høyrer heime i talemålet deira, men som er i frammarsj i Stavanger.

Samtidig var dei eldste informantane studentar i 1970-åra då det var aukande interesse for dialektar her i landet. På grunn av auka fråflytting frå distrikta i 60-åra oppstod det ein politisk debatt i Noreg som dreidde seg om desentralisering. EU-kampen i førstninga av 70-åra auka det politiske engasjementet blant mange i Noreg deriblant interessa for bruken av dialektane i Noreg. I løpet av 1970- og 1980-åra blei det t.d. slutt med å snakke standardisert på universiteta. I dag er det vanleg at både studentar og lærarar brukar sin eigen dialekt (Sandøy)<sup>16</sup>.

**Tabell 80: Bruken av former som er i frammarsj eller allereie etablert i Stavanger. Gruppert etter utdanning. Skåre i prosent. (Aktuelt berre for dei middelaldrande og dei eldste)**

		Prosent endring i Randaberg 2014, inf. med grunnskule	Prosent yngre i Randaberg 2014, inf med høgskule	Prosent yngre i Stavanger (Aa=Aasen 2011, G = Gabrielsen 1982)
Variabel 1	ptk	5,6	18	G=7,8, Aa=29,8
Variabel 2	e-infinitiv	6,7	27	G=51,8, Aa=50,5
Variabel 3	ll<dl	81,8	96,35	
Variabel 4	f<kj	0	18,5	G=7,6, Aa = 36
Variabel 5	Hokj. bf. sg.: en-ending	0	27,5	Uvisst
Variabel 6	Hokj. pl.ub. ar-kl: ær-ending	0	75	Ein har klasse-samanfall i Stavanger
Variabel 7	Hokj. pl. ub. er-kl.: er- og år-ending	0	13,1	Ein har klasse-samanfall i Stavanger
Variabel 8	Hankj. pl. ub.: ar-kl: ær-, er-, år- ending	35,7	76,25	Ein har klasse-samanfall i Stavanger
Variabel 9	Hankj. pl. ub. er- kl.: er-, år-ending	0	18,5	Ein har klasse-samanfall i Stavanger
Variabel 10	Hankj. bf. pl. ar-kl.: ene	25	36,9	Tendens til endring i 1980 G

<sup>16</sup> "Language culture in Norway: A tradition of questioning standard language norms"



I tabell 80 ser ein tydeleg at dei med høgare utdanning har høgast bruk av dei formene som er i frammarsj i Stavanger.

Dette kan kanskje visa at dei eldste informantane ikkje har vore så engasjert i dialektsaka, eller at dei har normalisert talemålet dersom dei har studert i andre storbyar, men det er berre ei gjetting frå mi side.

Ein kan gjerne forklara tala ut i frå andre synspunkt. Dersom ein ser litt på føresetnader i samfunnet, vil ein kunne seia at blant arbeidarklassen er språket meir eit instrument til å gje uttrykk for lojalitet innanfor nettverket (Sandøy, 2003, s. 217). Dei med grunnskule jobbar truleg som arbeidarar og i tenesteytande arbeid. Kanskje det kan vera ei av årsakene til at den informantgruppa har lågare bruk av dei nye formene enn dei med utdanning. Dei med høgare utdanning tilhøyrrer den velutdanna middelklassen der språket tener karriereomsynet. Dermed vil grupper med mange frå middelklassen bruka språket meir som status-markør enn lojalitetsmarkør til heimbygda (Sandøy, 2003, 217).

Skulegang utanfor bygda, nye kontaktar, nettverk og jobbar innanfor administrasjon osv kan vera nokre av årsakene til at dei med høgare utdanning brukar fleire av formene som er i frammarsj i Stavanger. Det kan dermed sjå ut som at høgutdanna har blitt lausare knytt til talemålsnormene i bygda, og har hekta seg på dei nye fenomenen frå storbyen. Resultata i undersøkinga bekreftar hypotesen.

## Hypotese 5

*Dei formene som er i frammarsj i Randaberg, er prestisjeformer i Noreg.*

Er det mogeleg å sjå samanheng mellom prestisjeformer i Noreg og dei formene som er i frammarsj i Randaberg? Dersom ein tek utgangspunkt i at ”prestisjespråk” er det språket eller den dialekten som er ”mest sosialt akseptert” (Sandøy, 1991, s. 246), vil ein i dag truleg plukka ut talemålet i Oslo vest. Sandøy referer til mange undersøkingar i artikkelen sin ”Driving forces in language change-in the Norwegian perspective” som byggjer under dette (Sandøy, 2013). Med dette som utgangspunkt kan det vere mogleg å testa om hypotesen stemmer med dataa.

Samtidig er det interessant å sjå på moglege påverknadskjelder. Stavanger er det regionale senteret i Rogaland, mens Bergen kan som den største byen på Vestlandet, reknast som regionalt senter på Vestlandet. I teoridelen skreiv eg korleis språktrekk gjennom eit hoppmønster kan bli spreia frå sentrum til sentrum. Nedanfor har eg laga ein tabell med oversikt over dei formene som er i frammarsj i Randaberg og moglege forklaringar for endring (påverknadskjelder og grammatisk forenkling).

Tabell 81: Lingvistiske endringar og moglege påverknadskjelder

Språkvariabel		Endring frå eldre til yngre, Randaberg 2014	Mogleg kjelde for endringa med kontakt som forklaring			Gramm. forenkling som forklaring
			Samsvar med prestisje-dialekten i Oslo?	Samsvar med bymålet i Stvgr.	Samsvar med bymålet i Bergen	
Variabel 1	ptk	+	+	+	+	
Variabel 2	e-infinitiv	+	+	+	+	
Variabel 3	ll<dl	+	+	+	+	+
Variabel 4	f<kj	+	–	+	+	+
Variabel 6	Hokj. pl..ub. ar-kl: ær-ending	+	+	+	+	+
Variabel 7	Hokj. pl. ub. er-kl.: er- og år-ending	+	+	+	+	+
Variabel 8	Hankj. pl. ub.: ar-kl: ær-, er-, år-ending	+	+	+	+	+
Variabel 9	Hankj pl ub.er- kl.: er-, år-ending	+	+	+	+	+
Variabel 10	Hankj. bf. pl. ar-kl.: ene	+	+	+	+	+

Overgangen frå *b*, *d*, *g* til *p*, *t*, *k* i talemålet Randaberg (variabel 1) kan vera påverknad frå prestisjespråket, men dei blir vel neppe rekna som prestisjeformer i og med at dei blir bruka i dei fleste talemåla unntatt dei ved den ”blaute kyststripa”. Likevel kan dei ustemte plosivane bli av randabergbuen oppfatta som prestisjeformer i og med at dei er i frammarsj i Stavanger, dei er bruka i Bergen og prestisjedialekten i Oslo i tillegg til at dei er i samsvar med

skriftspråket. Det er nok nærast å tru at den viktigaste påverknadskjelda er Stavanger med funksjonen sin som regionalt senter.

Oslo-vest, Bergen, og ”det høgare talemålet” i mange byar (Sandøy, 1991, s. 131) har *e*-infinitiv (variabel 2). I tillegg blir *e*-infinitiv bruka i hovudsak i skriftspråket. Aasen viser i oppgåva si at blant ungdommane i Stavanger er bruken av *e*-infinitiven på ca 50% (Aasen, 2011, s. 63), noko som viser at det ikkje lenger er berre dei som brukar det høgare talemålet som er brukarar av *e*-infinitiv. Forma må reknast som ei prestisjeform, og dermed kan eg konkludera med at når det gjeld denne variabelen, stør han under hypotesen. Som i variabel 1 er det nærliggjande å tru at påverknaden kjem frå stavangersk, men ein kan ikkje utelukka at både skriftspråket og prestisjedialekten i Oslo kan vera medverkande faktorar.

Når det gjeld reduksjonen i bruken av segmenteringa av *dl < ll*, finn ein nok årsaka i språket sjølv( jf. hypotese 2 og 3.10.1), men *ll* i staden for *dl* viser likskap med formene i talemåla i både Stavanger, Bergen og Oslo-vest. Sjølv om det er truleg dei indre faktorane som har vore avgjerande for endringa, kan ein heller ikkje utelukka at det kan vera påverknad frå det regionale senteret i område, nemleg Stavanger.

Overgangen frå *kj*-lyden til *sj*-lyden (variabel 4) er eit tydeleg teikn på at ein ikkje tek i bruk ei prestisjeform. Det er ei form som er i frammarsj i både Bergen og Stavanger trass i at ho manglar assosiasjon til prestisjespråk. Her må det vere påverknad får sentrum og grammatisk forenkling (jf. 3.10.1) som er hovuddrivkrafta for samanfallet. Dermed stør ikkje denne variabelen opp under hypotesen.

Den grammatiske forenklinga som blei handsama i hypotese 2 (variablane 6, 7, 8, 9 og 10), viser at randbergdialekten har fått eit forenkla bøyingsystem i fleirtal. Det kan vera fleire faktorar til at det truleg går mot eit samanfall i endingane i hankjønn og hokjønn i fleirtal. På den eine sida kan ein trekkja fram dei indre faktorane som analogi og forenkling som påverknadsfaktor, medan ein kan òg sjå på dei ytre faktorane som t.d. prestisje som ein faktor i endringsprosessen. Både skriftspråket, prestisjetalemålet har samanfall i genusa. Om eg skal trekkja inn ”hoppteorien” (jf. 3.7), kan mulegvis Bergen vera ei påverknadskjelde, men det er nok meir sannsynleg at Bergen har påverka Stavanger, og at Stavanger deretter har påverka Randaberg. For dette fenomenet isolert kan ein seia at denne forenklinga stemmer overeins med både prestisjeformene i Noreg og med dialekten i næraste sentrumsmålet.

Me ser av tabell 81 at endringane som skjer, har både Stavanger og Bergen som gjennomgåande kjelde. Oslo som kjelde er «motbevist» i variabel 4. Kravet til gjennomgåande mønster for kjelda må gjelda pga. at ein elles må operera med ein ad hoc-argumentasjon for variablane, og fordi det ikkje lar seg gjera å gi ei teoretisk og logisk forklaring på eit forhold mellom samfunnspåverknad og éit gitt formelt språkdrag ettersom forholdet mellom det språklege uttrykket på eine sida og det semantiske og symbolske innhaldet i uttrykket på den andre sida – i tråd med lingvistisk teori – er tilfeldig (arbitrært).

Endringane me altså ser i randabergdialekten kan i samsvar med tabell 81 forklarast godt og fullnøyande som kontaktfenomen med Stavanger som kjelde (som igjen i samsvar med Aasen 2011 har Bergen som kjelde). Me kan òg leggja merke til at nesten alle endringane får støtte i at dei er grammatiske forenklingar, som er ei sjølvstendig forklaring, og her kan komma som tilleggsforklaring til den svært rimelege og sannsynlege kontaktforklaringa.

## Hypotese 6

*Det er ingen skilnad mellom kjønna blant dei yngste informantane*

Som eg har skrive i teoridelen, konkluderte Skjekkeland i undersøkinga si at skilnaden i språkbruken mellom jenter og gutar har jamna seg ut. Eg var interessert i å finna ut om det også stemte når det gjaldt informantane mine.

**Tabell 82: Bruken av dei nye formene i Randaberg. Gruppert etter kjønn. Yngste årsklasse.**

Variabel med skilnad mellom kjønna		Jenter	Gutar	Skilnad i prosent
Variabel 1	ptk	26,6	23,8	+2,8
Variabel 2	e-infinitiv	34,1	34,8	-0,7
Variabel 3	ll<dl	100	100	
Variabel 4	ʃ<kj	72,1	74,4	-2,3
Variabel 5	Hokj. bf. sg.: en-ending	6,4	34	-27,6
Variabel 6	Hokj. pl..ub. ar-kl.: ær-ending	100	100	
Variabel 7	Hokj. pl. ub. er-kl.: er- og år-ending	3,4	44,1	-40,7
Variabel 8	Hankj. pl. ub.: ar-kl.: ær-, er-, år- ending	92,1	90	+2,1
Variabel 9	Hankj pl ub.er- kl.: er-, år-ending	21,1	34,6	-13,5
Variabel 10	Hankj. bf. pl. ar-kl.: ene	100	100	

I tabell 82 ser ein at når det gjeld variablane 1, 2, 3, 4, 7, 8 og 10, er det liten skilnad mellom kjønna. Variablane viser så ubetydeleg variasjon at me knapt kan seia at dei avspeglar reel

variasjon. I variablane 5, 7 og 9 er prosentpoeng-skilnaden stor, og det er gutane som har flest nye former. Dermed kan ein seia at me har eit mønster som viser at der variablane viser kjønnsvariasjon, skil gutane seg ut med fleire nye former.

Som eit svar på hypotesen, kan eg altså konkludera med at det er nokon skilnad mellom kjønna.

## 7 Konklusjon

Hovudmålet med undersøkinga mi har vore å studera variasjonen som finst, og endringane som skjer i randbergdialekten og om dialektendringane i Randaberg er ein del av eit regionalt mønster der Stavanger er påverknadskjelda. Med eit utval på berre 24 informantane må eg ta litt atterhald når det gjeld å generalisera resultata, men det at dei er tilfeldig utvalt, gir resultata reliabilitet.

Resultatet viser at fleire tradisjonelle talemålstrekk er på retur i bygda. Det gjeld spesielt det morfologiske systemet i substantivbøyinga. Frå å ha eit system med fleire bøyingsmønster for hokjønns- og hankjønnsorda i ubunden form fleirtal, har ein nå fått klasse-samanfall. Denne forenklinga (klassesamanfallet) har alt funne stad i Stavanger. Vidare fann eg ei utvikling i retning av lik bøying i fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord, noko som ein òg har funne i talemålet i Stavanger.

Når det gjeld segmenteringa, er det eit trekk som er på veg ut talemålet i Randaberg. Trekket verkar truleg arkaisk på ungdommane samtidig med at det er enklare å bruka *ll* (jf. hypotese 2), slik at dei unngår å bruka segmenteringa. I og med at ein veit at trekket var på retur i Stavanger allereie i 1980-åra, er det rimeleg å rekne denne endringa som påverknad frå Stavanger.

Av dei nye formene som er komne inn, er *e*-infinitiven ei av dei, men sjølv om han er bruka i 50 % av tilfella i Stavanger, brukar ungdommane i Randaberg *a*-infinitiv meir enn *e*-infinitiv. Dermed heldt ungdommen framleis nokså fast på *a*-infinitiven. Her peiker også resultata på ein skilnad mellom kjønna ved at det særleg er jentene som held igjen mot *e*-infinitiven. Så sjølv om skriftspråket og prestisjetalemålet har *e*-infinitiv, har ikkje denne forma slått heilt igjennom i bygda.

Sjølv om det er kome mange nye former inn talemålet i Randaberg viser resultata at alle dei gamle formene framleis er i ”live”, særleg blant dei eldste, og at desse formene lever side om side med dei nye formene, men kor lenge dei vil gjera det, er meir usikkert.

Gjennom undersøkinga mi og drøftingane av innsamla data meiner eg at eg har funne resultat som peiker i den retninga at me kan gå ut ifrå at det skjer ein språkleg regionalisering i området med Stavanger som den største påverknadskjelda. Sjølv om dei unge framleis brukar

nokre av dei gamle formene, er det dei nye formene som har vunne innpass i Randaberg, former som allereie er etablert eller i framgang i Stavanger. At Stavanger er eit regionsentrum i Sør-Rogaland, og at ein har relativ stor pendling mellom stadene, er nok nokre av årsakene til at mange av dei nye og dei etablerte formene i Stavanger spreier seg utover mot Randaberg. Språket i byar påverkar talemåla i områda rundt, og resultatane mine kan tyde på at dette er eitt av mange eksempel på korleis ein by språkleg sett "slukar" omlandsbygdene i periodar med urbanisering og sentralisering.

Eg er meir i tvil om eg kan svara med eit klårt ja på problemstillinga om Randaberg framleis har ein dialekt som kan kallast deira eigen. Funna mine viser at dei nye formene som er i frammarsj i Randaberg, er i frammarsj eller allereie etablert i Stavanger, men dei viser òg at mange av dei gamle formene framleis er i bruk. Blant dei eldste lever i nokon grad det ein kan kalla randabergdialekt, men blant dei unge er han temmeleg utvatna om ein ikkje skal seia forsvunnen. Om ein siddis snakkar med ein ungdom frå Randaberg, er det lite truleg at han høyrer at det er ein utanbys frå, men om han snakkar med somme av dei eldste i bygda, ville han nok høyra at dei ikkje kjem frå byen noko den uformelle samtalen eg hadde med dei 15 ungdommane bekrefta (jf. hypotese 3). Framleis brukar truleg ungdommane i Randaberg nokre ord som ikkje blir bruka i Stavanger som til dømes "deiras", men eg har ikkje undersøkt ordtilfanget. Funna mine viser at randabergdialekten lever iallfall blant dei eldste, men det spørst om han lever når den nåverande eldre-generasjonen er borte.

## 7.1 Vidare forskning

Undervegs medan eg heldt på med oppgåva mi, tenkte eg at det ville ha vore interessant å studera kva haldningar randabergbuane har både til eige talemål og til stavangersk og ikkje minst talemålet i Oslo-vest. Særlig interessant synest eg det hadde vore å finna ut om det var skilnad i språkhaldninga mellom årsklassane. Etter samtalen eg hadde med dei 15 ungdommane (jf. hypotese3), og at enkelte av informantane ga uttrykk for i intervjuet at dei snakka meir "bondsk" enn siddisane, kunne det òg ha vore interessant med ein lyttetest for å teste om randabergbuar og siddisar i ulike årsklassar greier å høyra skilnadene seg imellom eller ikkje.

Litteraturliste:

- Anderson, Ragnhild. 2013. *Drøftingsnotat for feltarbeid om dialektendringsprosesser på Vestlandet*. Notat
- Akselberg, G .1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet I sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. (Dr.-art.-avhandling) Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. (J. B. al. Red.) 1997. *Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk? I: Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75 årsdagen 4.mars1997*. Alma Mater Forlag AS.
- Akselberg, Gunnstein. 2001. *Kampen for språket, Talemålsendring, samfunnsutvikling og kulturell identitet*.
- Akselberg, Gunntein. 2003. Talemålsvariasjon, register og medvit. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Cappelen Akademisk Forlag. 124–143.
- Akselberg, Gunntein. 2003. Talevariasjon i Noreg. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Cappelen Akademisk Forlag. 144–164.
- Akselberg, Gunnar og Mæhlum, Brit. 2008. Sosiolingvistisk metode. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Cappelen Akademisk Forlag. 70–84
- Auer, Peter, Hinskens, Frans og Kerwill, Paul.. 2006. *Dialect Change*. Cambridge.
- Berntsen, M og Larsen, Amund B. 1925. *Stavanger Bymål*.
- Eckert, P. 2000. *Linguistic Variation as Social Practice: The Linguistic Construction of Identity in Belten High*, Oxford, Blackwell
- Ersland, Bjørn Arild. 2008. *Bygdepolitikk. En dokumentar*. Spartacus.
- Gabrielsen, Finn.1984. *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Novus forlag.
- Grønmo, Sigmund. 1996. Forholdet mellom kvantitative og kvalitative metoder I samfunnsforskningen” i Holter og Kalleberg (red.) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo. 73 –109
- Grønmo, Sigmund. 2007. *Samfunnsvitenskapelige metoder* .
- Kerswill, Paul .1996. *Divergence and convergence of sociolinguistic structures in Norway and England Sociolinguistica 10*



- Kjeldstadli, Knut. 1988. Nyttet av å sammenligne. *Tidsskrift for samfunnsforskning*. 1988. 435–448
- Kristiansen; Tore og Jørgensen, Jens Normann. 2006. Subjective Factors in dialect convergence and divergence. Red. Auer, Peter, Hinskens, Frans og Kerwill, Paul. 2006. *Dialect Change*. Cambridge. S. 287–302
- Labov, William. 1972. *Sociolinguistic Pattern*.
- Labov, William. 1978. *Sociolinguistic Pattern*.
- Labov, William, *Principles of Linguistic Change. Volum 1: Internal factors*. Oxford Blackwell.
- Lindanger, Birger. 1988. *Randaberg. Kultursoga til 1945*. Utgitt av Randaberg kommune.
- Lindanger, Birger. 1996. *Randaberg. Kultursoga frå 1945 til 1996*. Utgitt av Randaberg kommune.
- Milroy, Lesley 1987. *Observing & Analyzing Natural language. A critical account of sociolinguistic method*. Oxford, Blackwell publisher.
- Milroy, Lesley 1987 , Second edition. *Language and Social Networks*. Blackwell Publishers
- Milroy, James & Milroy, Lesley. 1998. *The Sociolinguistics Reader. Volume 1 Multilingualisme and Variation, "Mechanisms of change in urban dialects: the role of class, social network and gender."*
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Novus forlag
- Mæhlum, Brit. 2008. Normer. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, Brit. 2008. Språk og identitet. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, Brit og Røyneland, Unn. 2012 *Det norske dialektlandskapet Innføring i studiet av dialekter* . Cappelen Damm akademisk.
- Omdal, Helge. 1995. *Attitudes toward spoken and written Norwegian International Journal of the Sociology of Language* .
- Opsahl, Toril og Røyneland. 2009. Osloundom – født på solsiden eller i skyggen av standardtalemålet? *Norsk Lingvistisk tidskrift*. 2009. Hefte 1. s.95-120.
- Røyneland, Unn. 2003. Språk og dialekt. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Cappelen Akademisk Forlag. 13-31.

- Røynealand, Unn. 2003. Språk- og dialektkontakt. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røynealand og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Røynealand, Unn. 2005. *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Dr. art. avhandling, Det humanistiske fakultetet, Universitetet i Oslo.
- Røynealand, Unn og Toril Opsahl. 2009: Osloungdom- født på solsiden eller i skyggen av standardtalemålet: *Norsk lingvistisk tidskrift* 2009, Hefte 1
- Røynealand, Unn. 2010. PPT 7.september 2010 Høgskulen i Volda
- Sandvik, Olav Hetland. 1979. *Talemål i Rogaland – i går i dag og i morgon*. Rogalandsforskning,rapport 1.
- Sandøy, Helge.1991. *Norsk dialektkunnskap*. Novus forlag.
- Sandøy, Helge. 1993. *Talemål*. Novus forlag.
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. Novus forlag.
- Sandøy, Helge. 2000. Utviklingslinjer i moderne norske dialektar. *Folkemålsstudier* 39, 345-384.
- Sandøy, Helge. 2003. Språkendring. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røynealand og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Cappelen Akademisk Forlag
- Sandøy, Helge. 2008. Kontakt og spreining. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røynealand og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandøy, Helge. 2008. Språkendring. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røynealand og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandøy, Helge. 2011. Førellesning ved Høgskulen i Volda.
- Sandøy, Helge. 2013. Driving forces in language change in the Norwegian perspective. I Grondelaers, Stefan og Kristiansen, Tore (red) 2013.*Language (De)standardization in Late Modern Europe: Experimental Studies*. Novus Press.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske DIALEKTANE. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Høyskoleforlaget
- Skjekkeland, Martin. 2005. *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Høyskoleforlaget
- Skjekkeland, Martin. 2009. *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokalidentitet og talemålsutvikling*. Novus forlag.

Slaatelid, Rasmus 1993: *Bakhtins vitenskapsteori i eit hermaneutisk perspektiv*  
(Hovudoppgave i filosofi)

Tældeman, Johan. 2006. *Dialect Change The influence of urban centres on the spatial diffusion of dialect phenomena*

Tabouret-Keller, A. 1997. Language and Identity. I Coulmas (red.) *The handbook of Sociolinguistics*. Oxford: Basil Blackwell

Østerberg, Dag. 1995. forord i *Distinksjonen*

Venås, Kjell. 1982. *Mål og miljø*. Novus forlag.

Venås, Kjell. 1991. *Mål og miljø*. Novus forlag.

Aasen, Kristine Nymark. 2011. *Stavanger-dialekten 30 år etter. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Stavanger*. Masteroppgave, universitetet i Bergen

Nettsider:

Nummerert etter rekkefølge i oppgåva:

<sup>1</sup> <http://www.randaberg.kommune.no/Randaberg-sin-historie/Miljoside/> (Lese mai 2014)

<sup>2</sup> <http://www.randaberg.kommune.no/en/Randaberg-sin-historie/> (Lese og henta mai 2014)

<sup>3</sup> <http://geoinnsyn.nois.no/SMART/?project=Randaberg> (Lese og henta september 2014)

<sup>4</sup> <http://www.randaberg.kommune.no/no/Randaberg-sin-historie/Historien/>. (Lese april 2015)

<sup>5</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/befolkning\\_01r.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/befolkning_01r.html) (Lese og henta februar 2015)

<sup>6</sup> [http://www.kommuneprofilen.no/Profil/Sysselsetting/DinRegion/syss\\_struktur\\_region.aspx](http://www.kommuneprofilen.no/Profil/Sysselsetting/DinRegion/syss_struktur_region.aspx)  
(lese og henta mai 2015)

<sup>7</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid\\_05r.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid_05r.html) (Lese og henta februar 2015)

<sup>8</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid\\_05r.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid_05r.html) (Lese og henta februar 2015)

<sup>9</sup> <http://www.bygdebladet.no/index.php?page=omoss> (Lese og henta mai 2014)

<sup>10</sup> <https://randaberghistorielag.wordpress.com/about/> (Lese og henta februar 2015)

<sup>11</sup> [http://statistikk.stavanger.kommune.no/miljo\\_07x.html](http://statistikk.stavanger.kommune.no/miljo_07x.html) (Lese og henta februar 2015)

<sup>12</sup> [http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378#KAPITTEL\\_11](http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378#KAPITTEL_11). (Lese og henta februar 2015)

<sup>13</sup>[http://www.regjeringen.no/pages/38649362/Meldingsdel\\_kommunereform\\_og\\_vedlegg.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/38649362/Meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf).  
(Lese og henta februar 2015)

<sup>14</sup>[http://sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt\\_1\\_2006/Fonetisk\\_perspektiv/](http://sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt_1_2006/Fonetisk_perspektiv/)(Lese og henta februar 2015)

<sup>15</sup> <http://folk.uib.no/hnohs/Talebanken.html>

<sup>16</sup>Language culture in Norway: A tradition of questioning standard language norms(lese og henta mai 2014)

## Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring

Spørsmål om å delta i ei undersøking som skal bli brukt i ei masteroppgåve.

Dialektendring.

Eg er student ved Høgskulen i Volda og skal studera talemålsendringar i Randaberg kommune.

Til denne granskinga ønskjer eg å ha samtale med nokre av innbyggjarane i ulike aldersgrupper i Randaberg kommune. Dei som skal delta må ha budd i kommunen frå dei var seks år. Samtaleemna vil dreia seg om alt frå bøker, fritidsaktivitetar, interesser, barndomsminne, skoleminne og heimstaden.

Samtalen vil vara i sirka ein time, og eg vil ta lydopptak av samtalen. Samtalen blir gjennomført med to og to personar. Etter samtalen vil eg be deg fylla ut eit kort spørjeskjema med bakgrunnsinformasjon om deg sjølv. Eg vil òg skriva ned nokre av inntrykka mine frå intervjusituasjonen. Eg informerer deg seinare om kva type opplysingar som er registrert, og du vil få høve til å sjå opplysingane om du ønskjer. Tidspunkt og stad for møtet kan vi avtala seinare.

Det er frivillig å delta i prosjektet. Du som vel å vera med, kan sjølvstakt trekka deg ut utan å gje nokon grunn. Då vil alt materialet om deg bli sletta frå arkivet.

Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapdatatjeneste A/S.

Eg gjer berre språklige analysar av materialet. Lydopptaka av samtalen og andre opplysingar om deg blir behandla konfidensielt, og ingen enkeltpersoner skal kunne bli kjent att i rapporter frå studien. Namnet på deltakaren og ev. namn på andre personar blir endra til talkodar ved behandlinga av materialet. Koden viser til ei namneliste som berre eg og rettleiar har tilgang til.

Personane som har tilgang til materialet, har teieplikt. Etter prosjektslutt ønskjer eg å lagra datamaterialet og namneliste i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen. Materialet blir lagra på ubestemt tid slik at eg eller andre som forskar på talemålsendringar kan bruka materialet til andre forskingsprosjekt. Dersom du ønskjer å delta i prosjektet, men ikkje vil at opplysingane om deg skal lagrast etter prosjektslutt, kan du krysse av for dette i samtykkeerklæringa. Då vil data om deg bli anonymisert og lydopptak bli sletta når masteroppgåva er ferdig.

Dersom du er villig til å vera med på intervjuet, er det fint om du skriv under på samtykkeslippen nedanfor og tar med dette arket til samtalen. Dersom det er noko du lurer på, kan du ringe meg på telefon 92432918. Du kan òg kontakte ekstern rettleiar ved Universitetet i Bergen Helge Sandøy på telefon 55 58 24 05 eller ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda Stig Jarle Helset på telefon 70 07 51 59

Ingrid Doublet

[ingriddoublet@gmail.com](mailto:ingriddoublet@gmail.com)

Samtykkeerklæring:

Eg har fått informasjon om prosjektet “Talemålsendring i Randaberg?”, og seier meg villig til å vera med i samtale våren 2013.

Eg godtar at datamaterialet om meg blir brukt til vidare forskning, og blir oppbevart på ubestemt tid i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen.

Dato: \_\_\_/\_\_\_ 2013

Underskrift

.....

## Vedlegg 2: Samtalegaid for Randaberg og bakgrunnsopplysningar

### Samtalegaid for Randaberg

#### A. Fri samtale

##### I. Dei unge

Kjenner dokker kvarandre godt? Korleis er det elles her i Randaberg? Kjenner dei fleste kvarandre?

Kva likar dokker å gjera på fritida?

Personlege aktivitetar (pc-spel, tv-program, kva spel/program).

Kva tilbod er det for unge her?

Kva tilbod er mest populære? (størst oppslutning, jf. musikk, kor, korps, idrett)

Kva gjer dokker i helgene?

Kva med kino, shopping osv? Kor finst det/ kor gjer dokker det?

Går du ofte tur? Likar du det? Kvifor? Pleier dokker å ha med mat?

Har du vore på kino i det siste?

Fortel om ein favorittfilm/ -bok.

Hugsar du nokon bøker du har lese?

Kva gjorde dokker i sommarferien?

Fortel om eit spesielt ferieminne (anten positivt eller negativt. eller begge)

Har du nokon gong vore i livsfare?

Fortel om ein gong dokker har vore i fare på ein eller annan måte.

Kva brukar dokker å gjera om vinteren (i feriane)?

Beskriv draumedagen din.

Skule og framtid

Korleis er det å gå på skule her i Randaberg? Korleis er samhaldet mellom elevane i dei ulike klassetrinna?

##### Skuleaktivitetar:

Arbeidsveke (kor, korfor, spanande?)

Skuleturar (kor, kor tid, kva gjorde dokker?)

OD-dag (kva er OD, korfor, kor?)

Hugsar du første skuledag? Fortel om han.

Kva er planane dykkar for tida etter ungdomsskulen?

Vgs? Kor? Korfor?

Kva tenkjer dokker å gjera etter eventuell utdanning?

Starta å jobba?

Kor vil dokker busetja dokker?

Vil dokker tilbake til Randaberg? Korfor/ korfor ikkje?

##### Lokalmiljø

Tenk dokker at ein familie vurderer å flytta til Randaberg. Kva for positive og negative sider har du å fortelja om staden? (Først positive)

Kva synest du har endra seg her i Randaberg sidan du var liten?

Kva trur du har endra seg her om 20 år?

Kva gjer dokker på store dagar som 17. mai?

Randaberg har saman med Rennesøy, Kvitsøy og Finnøy den lokale avisa *Bygdebladet*, som kjem ut ein gong i veka; *Bygdebladet* ?  
Les du avisa? Korfor/ korfor ikkje?

## **II. Dei eldre**

Korleis kjenner dokker kvarandre?  
Korleis vil dokker beskriva samhaldet mellom innbyggjarane her i Randaberg?  
Nye innflyttarar? Kva med dei?  
Er det mykje/lite innflytting? Korfor?

## **Fortid**

Korleis var det i Randaberg for 20/40 år sidan?  
Fortel om eit barndomsminne. Til dømes første skuledag.  
Har du nokon gong vore i livsfare?  
Fortel om ein gong du har vore i fare på ein eller annan måte. Brann?

## **Notid**

Kva arbeider dokkar med? Har arbeidd med? Kva arbeide foreldra dykkar med?  
Kva gjer dokkar i fritida? Er dokkar med i ei foreining/eit lag?  
Fortel om ein favorittfilm/-bok.  
Korleis synest dokker fritidstilbodet er her?  
Musikk, song og idrett?  
Vaksne vs. unge?  
Kva for tilbod saknar dokker?  
Kva gjorde dokker i sommar?  
Kan du fortelja om eit ferieminne  
Korleis feirar dokker store dagar som 17. mai og nyttårsaftan?

## **Lokalmiljø**

Korleis er det i Randaberg om 20 år?  
Randaberg har saman med Rennesøy, Kvitsøy og Finnøy ei lokal avis *Bygdebladet*, som kjem ut ein gong i veka; *Bygdebladet*?  
Les du avisa? Korfor/ korfor ikkje.  
Er avisa lokal nok? Har du nokre forslag til andre emne dei kan skriva om?

## **Framtida**

Korleis ser dokker for dokker at det er her i Randaberg om 20-30 år?

**Til midtgruppa:** Ser dokker for dokker at dokker blir buande her resten av livet? Korfor/ korfor ikkje?



## A 2: Fri samtale med teikningar(bildeforteljing)

1 Rydda på plass!



2 Skal me på tur?




3 Lønna?





4 Lag ei forteljing om dei to kyllingane



5. Bru eller ferje?



B. Språkoppfatningar, men her bruka som del av ein fri samtale.

Perseptuelt kart

Teikne inn på kartet:

(Paroppgåve:) Teikn inn på kartet kor dokker meiner grensene mellom ulike dialektar går i Rogaland. Diskuter dokker fram til grensene.

Kva for andre dialektar i regionen synest du dialekten i Randaberg liknar mest på? Kva er typisk for dialekten i Randaberg? Og nabodialektane?



C. Spørjeskjema om personopplysningar

– etter samtaleopptaket

1. Namn: \_\_\_\_\_

2. Fødselsår: \_\_\_\_\_

3. Kjønn: \_\_\_\_\_

4. Utdanning:

Er for tida ungdomsskuleelev

Kryss av framom typen skule du har gjennomført:

folkeskole

ungdomsskole

yrkesfagleg skole

vidaregåande skole

høgare utdanning.

5. Yrke: \_\_\_\_\_ (Ikkje aktuelt for skuleelevar.)

6. Kor bur du? (Bygd/bydel) \_\_\_\_\_

7. Kva dialekt(ar) snakkar du? (Dersom du har ein blandingsdialekt, skriv kva for dialektar du blandar.)

---

8. Brukar du ulike dialektar i ulike situasjonar? Dersom ja, i kva for situasjonar brukar du kvar av dei?

---

9. Kva stader har du budd på, og når budde du der?

Har du budd berre ein stad, fyller du berre ut første rada.

Stad  (Namn på staden.)	Tidsrom (om lag)

Berre for ungdomsskoleelevane:

10. Kva dialektar har bestevennene dine?

---

11. Vaksne personar du bur saman med

Vaksne du bur saman med	Kvar har den vaksne vakse opp?	Kva vil du kalle dialekten til denne vaksne?	Kva for utdanning har denne vaksne?
Ev. mor			
Ev. far			
Ev. andre			
Ev. andre			

### Vedlegg 3: Alle resultata på individnivå

Det er ein tabell per språkleg variabel.

Kolonne 1: Y = dei yngste informantane, M = dei middelaldrande og Y = dei eldste informantane. K= kvinner og M = menn. G = grunnskule, H = høgskule, Y = yrkesskule.

Dei neste kolonnane viser tal på treff og prosentten i dei ulike variantane.

Variabel 1: Stemte og ustemte plosivar

		Variabel 1: Stemte og ustemte plosivar			
		b, d, g		p, t, k	
Alder/kjønn/utdan.	Inform.nr	N	%	N	%
Y/K/G	1555	26	96,3	1	3,7
Y/K/G	1556	18	100	0	0
Y/K/G	1557	66	90,4	7	9,6
Y/K/G	1558	39	45,9	46	54,1
Y/M/G	1559	68	73,1	25	26,9
Y/M/G	1560	51	75	17	25
Y/M/G	1561	50	75,8	16	24,2
Y/M/G	1562	52	82,5	11	17,5
M/K/H	1563	51	69,9	22	30,1
M/K/H	1564	49	94,2	3	5,8
M/K/H	1565	13	59,1	9	40,9
M/K/H	1566	37	55,2	30	44,8
M/M/Y	1567	57	86,4	9	13,6
M/M/H	1568	51	96,2	2	3,8
M/M/H	1569	59	92,2	5	7,8
M/M/Y	1570	38	92,7	3	7,3
E/K/G	1571	71	92,2	6	7,8
E/K/G	1572	80	94,1	5	5,9
E/K/H	1573	68	88,3	9	11,7
E/K/G	1574	44	89,8	5	10,2
E/M/H	1575	125	93,3	9	6,7
E/M/M	1576	36	72	14	28
E/M/Y	1577	101	96,2	4	3,8
E/M/G	1578	51	94,4	3	5,6



Variabel 2: Infinitivmorfemet

		Variabel 2: Infinitivmorfemet					
		a		o		e	
Alder/kjønn/utdan.	Inform.nr.	N	%	N	%	N	%
Y/K/G	1555	8	44,4	7	39	3	16,7
Y/K/G	1556	10	55,6	3	17	5	27,8
Y/K/G	1557	16	32,7	25	51	8	16,3
Y/K/G	1558	22	43,1	16	31	13	25,5
Y/M/G	1559	29	39,7	19	26	25	34,2
Y/M/G	1560	35	67,3	11	21	6	11,5
Y/M/G	1561	21	51,2	10	24	10	24,4
Y/M/G	1562	16	42,1	9	24	13	34,2
M/K/H	1563	35	66	14	26	4	7,5
M/K/H	1564	25	50	21	42	4	8
M/K/H	1565	14	60,9	6	26	3	13
M/K/H	1566	22	46,8	16	34	9	19,1
M/M/Y	1567	12	32,4	13	35	12	32,4
M/M/H	1568	14	46,7	13	43	3	10
M/M/H	1569	25	51	22	45	2	4,1
M/M/Y	1570	18	58,1	5	16	8	25,8
E/K/G	1571	32	59,3	13	24	9	16,7
E/K/G	1572	25	61	13	32	3	7,3
E/K/H	1573	8	15,1	19	36	26	49,1
E/K/G	1574	31	67,4	15	33	0	0
E/M/H	1575	46	57,5	28	35	6	7,5
E/M/M	1576	42	56,8	23	31	9	12,2
E/M/Y	1577	65	84,4	6	7,8	6	7,8
E/M/G	1578	28	66,7	12	29	2	4,8

Variabel 3: Segmentering II>dl

		Variabel 3: Segmentering II > dl			
		F23:II		F23:dl	
Alder/kjønn/utdan.	Inform.nr	N	%	N	%
Y/K/G	1555	11	100	0	0
Y/K/G	1556	6	100	0	0
Y/K/G	1557	10	100	0	0
Y/K/G	1558	28	100	0	0
Y/M/G	1559	21	100	0	0
Y/M/G	1569	23	100	0	0
Y/M/G	1561	8	100	0	0
Y/M/G	1562	9	100	0	0
M/K/H	1563	16	100	0	0
M/K/H	1564	12	80	3	20
M/K/H	1565	2	100	0	0
M/K/H	1566	14	100	0	0
M/M/Y	1567	7	87,5	1	12,5
M/M/H	1568	10	66,7	5	33,3
M/M/H	1569	15	100	0	0
M/M/Y	1570	15	100	0	0
E/K/G	1571	3	23,1	10	76,9
E/K/G	1572	8	57,1	6	42,9
E/K/H	1573	20	100	0	0
E/K/G	1574	10	62,5	6	37,5
E/M/H	1575	23	95,8	1	4,2
E/M/M	1576	17	100	0	0
E/M/Y	1577	10	38,5	16	61,5
E/M/G	1578	9	81,8	2	18,2

Variabel 4: Kj-lyden.

		Variabel 4: kj					
		[ç]<kj		[j]<kj		[jj]<kj	
Alder/kjønn/utd.	Inform.nr.	N	%	N	%	N	%
Y/K/G	1555	5	8,5	53	89,8	1	1,7
Y/K/G	1556	45	71,4	18	28,6	0	0
Y/K/G	1557	2	2,4	80	97,6	0	0
Y/K/G	1558	22	33,8	43	66,2	0	0
Y/M/G	1559	3	3,3	86	93,5	3	3,3
Y/M/G	1560	1	1,3	75	98,7	0	0
Y/M/G	1561	49	66,2	25	33,8	0	0
Y/M/G	1562	22	34,9	41	65,1	0	0
M/K/H	1563	66	65,3	23	22,8	12	11,9
M/K/H	1564	102	100	0	0	0	0
M/K/H	1565	70	100	0	0	0	0
M/K/H	1566	57	61,3	36	38,7	0	0
M/M/Y	1567	3	4,1	70	95,9	0	0
M/M/H	1568	89	88,1	12	11,9	0	0
M/M/H	1569	105	100	0	0	0	0
M/M/Y	1570	35	32,4	73	67,6	0	0
E/K/G	1571	95	100	0	0	0	0
E/K/G	1572	96	100	0	0	0	0
E/K/H	1573	64	100	0	0	0	0
E/K/G	1574	66	100	0	0	0	0
E/M/H	1575	111	100	0	0	0	0
E/M/M	1576	91	100	0	0	0	0
E/M/Y	1577	143	100	0	0	0	0
E/M/G	1578	71	100	0	0	0	0

Variabel 5: Hokjonn bunden form eintal

		Variabel 5: Hokjonn bunden form eintal					
		å		en		a	
Alder/kjønn/utdan.	Inform. nr	N	%	N	%	N	%
Y/K/G	1555	14	93,3	1	6,7	0	0
Y/K/G	1556	6	100	0	0	0	0
Y/K/G	1557	7	87,5	1	12,5	0	0
Y/K/G	1558	17	89,5	1	5,3	1	5,3
Y/M/G	1559	7	58,3	5	41,7	0	0
Y/M/G	1560	6	37,5	9	56,2	1	6,2
Y/M/G	1561	12	75	2	12,5	2	12,5
Y/M/G	1562	8	72,7	3	27,3	0	0
M/K/H	1563	16	76,2	5	23,8	0	0
M/K/H	1564	19	95	1	5	0	0
M/K/H	1565	11	100	0	0	0	0
M/K/H	1566	12	66,7	5	27,8	1	5,6
M/M/Y	1567	17	100	0	0	0	0
M/M/H	1568	16	88,9	2	11,1	0	0
M/M/H	1569	13	81,2	3	18,7	0	0
M/M/Y	1570	5	62,5	3	37,5	0	0
E/K/G	1571	16	94,1	1	5,9	0	0
E/K/G	1572	14	66,7	7	33,3	0	0
E/K/H	1573	1	5,9	16	94,1	0	0
E/K/G	1574	10	90,9	1	9,1	0	0
E/M/H	1575	12	85,7	1	7,1	1	7,1
E/M/M	1576	14	70	4	20	2	10
E/M/Y	1577	46	100	0	0	0	0
E/M/G	1578	8	100	0	0	0	0

Variabel 6: Hokjønns ubunden form fleirtal av den tradisjonelle ar-klassen.

		Variabel 6: Hokjønns ubunden form av den tradisjonelle ar-klassen			
		ær		ar	
Alder/kjønns/utdan.	Inform. nr	N	%	N	%
Y/K/G	1555	0	0	0	0
Y/K/G	1556	0	0	0	0
Y/K/G	1557	0	0	0	0
Y/K/G	1558	2	100	0	0
Y/M/G	1559	0	0	0	0
Y/M/G	1560	0	0	0	0
Y/M/G	1561	1	100	0	0
Y/M/G	1562	0	0	0	0
M/K/H	1563	0	0	1	100
M/K/H	1564	1	100	0	0
M/K/H	1565	0	0	0	0
M/K/H	1566	0	0	0	0
M/M/Y	1567	0	0	0	0
M/M/H	1568	0	0	0	0
M/M/H	1569	1	100	0	0
M/M/Y	1570	0	0	0	0
E/K/G	1571	0	0	0	0
E/K/G	1572	0	0	0	0
E/K/H	1573	0	0	0	0
E/K/G	1574	0	0	1	100
E/M/H	1575	1	100	0	0
E/M/M	1576	0	0	0	0
E/M/Y	1577	0	0	0	0
E/M/G	1578	0	0	0	0

Variabel 7: Hokjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse

		Variabel 7: Hokjønn ubund. form. pl. av tradisjonell er-kl.							
		er		ar		ær		år	
Alder/kjønn/utdan.		N	%	N	%	N	%	N	%
Y/K/G	1555	0	0	0	0	9	100	0	0
Y/K/G	1556	0	0	0	0	2	100	0	0
Y/K/G	1557	0	0	0	0	5	100	0	0
Y/K/G	1558	1	7,7	0	0	12	92,3	0	0
Y/M/G	1559	0	0	0	0	6	54,5	5	45,5
Y/M/G	1560	2	28,6	0	0	5	71,4	0	0
Y/M/G	1561	0	0	0	0	5	83,3	1	16,7
Y/M/G	1562	7	70	0	0	3	30	0	0
M/K/H	1563	0	0	1	10	8	80	1	10
M/K/H	1564	0	0	1	10	9	90	0	0
M/K/H	1565	0	0	2	66,7	1	33,3	0	0
M/K/H	1566	1	20	0	0	4	80	0	0
M/M/Y	1567	1	33,3	0	0	2	66,7	0	0
M/M/H	1568	1	20	0	0	4	80	0	0
M/M/H	1569	4	57,1	1	14,3	2	28,6	0	0
M/M/Y	1570	6	75	0	0	2	25	0	0
E/K/G	1571	0	0	2	11,8	15	88,2	0	0
E/K/G	1572	0	0	0	0	6	100	0	0
E/K/H	1573	0	0	0	0	7	100	0	0
E/K/G	1574	0	0	1	16,7	5	83,3	0	0
E/M/H	1575	0	0	0	0	19	100	0	0
E/M/M	1576	1	12,5	0	0	7	87,5	0	0
E/M/Y	1577	0	0	0	0	15	100	0	0
E/M/G	1578	0	0	0	0	4	100	0	0

Variabel 8: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell ar-klasse:

		Variabel 8: Hankj. ub. pl. ar-klassen							
		ær		ar		er		år	
Alder/kjønn/utdan.	Informantnr.	N	%	N	%	N	%	N	%
Y/K/G	1555	18	85,7	3	14,3	0	0	0	0
Y/K/G	1556	9	81,8	2	18,2	0	0	0	0
Y/K/G	1557	11	91,7	0	0	0	0	1	8,3
Y/K/G	1558	19	100	0	0	0	0	0	0
Y/M/G	1559	32	74,4	4	9,3	6	14	1	2,3
Y/M/G	1560	19	65,5	4	13,8	5	17,2	1	3,4
Y/M/G	1561	14	73,7	1	5,3	2	10,5	2	10,5
Y/M/G	1562	6	21,4	3	10,7	19	67,9	0	0
M/K/H	1563	10	31,2	20	62,5	2	6,2	0	0
M/K/H	1564	14	77,8	3	16,7	0	0	1	5,6
M/K/H	1565	11	73,3	2	13,3	2	13,3	0	0
M/K/H	1566	14	70	1	5	5	25	0	0
M/M/Y	1567	15	75	1	5	2	10	2	10
M/M/H	1568	5	35,7	9	64,3	0	0	0	0
M/M/H	1569	10	45,5	12	54,5	0	0	0	0
M/M/Y	1570	12	60	6	30	2	10	0	0
E/K/G	1571	2	15,4	11	84,6	0	0	0	0
E/K/G	1572	2	13,3	13	86,7	0	0	0	0
E/K/H	1573	28	71,8	3	7,7	8	20,5	0	0
E/K/G	1574	2	10	18	90	0	0	0	0
E/M/H	1575	24	55,8	18	41,9	0	0	1	2,3
E/M/M	1576	24	88,9	2	7,4	1	3,7	0	0
E/M/Y	1577	7	25,9	19	70,4	0	0	1	3,7
E/M/G	1578	5	35,7	9	64,3	0	0	0	0

Variabel 9: Hankjønn ubunden form fleirtal av tradisjonell er-klasse.

		Variabel 9: hankj.ubundf.pl er-kl..					
		ær		er		år	
Alder/kjønn/utdan.	Inform.nr.	N	%	N	%	N	%
Y/K/G	1555	2	100	0	0	0	0
Y/K/G	1556	3	75	0	0	1	25
Y/K/G	1557	2	50	0	0	2	50
Y/K/G	1558	8	88,9	1	11,1	0	0
Y/M/G	1559	5	83,3	1	16,7	0	0
Y/M/G	1560	6	100	0	0	0	0
Y/M/G	1561	3	42,9	0	0	4	57,1
Y/M/G	1562	3	42,9	4	57,1	0	0
M/K/H	1563	2	100	0	0	0	0
M/K/H	1564	5	100	0	0	0	0
M/K/H	1565	3	100	0	0	0	0
M/K/H	1566	3	27,3	8	72,7	0	0
M/M/Y	1567	0	0	1	100	0	0
M/M/H	1568	0	0	0	0	0	0
M/M/H	1569	0	0	0	0	1	100
M/M/Y	1570	4	80	0	0	1	20
E/K/G	1571	0	0	0	0	0	0
E/K/G	1572	1	100	0	0	0	0
E/K/H	1573	0	0	0	0	0	0
E/K/G	1574	3	100	0	0	0	0
E/M/H	1575	4	100	0	0	0	0
E/M/M	1576	4	100	0	0	0	0
E/M/Y	1577	0	0	0	0	0	0
E/M/G	1578	1	100	0	0	0	0



Variabel 10: Hankjønn bunden form fleirtal av ar-lassen

		Variabel 10: Hankj.bunden form pl. av ar-kl.			
		ene		ane	
Alder/kjønn/utdan.	Inform.nr	N	%	N	%
Y/K/G	1555	4	100	0	0
Y/K/G	1556	3	100	0	0
Y/K/G	1557	7	100	0	0
Y/K/G	1558	12	100	0	0
Y/M/G	1559	5	71,4	2	28,6
Y/M/G	1560	4	100	0	0
Y/M/G	1561	2	100	0	0
Y/M/G	1562	7	77,8	2	22,2
M/K/H	1563	1	12,5	7	87,5
M/K/H	1564	0	0	8	100
M/K/H	1565	0	0	3	100
M/K/H	1566	1	16,7	5	83,3
M/M/Y	1567	3	37,5	5	62,5
M/M/H	1568	2	22,2	7	77,8
M/M/H	1569	2	22,2	7	77,8
M/M/Y	1570	2	15,4	11	84,6
E/K/G	1571	2	15,4	11	84,6
E/K/G	1572	0	0	9	100
E/K/H	1573	10	100	0	0
E/K/G	1574	2	14,3	12	85,7
E/M/H	1575	3	23,1	10	76,9
E/M/M	1576	4	66,7	2	33,3
E/M/Y	1577	2	10	18	90
E/M/G	1578	2	25	6	75